

**"Ein sluttar ikkje å leite etter ein ny sti, sjølv når ein har gått  
seg vill i ein stor, skummel skog"**

Einslege mindreårige flyktningar og deira strategiar i navigering mot ei ny tilvære i

Noreg

Martika Irene Brook



Masteroppgåve

Masterprogram i helsefremjande arbeid og helsepsykologi

Det psykologiske fakultet

HEMIL-senteret

Universitetet i Bergen

Vår 2018

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## **Forord**

Idéen til masteroppgåva hadde fyrst og fremst sitt utspring i mi interesse for psykisk helsearbeid. Etter å ha arbeida nokre år innan dette feltet, byrja eg å undre på kva som var årsaka til at nokre mennesker, trass opplevingar med motgang, såg ut til å greie seg relativt bra. Då eg vart presentert for ”Refugee Resilience Project” ved Universitetet i Bergen, HEMIL-senteret, vart difor val av tema enkelt.

To år som masterstudent er no over. Når innlevering nærmar seg, ser eg tilbake på ei tid der eg har lært mykje, både fagleg og personleg. Det er fleire som fortener ein takk. Eg vil særleg takke rettleiaren min ved HEMIL-senteret, Fungisai Puleng Gwanzura Ottemöller, for svært god oppfølging, inspirasjon og rettleiing. Dette har gjort at eg heile vegen har hatt progresjon i arbeidet mitt, og til slutt har klart å produsere ei heil masteroppgåve. Eg vil også takke forskarane tilknytt ”Refugee Resilience Project”, ved Universitetet i Bergen, for all hjelp og støtte. Vidare ynsker eg å takke familie og venner for korrekturlesing og god støtte gjennom prosessen. Sist men ikkje minst ynsker eg å takke deltakarane i studien.

Martika Irene Brook

Bergen, 2018-05-15

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

**Innhald**

<b>Forord</b> .....	I
<b>Abstrakt</b> .....	V
<b>Abstract</b> .....	V
<b>Kapittel 1: Innleiing</b> .....	1
1.1 Bakgrunn og formål for studien .....	1
1.1.1 Kvifor flyktar dei? .....	2
1.1.2 Opphald i Noreg .....	3
1.2 Ei helsefremjande og ressursbasert tilnærming til studien av einslege mindreårige jenter.....	4
1.3 Disposisjon .....	5
<b>Kapittel 2: Teoretisk forståingsramme</b> .....	6
2.1 Resiliens .....	6
2.1.1 Resiliens innan eit sosio-økologisk rammeverk .....	6
2.1.2 Risiko og beskyttande faktorar .....	7
2.2 Akkulturasjon .....	8
2.2.1 Akkulturasjonsrammeverk .....	8
2.2.2 Akkulturasjonsstrategi .....	10
<b>Kapittel 3: Litteraturgjennomgang</b> .....	13
3.1 Søkestrategi .....	13
3.2 Tidlegare forsking på feltet .....	14
3.2.1 Ressursar og meistringsstrategiar .....	15
3.2.1.1 Fokus på framtid .....	15
3.2.1.2 Utdanning og språk .....	15
3.2.1.3 Identitet .....	16
3.2.1.4 Sjølvstende .....	17
3.2.1.5 Religion .....	17
3.2.1.6 Sosial støtte .....	17
3.3 Oppsummering av funn .....	18
3.4 Forskingsspørsmål .....	18
<b>Kapittel 4: Metode</b> .....	20
4.1 Plassering av eiga oppgåve .....	20
4.2 Kunnskapssyn, vitskap-filosofisk forankring .....	21
4.3 Datainnsamling .....	21

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

4.3.1 Utval, utvalskriterium og rekruttering .....	21
4.3.2 Narrativt intervju .....	23
4.3.2.1 Intervjuguide .....	25
4.3.2.2 Førebuing og gjennomføring av intervjeta .....	26
4.4 Bearbeiding og analyse av datamaterialet .....	29
4.4.1 Transkribering .....	29
4.4.2 Analyse .....	30
4.4.2.1 Tematisk nettverksanalyse .....	31
4.5 Kvalitetssikring av data .....	34
4.5.1 Truverdigheit .....	35
4.5.2 Bekreftbarheit .....	36
4.5.3 Overførbarheit .....	36
4.5.4 Egen posisjon og før-forståing .....	37
4.6 Etiske og metodiske omsyn og refleksjonar .....	38
<b>Kapittel 5: Presentasjon av funn .....</b>	<b>41</b>
5.1 Introduksjon .....	41
5.2 Presentasjon av deltakarar .....	41
5.3 Eit nytt liv i Noreg .....	43
5.3.1 Pre-migrasjon og migrasjonsfase: Ressursar og meistringsstrategiar .....	43
5.3.1.1 Årsak til flukt: "Eg må reisa til ein betre stad" .....	43
5.3.1.2 Viktige nøkkelpersonar: "Det var dei som hjelpte oss" .....	44
5.3.1.2 Spirituell støtte: "Gud er her for meg" .....	46
5.3.2 Post- migrasjon: Tilpassing til det nye livet i Noreg .....	47
5.3.2.1 Språk: "Språk er nøkkelen til livet" .....	47
5.3.2.1 Etablering av sosiale nettverk: "Eg må ha vener" .....	50
5.3.2.3 Trygge omsorgsløysingar: "Du treng ein familie her" .....	52
5.3.2.4 Hjelp gjennom utdanning og skule: "Eg må jobba mykje, og hardt" ..	54
5.3.2.5 Å transformere motgang til styrkje: "Eg er sterkt" .....	55
5.3.2.6 Fokus på framtid: "Ein må sjå framover, ikkje bak" .....	56
5.4 Oppsummering .....	57
<b>Kapittel 6: Drøfting .....</b>	<b>58</b>
6.1 Pre- migrasjon og migrasjonsfasen: Ressursar og meistringsstrategiar .....	58
6.1.1 Årsak til flukt: "Eg må reisa til ein betre stad" .....	58
6.1.2 Flykta og nøkkelpersonar: "Det var dei som hjalp oss" .....	59

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

6.1.3 Spirituell støtte: "Gud er her for meg" .....	61
6.2 Post- migrasjon: Tilpassing til det nye livet i Noreg.....	61
6.2.1 Språket: "Språket er nøkkelen til livet" .....	61
6.2.2 Etablering av sosiale nettverk: "Eg må ha vener", og tillit til andre: "Ein må stole på folk".....	62
6.2.3 Trygge omsorgsløysingar: "Du treng ein familie her" .....	63
6.2.4 Fokus på framtid: "Ein må sjå framover, ikkje bak", og hjelp gjennom utdanning og skule: "Eg må jobba mykje og hardt" .....	65
6.2.5 Å transformere motgang til styrke: "Eg er sterkt" .....	66
6.3 Eit nytt liv i Noreg.....	67
6.3.1 Akkulturasjonsprosess .....	67
6.3.2 Sosiokulturell og psykologisk tilpassing .....	71
6.3.3 Å navigera mot resiliens .....	72
<b>Kapittel 7: Avslutning.....</b>	<b>75</b>
7.1 Oppsummering av hovudfunn og konklusjon .....	75
7.2 Studien sine avgrensingar .....	76
7.3 Implikasjonar for helsefremjande arbeid.....	77
7.4 Vegen vidare .....	78
<b>Litteratur .....</b>	<b>81</b>
<b>Vedlegg 1</b>	
<b>Vedlegg 2</b>	
<b>Vedlegg 3</b>	

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## Abstrakt

Den siste tida har rekordmange einslege mindreårige flyktingar vorte busett i Noreg. Det er sparsamt med forsking om desse menneska, særleg jentene. Der forsking er tilgjengeleg, er fokuset hovudsakleg retta mot psykososiale utfordringar i vertssamfunnet, og det vert etterlyst studiar som òg nyttar eit ressursperspektiv. Studien byggjer på eit slikt ressursperspektiv, og målet var å få ei auka forståing for kva einslege mindreårige jenter som er flyktingar sjølv opplever at fremjar ei positiv tilpassing til ei ny tilvære i Noreg. Forskingsspørsmåla er som følgjer: 1. *Korleis meistrar einslege mindreårige jenter å flykte til og tilpasse seg eit nytt liv i Noreg*, og 2. *korleis opplever dei den nye tilværa?* I studien er det nytta ein kvalitativ metode med fenomenologisk tilnærming. Datamaterialet vart samla inn ved bruk av djupneintervju med narrativt fokus. Deltakarane var seks jenter/kvinner i aldersgruppa 15 – 20 år, som kom til Noreg som einslege mindreårige. Deltakarane opplevde å vere positivt tilpassa det nye livet i Noreg, basert på akademisk suksess, sosial suksess, språkmeistring, og opplevd tilfredsheit. Ei rekkje ressursar og meistringsstrategiar vart identifisert som viktige for slik tilpassing: Motivasjon for migrasjon, viktige nøkkelpersonar, spirituell støtte, språk, sosial støtte, trygge omsorgsløysingar, utdanning, evne til å transformera motgang til styrke, og fokus på framtid.

**Nøkkelord:** Einslege mindreårige flyktingar, jenter, ressursar, meistringsstrategiar, resiliens, akkulturasjon, positiv tilpassing.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## Abstract

In recent times, record numbers of unaccompanied, refugee minors have settled in Norway. Research on these individuals, especially in the area of unaccompanied girls is sparse. Where research is available, the focus is primarily on psychosocial challenges in the host society, and studies carried out from a resource perspective are sought after. The study is based on a resource perspective, and the goal is to gain an insight into what these girls themselves experience as conducive to positive adaption to their new lives in Norway. The research questions are as follows: *1. How do unaccompanied refugee girls manage the transition, and adaption to a new life in Norway, and 2. How do they experience this new existence?* This qualitative study used a phenomenological approach. The data was collected by conducting in-depth interviews with a narrative focus. The participants were six girls/young women aged between 15 and 20 years, who came to Norway as unaccompanied refugee minors. Participants in this study found that they were well adapted to their new lives in Norway, based on academic, social and linguistic success. A number of resources and coping techniques were identified as important for such an outcome. These were: motivation for migration, key people, spiritual support, comprehension of the Norwegian language, safe care solutions, education, ability to transform resistance to strength, and to focus on the future.

**Keywords:** Unaccompanied refugee minors, girls, resources, coping strategies, resilience, acculturation, positive integration.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## Kapittel 1: Innleiing

### 1.1 Bakgrunn og formål for studien

I følgje FN-s høgkommissær for flyktningar (UNHCR, 2016) søkte 98 400 barn og unge om asyl som einslege mindreårige på verdsbasis i 2015. Dette var det høgaste talet registrert nokon sinne (Statistisk sentralbyrå, 2017). Fleirtalet flyktar frå Afghanistan, Eritrea, Syria, Somalia og Marokko; land prega av grove brot på menneskerettar, konfliktar og krig (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2017; UNICEF, 2016). Den siste tida har også rekordmange einslege mindreårige vorte busett i Noreg. Ved inngangen til 2017 budde eksempelvis nesten 8300 menneske i Noreg, som i perioden 1996 til i dag har fått vedtak om opphold som einslege mindreårige flyktningar. 25 prosent av desse har blitt busett i løpet av dei to siste åra (Dalgard, 2017).

Asyl inneber konkret at ein får rett til opphold og vern (Utlendingsnemnda, 2018). I Noreg vert det gitt asyl til flyktningar, samt andre som risikerer straff, tortur, eller annan umenneskeleg eller nedverdigande behandling ved retur (FN-sambandet, 2018). Dersom ein ikkje har rett til asyl, men sterke menneskelege omsyn eller ei særleg tilknyting til Noreg tilseier det, kan ein likevel få rett til opphold på humanitært grunnlag (Utlendingsnemnda, 2008; 2018). Omsorg for einslege mindreårige flyktningar er eit tema som vekkjer debatt og engasjement, både folkeleg og politisk. Likevel er det er i dag sparsamt med forsking på denne gruppa, og særleg einslege mindreårige jenter. Fleirtalet av barn som flyktar åleine er nemleg gutter (Oppedal, Seglem & Jensen, 2009). Dette har ført til at dei få forskningsprosjekta som er tilgjengelege, hovudsakleg inkluderer gutter i utvalet. Dersom jenter vert inkludert, representerer dei typisk ein lav prosentdel. Mangel på einslege mindreårige jenter sine historier og perspektiv er difor eit betydeleg ”gap” i forskinga.

Vidare retter forskinga hovudsakeleg fokus mot psykiske helseplagar, traumar, og psykososiale stressorar i vertssamfunnet (Wernesjö, 2012). Wernesjö (2012) hevdar at einslege mindreårige sine agens og ressursar ikkje vert tilstrekkeleg veklagde, til fordel for eit fokus på sårbarheit og psykiske helseplagar. Med eit slikt fokus står ein i fare for å patologisere ei heil gruppe menneske, og å konstruere ei forståing av gruppa som ein avvikande kategori eller passive ofre (Wernesjö, 2012). Sjølv om ein har sett ein høg prevalens av psykiske helseplagar blant gruppa, gjelder ikkje dette nødvendigvis alle. Det er i dag nemleg ein allmenn observasjon at omlag annakvart

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

barn som vert utsett for vanskelege oppvekstkår, ser ut til å greie seg bra i livet – trass eksponering for risiko (Borge, 2010). Eit avgrensa tal nyare studiar viser funn der einslege mindreårige flyktningar faktisk har god psykologisk funksjon og tilpassing (Hessle, 2009; Oppdedal & Idsøe, 2015; Oppedal, Jensen, Seglem & Haukeland, 2011; Seglem, Oppedal & Roysamb, 2014). Sjølv om individua har vorte utsett for mange alvorlege risikofaktorar, er det samstundes viktig å merke seg at dei utgjer ei heterogen gruppe med forskjellige erfaringar og individuelle ressursar (Bengtson & Ruud, 2012). Ved å utelukkande fokusera på individua som sårbare, kan ein risikere å oversjå at gruppa òg ser ut til å omfatte svært ressurssterke, unge menneske som har klart seg på eiga hand over lengre tid (Eide, 2012).

Fleire har difor anerkjend eit behov for studiar som nyttar eit ressursperspektiv overfor desse individua (Bronstein, Montgomery & Dobrowolski, 2012; Bronstein, Montgomery & Ott, 2013; Hodes, Jagdev, Chandra & Cunniff, 2008; Sleijpen, Mooren, Kleber & Boeije, 2017; Thommessen, Laghi, Cerrone, Baicco & Todd, 2013). Eit slikt perspektiv vil truleg gje ei auka forståing for kva som fremjar ei positiv tilpassing – noko som truleg vil vere nyttig for å forstå korleis ein vidare kan leggje til rette for og understøtte positiv tilpassing og god utvikling for gruppa. Eg har i denne studien difor vald å byggje på eit helsefremjande perspektiv, og vil ta ei ressursbasert tilnærming med resiliens og akkulturasjon som analytisk blikk. Grunna ”gapet” i forskinga, ser eg det som særleg viktig at einslege mindreårige jenter si stemme vert høyrt. Hensikta med denne studien er difor å forstå kva desse jentene sjølv opplever at fremjar ei positiv tilpassing til ei ny tilvære i Noreg.

## **1.1.1 Kvifor flyktar dei?**

Det kan vere mange og samansette årsakar til at einslege mindreårige flyktar frå heimlanda utan føresette. Ofte kan det vere lett å trekke generelle slutningar om bakgrunnen deira, ettersom dei fleste flyktar frå område prega av krig, konflikt, fattigdom og naud. For mange vil dette likevel ikkje vere den direkte årsaka til at dei flyktar (Øien, 2010). Ofte vil det dreie seg om ein kombinasjon av samfunnsmessige årsaksforhold på eit makronivå, og personlege og familiære årsaksforhold på eit mikronivå (Øien, 2010). Samfunnsmessige prosessar som bidreg til migrasjon, kan omhandle fattigdom, krig og konfliktar som fører til at menneske ikkje har noko framtidsutsikt i heimlandet sitt. Dei individuelle prosessane på mikronivå kan omhandla familien eller den mindreårige sitt eige ynske om å migrere for å skape betre

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

framtdsutsikter (Eide, 2012; Øien, 2010). Uavhengig av årsaksforhold, migrerer *alle* einslege mindreårige som følgje av ein global ulikskap som avgrensar moglegheiter for framtida (Engebrigtsen, 2002).

Det er oftast føresette eller andre omsorgspersonar som har kome fram til slutninga om at det vil vere til barnet sitt beste å leggje på flukt (Øien, 2010). Ofte vil ei vurdering kring kven som har størst sjanse for å greie seg, og ha størst moglegheit for arbeid og utdanning, leggjast til grunn når familiar bestemmer seg for å sende ut eit barn. Dei fleste som flyktar åleine er som nemnd guitar. Dette kan skyldast idéar knytt til kjønnsroller. Til dømes vert guitar i mange kulturar sett på som meir ”i stand” til å reise åleine, samt finne arbeid, enn jenter (Bhabha & Crock, 2007; Øien, 2010). Det kan òg sjå ut til at guitar oftare har vore direkte involvert i konfliktsituasjonar knytt til migrasjonsutløysande forhold på makronivå. Eksempelvis verneplikt og deltaking i væpna konfliktar (Øien, 2010). På den andre sida flyktar jenter oftare grunna årsaksforhold på eit mikronivå, som frykt for barneekteskap, og/eller seksuelt misbruk (Øien, 2010). På verdsbasis vert eksempelvis om lag 12 millionar jenter årleg gifta vekk før fylte 18 år. I subsaharisk Afrika er dette talet særleg høgt, der så mange som 4 av 10 unge jenter vert gifta bort før fylte 18 år (Unicef, 2018). Fattigdom og mangel på alternativ kan vere viktige årsaker (Sandøy & Mæstad, 2016).

## 1.1.2 Opphald i Noreg

Omtala av einslege mindreårige som *asylsøkjarar* vert nytta om barn og ungdom som søker asyl i Noreg, utan å ha følgje av føresette eller andre med forsørgjaransvar, og som oppgjer å vere under 18 år ved søkeridspunktet. Dersom desse barna får innvilga opphaldstillating etter søknad om asyl, vert dei vidare omtala som einslege mindreårige *flyktningar* (Barne-, og likestillings- og integreringsdepartementet, 2011). I denne studien vil eg nytte omtalen ”einslege mindreårige” når det er snakk om einslege mindreårige flyktningar.

Dei fleste einslege mindreårige som er under 15 år, får godkjend søknad om asyl i Noreg. Ein har samstundes sett ein kraftig nedgang i andelen over 15 år som får godkjend søknadane sine (Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet, 2017). Dette er truleg eit resultat av ei rekke innstrammingar i asylpolitikken som følgje av det høge talet søkerar i 2015 (Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet, 2017). Det er Utlendingsdirektoratet (UDI) som tek i mot og behandler asylsøknadar, og som har ansvaret for asylsøkarar i Noreg. Ansvaret for dei som er under 16 år ved

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

søketidspunkt, fell under det statlige barnevern (Barne-, ungdoms- og familieetaten, 2009), medan ansvaret for dei mellom 15-18 år, fell under integrerings- og mangfaldsdirektorater (IMDi) (Integrering og mangfaldsdirektoratet, 2018). Einslege mindreårige som får godkjend opphold vert busett i ein kommune, og det er opp til den enkelte kommune korleis busetjingsarbeidet skal organiserast. For barn som er under 15 år er fosterheim ei vanleg løysing, og for dei over 15 år er bufellesskap vanleg. Bufellesskap er eit hus eller ei leilegheit der to til ti ungdomar kan busetjast saman (Svendsen, Thorshaug & Berg, 2010). Desse bufellesskapa er ofte bemanna, anten fulltid eller ved behov. Dei som er over 15 år og som har evne og ynske om å greie seg sjølv, kan òg busetjast i eigne hyblar (Integrering og mangfaldsdirektoratet, 2018).

## **1.2 Ei helsefremjande og ressursbasert tilnærming til studien av einslege mindreårige jenter**

Det helsefremjande perspektivet som denne studien byggjer på, vil ha ei ressursbasert tilnærming med fokus på resiliens og akkulturasjon. Eit slikt perspektiv legg vekt på individ på ein annan måte enn det tradisjonelle ”risiko- eller mangelperspektivet”, som ofte vert nytta både i barnevern, helsearbeid og forsking. I staden for å sjå etter problem, forsøkjer ein med dette perspektivet å fokusera på individua sine kapasitetar, ressursar, kompetanse, moglegheiter, visjonar, verdiar og håp, men utan å ignorera realiteten og utfordringane dei møter (Saleebey, 1996; Ungar, 2005a, 2005b, 2012). I denne studien er eit slikt perspektiv særleg nyttig, fordi tidlegare forsking hovudsakleg har hatt eit risiko- eller mangelperspektiv.

Den fyrste internasjonale konferansen for helsefremjande arbeid fann stad i 1986 i Ottawa i Canada. Konferansen la eit grunnlag for å forstå kva helsefremjande arbeid er, og definerte det som: ”Den prosess som gjer menneske i stand til å betre bevare si helse” (WHO, 1986, fritt oversett). Helse vert sett på som ein ressurs, då ein for å oppnå det må realisere og tilfredsstille behov, samt forandre eller takle omgivnaden (WHO, 1986). Ottawa- Charteret (WHO, 1986) beskriv dei fundamentale føresetnadane for helse som fred, bustad, utdanning, mat, inntekt, stabilt økosystem, bærekraftige ressursar, sosial rettferd og likeverd. Helsefremjande arbeid vert gjerne sett som ein ideologi og strategi (Green & Tones, 2010). Arbeidet er kjenneteikna av at det vert skapa moglegheiter for at individ og samfunn kan få auka kontroll over slike faktorar som er avgjerande for helsa, og gjennom dette få auka kontroll over den, og dermed forbetre den (Wold & Samdal, 2012).

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Ottawa- charteret definerer fem hovudstrategiar som er relevante for det helsefremjande arbeidet: Byggje opp ein sunn helsepolitikk, skape støttande miljø, styrke lokalmiljøet sine moglegheiter for handling, utvikle personlege ferdigheiter og orientere helsetenesta i ein meir helsefremjande retning (WHO, 1986; 2009). Det helsefremjande arbeidet byggjer slik på ei sosio-økologisk forståing, og anerkjenner at mange bakenforliggjande faktorar for helse ligg utanfor den enkelte sin kontroll (Green & Tones, 2010; Ottawa-charterer, 1986). Tilrettelegging i alle sektorar og nivå av samfunnet er difor eit sentralt prinsipp i arbeidet for å skape moglegheiter for å fremje helse. Dermed er ikkje betring av folkehelse berre eit individuelt ansvar, men òg i stor grad eit kollektivt og politisk ansvar (Wold, & Samdal, 2012).

## 1.3 Disposisjon

Oppgåva består av sju delar. Til no har eg gitt ei utgreiing for temaet og føremålet med studien. Følgjande vil eg gjere greie for teoriar som vert nytta i diskusjonen. Eg vil så gjennomgå tidlegare, relevant forsking for å vise kva som har vorte studert før. Basert på dette, vil eg presentere problemstillinga for oppgåva. Vidare følgjer ein gjennomgang av det metodiske rammeverket, før eg presenterer resultata frå den gjennomførte analysen. Deretter vil eg diskutera resultata opp mot både teori og tidlegare forsking. Avslutningsvis vil eg avrunda med ei oppsummering og ein konklusjon av dei viktigaste funna for studien.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## Kapittel 2: Teoretisk forståingsramme

Eg vil i dette kapittelet presentera det teoretiske rammeverket for studien. Eg vil først gjere greie for temaa resiliens, resiliens innan eit sosio-økologisk rammeverk, og risiko og beskyttande faktorar. Deretter vil eg gjera greie for temaet akkulturasjon, og vil følgjeleg ta for meg Berry (1997) sitt akkulturasjonsrammeverk og akkulturasjonsstrategiar.

### 2.1 Resiliens

Resiliens er eit velkjend omgrep innan sosial vitskap, og vert omtala som ei motstandskraft mot miljøskapte risikoopplevelingar (Rutter, 2000). Einslege mindreårige har ofte opplevd krig og katastrofar, og har dermed vore utsett for risiko av diverse slag. Trass dette visar som nemnd mange av desse individua til god psykologisk funksjon og tilpassing. Resiliensforsking forsøkjer å identifisere kva som bidreg til slike utfall, ved å mellom anna kartleggje beskyttande faktorar i individ og miljøet kring individet (Borge, 2010; Southwick, Bonanno, Masten, Panter-Brick & Yehuda, 2014; Ungar, 2013). Innsikt i slike beskyttande faktorar vil tenkjeleg vere særleg relevant for min studie, då eg ynsker å undersøke korleis einslege mindreårige jenter meistrar flykta til, og tilpassinga til ei ny tilvære i Noreg. Dessutan vil slik innsikt truleg også vere viktig for å forstå korleis ein vidare kan leggje til rette for, og understøtte positiv tilpassing for desse individua (Borge, 2010).

**2.1.1 Resiliens innan eit sosio-økologisk rammeverk.** Omgrepet resiliens byrja å gjere seg synleg i psykologisk vitskap på 1980-talet, og vart sett på som ein eigenskap ved individ. Ungar (2008, 2011, 2012) stiller seg kritisk til ein slik personleggjering av omgrepet, og talar for at det gjer ei mangefull forståing av eit komplekst fenomen, og kan ha uheldige følgjer ved at ein eksempelvis betraktar resiliens som noko uforanderleg og stabilt. Kvello (2015) hevdar at nokre individ er resiliente ovanfor visse formar for belastningar, berre i periodar i livet. Barn kan dessutan opptre resiliente ved eksponering for enkelte påkjennningar i miljøet, og ikkje andre (Borge, 2010). Førde (2014) skriv at dersom problema vert mange og store nok, og varar over lengre tid, vil eit barn vanskeleg unngå å ta skade av dette – uansett kor motstandsdyktig det er. Ein kan med andre ord ikkje anta at det eksisterer menneske som alltid og uansett vil vere resiliente. Eit slikt syn fritar dessutan miljøet på alle punkt, og set individet ansvarleg for ei eventuell avvikande tilpassing (Borge, 2010).

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Ungar (2008) meiner resiliens er individ sin kapasitet til å navigere seg fram mot psykologiske, sosiale, kulturelle og fysiske ressursar som understøtter deira trivsel, samt den enkelte og kollektivet sin kapasitet til å forhandle om desse ressursane, som både skal vere tilgjengelige og verte opplevd på ein kulturelt meiningsfull måte. Ungar (2008) argumenterer slik for at resiliens i staden er eit resultat av eit sett med økologiske faktorar som til saman utgjer ei positiv menneskeleg tilpassing. Han talar dermed for at ein må forstå resiliens innan eit *sosio-økologisk rammeverk*, der både individuelle og kontekstuelle faktorar vert tekne i betraktnsing (Ungar, 2012). Dette er i tråd med fleire anerkjende forskrarar, som òg ser på resiliens som ein prosess som vert påverka av faktorar, både i og utanfor individet (Borge, 2010; Fergus & Zimmerman, 2005; Fleming & Ledogar, 2008; Luthar, 2003; Luthar, Cicchetti & Becker, 2000; Rutter, 2012; Southwick et al. 2014; Ungar, 2003; Zimmerman, 2013).

Omgrepet *kultur* vert i denne oppgåva nytta om kjenneteikn ved grupper med same bakgrunn og opphav (Taras, Rowney & Steel, 2013). Sosio-økologiske rammeverk er ikkje kulturelt nøytrale; menneske er del av ein global sosial økologi, med ein dominerande kultur som fremjar verdiar, trussystem, og praksis. Dette påverkar indikasjonar på kva resiliens inneber, og ”portane” til resiliens er slik ulike i forskjellige kulturar (Førde, 2014; Theron, Lieberg & Ungar, 2015). Likevel har forsking som omhandlar resiliens stort sett sitt utspring frå vesten, og det er lite forsking som undersøkjer kva resiliens inneber for individ med ikkje-vestleg bakgrunn (Ungar, 2008). Dette er problematisk, då erfaringar frå ein kultur ikkje utan vidare kan overførast til ein annan (Borge, 2007, 2010; Luthar & Zelazo, 2003; Tetzchner, 2012). Førde (2014) talar for at det difor bør vere individ si eiga subjektive oppleving som vert retningsgivande for å forstå kva resiliens inneber for den enkelte (Førde, 2014).

**2.1.2 Risiko og beskyttande faktorar.** Olsen og Traavik (2010) hevdar at risiko og resiliens er uløyseleg bunde saman: For at ein skal kunne tale for at eit barn har hatt ei resilient utvikling, er det ein føresetnad at individet òg har vore utsett for situasjonar som inneber risiko for å utvikle mentale helseproblem. I følgje Rutter (1985) er risikofaktorar alle stressfulle hendingar som kan leia til negativt utfall. Korvidt risiko leiar til problem, avheng av korleis individet oppfattar det (Borge, 2010). Eksempelvis kan eit barn sin status som flyktning verte forstått som ei utmerka moglegheit til å få eit betre liv, eller det kan verte forstått som eit brot i relasjonar, og/eller ei trygg tilvære og tilknyting til miljø eit barn er født i. Risiko må difor knytast

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

til korleis individ fortolkar og møter omgivnadane (Borge, 2010).

Tidleg i resiliensforskinga var ein særleg oppteken av å kartleggje risikofaktorar knytt til resiliens. Nyare forsking er derimot meir oppteken av å forstå resiliensprosessar der individ drar nytte av diverse beskyttande faktorar (Borge, 2010; Rutter, 1990). Fergus og Zimmerman (2005) skil mellom *styrkjer* og *ressursar*, der styrkjer vert sett på som positive faktorar knytt til trekk ved individ, som diverse meistringsstrategiar, gode kommunikasjonsferdigheter, problemløysande ferdigheter, samt evne til å kjenne att og søkje etter støttande omsorgspersonar. Ressursar refererer på den andre sida til faktorar utanfor individ, eksempelvis støttande nettverk og utdanningsmogleheter (Luthar, Cicchetti & Becker, 2000). Slike faktorar kan moderere/fjerne effekten av risikoeksponering slik at individet meistrer situasjonen på ein meir vellykka måte enn om beskyttande faktorar ikkje var til stades (Borge, 2010; Rutter; 1990).

## 2.2 Akkulturasjon


Akkulturasjon er ei nemning for endringar som oppstår når individ og grupper med ulik kulturbakgrunn kjem i kontakt med kvarandre (Berry, 1997). I ljós av oppgåva vil ein slik prosess byrje når einslege mindreårige jenter kjem i kontakt med den nye, norske kulturen. I eit slikt møte vil dei måtte lære å tilpasse seg ein ny kultur, samstundes som at dei har med seg ein kulturell bagasje frå heimlandet som dei òg må ta omsyn til (Sam & Oppedal, 2003).

**2.2.1 Akkulturasjonsrammeverk.** Akkulturasjon er eit komplekst fenomen som inneholder mange komponentar. Fyrst og fremst involverer fenomenet kontakt mellom ulike kulturelle grupper, og deira individuelle medlemmar. Denne kontakta leier til kulturelle og psykologiske endringar, som til slutt leier til forskjellige formar for tilpassing (Berry & Sam, 2016). Redfield, Linton og Herskovits (1936, s. 149) definerer akkulturasjon på følgjande måte: ”Dei fenomen som oppstår når grupper av individ med forskjellig kulturbakgrunn kjem i kontakt med kvarandre, med påfølgjande endringar i opphavlege kulturmønster, i ei eller begge grupper” (eigen omsetjing). Definisjonen vert i litteraturen omtalt som den klassiske, og vektlegg akkulturasjon som eit gruppefenomen. Graves (1967) introduserte vidare omgrepet psykologisk akkulturasjon, som på den andre sida fokuserer på endringar som tek plass på eit individnivå. Slik kan ein tale om akkulturasjon, både på eit individ- og

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

gruppenivå. Berry, Dasen, Poortinga og Segall (2002) hevdar at det er naudsynt å sjå samanhengen mellom desse to nivåa for å forstå tilpassing til ein ny kultur.

Eit rammeverk som identifiserer og knyt desse to nivåa saman er presentert i rammeverket under (Figur 1.).



Figur 1. Berry (1997) sitt akkulturasjonsrammeverk, modifisert av Fandrem (2011).  
Henta frå: Fandrem (2011, s 54).

Rammeverket viser korleis faktorar på eit individ- og gruppenivå saman skapar ein akkulturasjonsprosess, og illustrerer utviklinga frå den innleiande erfaringa med akkulturasjonsprosessen og fram til ei endeleg tilpassing (Berry, 1997; Berry & Sam, 2016). På eit gruppenivå omhandlar dette endringar som tek plass i dei sosiale kontekstane, involvert gjennom akkulturasjonsprosessen (Berry, 1997; Berry & Sam, 2016). Det kan omhandle endringar i sosial struktur, økonomisk grunnlag eller politisk organisering (Berry, Kim, Minde & Mok, 1987). På eit *individnivå* er akkulturasjon psykologiske endringar som oppstår hjå individ som følgje av møtet med ein ny kultur. Det kan vere endringar i åferd og/eller indre karakteristikkar (Berry et al., 1987). Rammeverket tek på dette nivået òg for seg modererande faktorar før og etter akkulturasjon, som kan verke som både risiko og beskyttande faktorar (Berry, 1997; Berry & Sam, 2016).

Midtre del av rammeverket tek for seg den *psykologiske akkulturasjonsprosessen* (Berry, 1997; Fandrem, 2011). Prosessen omfattar erfaringane den enkelte får av å måtte ta omsyn til to kulturar, stressfaktorar, samt korleis

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI

## NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

modererande faktorar før og etter akkulturasjonen verkar inn på utfall av tilpassing, avgjer om prosessen vil leie til stress, samt korleis effekten av stress slår ut (Berry, 1997; Berry & Sam, 2016; Fandrem, 2011). Prosessen endar til slutt i ei langvarig tilpassing som vert omtala som *sosiokulturell* og *psykologisk tilpassing*. Den psykologiske tilpassinga refererer til mental helse og personleg tilfredsheit i høve til den nye kulturelle settinga, medan sosiokulturell tilpassing kan verte definert som tileigning av sosiale ferdigheter og kulturelle verktøy som trengst for å fungere godt i eit sosialt og kulturelt miljø (Berry, 1997; Berry, 2011; Berry & Sam, 2016; Fandrem, 2011).

**2.2.2 Akkulturasjonsstrategi.** I Berry (1997) sitt akkulturasjonsrammeverket (Figur 1.) inngår akkulturasjonsstrategiar som modererande faktorar, og er kjernekomponentar i akkulturasjonsprosessen (Berry & Sam, 2016; Fandrem, 2011). To spørsmål ein står ovanfor ved interkulturell kontakt skapar grunnlag for fire strategiar for akkulturasjon. Spørsmåla omhandlar i kva grad eit individ ynsker å ta vare på sin opphavlege kultur, samt i kva grad ein ynsker å involvere seg i den nye. Forskjellige kombinasjonar av dei to spørsmåla resulterer i strategiane: integrering, assimilering, separasjon og marginalisering (Berry, 1997).


Ein talar om *separasjon* når individ vel å bevare eigen kultur og eigne tradisjonar, utan å tilpasse seg kulturen og tradisjonane til majoritetssamfunnet. *Assimilasjon* oppstår når individ vel å tilpasse seg majoritetskulturen, samstundes som dei tek avstand frå eigen og opphavlege kultur (Sam & Berry, 2016). Ved *marginalisering* ynsker individ verken å bevare eigen kultur, eller å involvere seg i majoritetskulturen. Ein talar om *integrering* når ein utviklar ein tokulturell identitet gjennom å tilpasse seg majoritetskulturen, samstundes som ein held på eigen kultur og identitet (Sam & Berry, 2016).

Ein slik måte å presentere akkulturasjonsstrategiane på er vanleg i litteraturen, men føreset at individ fritt kan velje korleis dei ynsker å involvere seg i interkulturelle relasjonar i samfunnet. Samstundes er det ofte ubalanse i maktforhold mellom majoritet- og minoritetsgrupper i eit samfunn, noko som fører til at minoritetsgrupper ikkje nødvendigvis har fri vilje til å velje korleis dei ynsker å akkulturer.

Minoritetsgruppa sitt val av akkultureringsstrategi vert eksempelvis påverka av haldningane og integreringspolitikken i vertssamfunnet (Berry & Sam, 2016; Berry & Ward, 2016). Korleis individ vert møtt av vertssamfunnet har difor ein sentral betyding

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

for kva for ein akkulturasjonsstrategi som vert nytta. Dette vert illustrert i figuren under (Figur 2.).



Figur 2. Innvandrarar og vertssamfunnet sin haldning til akkulturasjon (Fritt Modifisert frå Berry & Sam, 2016, s. 22).

Venstre del av figuren illustrerer haldningane knytt til minoriteten, medan høgre del illustrerer kva forventningar majoriteten har til minoriteten sitt val av strategi (Berry & Sam, 2016). Majoritetsgruppa si handtering av akkulturasjonsprosessen vil vere avhengig av i kva grad dei tykkjer det er akseptabelt at innvandrarar bevarer si kulturelle arv, samt i kva grad dei tykkjer det er akseptabelt at innvandrarar tilpassar seg majoritetskulturen (Berry & Sam, 2016; Bourhis, Moïse, Perreault & Senécal, 1997; Sam & Berry 2010). Når majoritetsgruppa handhevar visse formar for akkulturasjonsforventningar ovanfor minoriteten, nyttar ein omgrepet *smelteidig* dersom majoriteten forventar ein assimilatingsstrategi av minoriteten, *segregering* om forventningar om separering, *ekskludering* om forventningar om marginalisering, og *fleirkulturalisme* om forventning om integrasjon (Berry & Sam, 2016).

Berry og Ward (2016) viser til kompleksiteten kring omgrepet *fleirkulturalisme*, der det kan verte forstått både som demografi, ideologi og politikk. Eksempelvis er dei fleste samfunn i dag mangfoldige (demografi), men for at ein skal kunne tale om eit fleirkulturelt samfunn, hevder Berry og Ward (2016) at det i tillegg

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

er behov for haldningar av aksept for kulturell pluralisme/mangfald i samfunnet (ideologi), samt politikk som faktisk fremjar slikt mangfald (politikk).

Basert på presentert teori og føremål med studien, vil eg i det følgjande kapittelet sjå nærmare på kva studiar som har vorte utført på feltet tidlegare.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## Kapittel 3: Litteraturgjennomgang

I dette kapittelet vil eg presentere tidlegare forsking på einslege mindreårige, der fokus har vore retta mot ressursar, meistringsstrategiar og/eller positiv tilpassing. Eg vil først gje ei skildring av søkerestrategiar som har vore nytta, deretter vil forskinga verte presentert.

### 3.1 Søkestrategi

Litteratur nytta i denne studien har vorte innhenta ved gjennomføring av systematiske søk. Det er viktig å presisere at det ikkje har vore utført tilstrekkeleg med forsking på feltet tidlegare. Det er relativt sparsamt med forsking på einslege mindreårige (Khali, 2006; Luster, Qin, Bates, Rana & Lee, 2010; Sirriyeh, 2008; Watters, 2008), og eg har ikkje lukkast med finne studiar som konkret utforskar einslege mindreårige jenter, sett i ljós av eit ressursperspektiv. Eg har difor vald å ta utgangspunkt i tematisk nærliggande studiar.

Eg byrja søket i databaser som Oria, Google Scholar, Psychinfo, Web of Science og Medline. For å utarbeide gode søkerord søkte eg i diverse MeSH- databasar. Søkeorda som vart nytta var som følgjer: "Unaccompanied", "refugee", "minor\*", "children", "resources", "coping", "strategies", "adaptation", "adaptive", "resilience", "strength", "acculturation", "integration", "resettlement", "flight", "coping behavior", og "coping skill". Søkeorda vart kombinert med bindeord som AND og OR. Eg har i tillegg orientert meg i litteraturreferansar i artiklar, bøker, rapportar og andre forskingsoppgåver som tek for seg same tematikk. Eg valde å avgrense litteratursøket til dei siste ti åra, og inkluderte berre norsk, svensk, dansk og engelskspråklege artiklar. Annan litteratur vart ekskludert grunna manglande språkforståing. Eg laga kontoar i dei ulike databasane, slik at eg kunne lagre søkerord og nytta loggbok for å halde oversikt i prosessen.

Etter at eg hadde gjennomført søk i dei ulike databasane, sat eg igjen med 53 artiklar frå Web of Science, 54 frå PsycINFO, 54 frå Medline, i tillegg til nokre artiklar frå litteraturreferansane i artiklar, bøker, og rapportar. Eg gjennomgjekk desse artiklane ved å lese gjennom overskrift, abstrakt, og funn. Etter denne gjennomgangen, sat eg igjen med 38 artiklar som eg vurderte som relevante. Etter ein meir grundig gjennomgang av desse, vart sluttresultatet 17 artiklar. Fleirtalet av studiane på feltet er kvalitative intervjuundersøkingar, og rapportar utført på oppdrag frå myndighetene.

Studiane er utført i Noreg, Sverige, England, Wales, Irland, Nederland og USA.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Deltakarane var hovudsakleg frå område i Midtausten, Aust-Afrika, Vest-Afrika, Vest-Asia, Sør-Asia, Sentral-Asia og Aust-Europa. Aveyard (2010) hevdar at det er viktig å vere kritisk til eigen søkerprosess. Eg har som nemnd nytta artiklar som ikkje direkte omhandlar temaet for oppgåva, og det kan vere vanskeleg å stadfeste i kva grad eg har lukkast med å velje ut dei mest tematisk nærliggjande og relevante studiane. Det kan til dømes hende at det er andre aktuelle søkerord som òg burde ha vorte nytta. Med omsyn til studien si tidsavgrensing, har eg likevel gjort eit grundig forsøk på å velje ut litteratur som eg opplever at kan underbyggje denne studien på ein god måte.

## 3.2 Tidlegare forsking på feltet

Dei to siste tiåra har ein sett ei auke i forsking som tar for seg erfaringane til barn og unge etter migrasjon og busetjing. Når det er sagt, fokuserer nesten all denne forskinga på barn og unge som migrerer med føresette, og det er lite vissheit kring erfaringane til dei som reiser på eiga hand (Qin, Saltarelli, Rana, Bates, Lee & Johnson, 2015). Forsking som tek for seg einslege mindreårige har hovudsakleg fokusert på velvære sett i ljós av eit psykiatrisk eller medisinsk perspektiv, og har så langt omhandla psykiske helseplager, traumar og psykososiale stressorar i vertssamfunnet (Wernesjö, 2012). Gruppa vert, både i nasjonal og internasjonal forsking, kategorisert som sårbar, og med høg risiko for å utvikle ei rekke psykiske lidningar (Bean, Eurelings-Bontekoe & Spinhoven, 2007; Eide & Broch, 2010; Jensen, Skårdalsmo & Fjermestad, 2014; Ní Raghallaigh & Gilligan, 2010; Seglem, Oppedal & Raeder, 2011; Vervliet, Lammertyn, Broekaert & Derluyn, 2014).

Samstundes viser eit avgrensa tal kvalitative studiar frå Noreg, Sverige og USA at gruppa òg visar god psykologisk funksjon og tilpassing (Hessle, 2009; Oppedal et al., 2011; Oppedal og Idsøe, 2015; Seglem, et al. 2014; Qin et al., 2015).

Seglem et al. (2014) fann eksempelvis i ein studie av 223 einslege mindreårige (81% gutter) i Noreg, at deltakarane, trass opplevinga av traume og tap, viste tilfredsheit og velvære i deira nye tilvære. Hessle (2009) utførte ein longitudinell studie der ho undersøkte livssituasjonen til einslege mindreårige (ti gutter og ti jenter), ti år etter ankomst i Sverige. Ho teikna òg eit positivt bilet av deltakarane sin livssituasjon, der dei fleste hadde gjennomgått tilpassingsprosessar, og viste positiv tilpassing ved at dei var sysselsette og hadde etablert stabile sosiale nettverk.

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

**3.2.1 Ressursar og meistringsstrategiar.** Sjølv om relativt få studiar har hatt eit ressursperspektiv i forsking på einslege mindreårige, har fleire faktorar i og utanfor individ vorte identifisert som betydningsfulle for positiv tilpassing i vertssamfunnet.

**3.2.1.1 Fokus på framtid.** Thommessen, Corcoran og Todd (2015) utførte ei intervjuundersøking av seks unge afghanske menn som hadde kome til Sverige som einslege mindreårige. Deltakarane uttrykte eit sterkt ynske om å rette fokus mot å skape ei betre framtid, og tok aktivt ansvar for eiga liv. I ei intervjuundersøking av einslege mindreårige frå Sudan, viser Qin et al. (2015) til liknande funn, der deltakarane (17 gutter og to jenter) opplevde at dei hadde vorte gitt ei moglegheit til å starte eit nytt og betre liv i USA, og opplevde eit særleg ansvar for å nytte denne moglegheita til det fulle. I ein studie av 895 einslege mindreårige (82,4 % gutter) i Noreg rapporterte deltakarane at dei ikkje ynskte å fokusere på problem knytt til fortida, men snarare å vere positivt orientert mot framtida og situasjonen ”her og no” (Oppedal & Idsoe, 2015). Maegusuku-Haewett, Dunkerly, Scourfield og Smalley (2007) byggjer i si studie på to kvalitative undersøkingar av mellom anna mindreårige flyktningar i Wales. Dei fann òg at deltakarane hadde positive tankar kring framtida, og såg den nye tilværa i vertssamfunnet som ei moglegheit for ein ”frisk” start. I ei studie av einslege mindreårige (18 jenter og 14 gutter) i Irland såg slike positive forventningar kring framtida ut til å vere ein viktig meistringsstrategi som deltakarane nytta (Ní Raghallaigh & Gilligan, 2010). Dette samsvarar med funn frå ”Refugee Resilience Project”, som fann at det å halde fast ved draumar for framtida var ein viktig meistringsstrategi deltakarane nytta for å overvinne utfordringar (Daniel, Ottemöller, Katisi, Hollekim & Tesfazghi, 2018).

Det finst ei rekke studiar som viser funn der håp og fokus på framtid kan bidra til positiv tilpassing og meistring (Maegusuku-Haewett et al., 2007; Ní Raghallaigh & Gilligan, 2010; Carlson, Caciatore & Klimek, 2012; Rana, Qin, Bates, Luster & Saltarelli, 2011; Sleijpen et al., 2017; Luster et al., 2010).

**3.2.1.2 Utdanning og språk.** Maegusuku-Haewett et al. (2007) erfarte i sin studie at deltakarane opplevde at dei var gitt ei viktig moglegheit til å ”verte noko” i vertssamfunnet, og såg det som deira ansvar å jobbe hardt for å gjere noko ut av denne moglegheita. I ein studie av einslege mindreårige flyktningar (17 gutter og to jenter) i USA, fann Luster et al. (2010) at deltakarane tykte at suksess kravde hardt arbeid. Sleijpen et al. (2017) utførte ei undersøking av unge flyktningar (åtte jenter og åtte

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

gutar) i Nederland, der fire av deltakarane var einslege mindreårige. Dei identifiserte at deltakarane såg utdanning som nøkkelen til ei ljosare framtid i vertsamfunnet. Rana et al. (2011) gjennomførte ei undersøking av einslege mindreårige i USA (17 gutter og to jenter), og visar til same funn. Oppedal et al. (2009) fann gjennom spørreskjemaundersøkingar og intervju av 325 einslege mindreårige (79 % gutter) i Noreg, at deltakarane også såg ut til å vere opptekne av skule og utdanning. Qin et al. (2015) oppdaga at deltakarane sine erfaringar med tidlegare mangel på utdanningsmoglegheiter motiverte dei til å dra nytte av desse moglegheitene i USA. Fleire studiar viser til funn der prioritering av utdanning vert knytt til positiv tilpassing (Carlson et al., 2012; Luster et al., 2010; Maegusuku-Haewett et al., 2007; Ni Raghallaigh & Gilligan, 2010; Rana et al., 2011). Capstick og Delaney (2016) observerte i ei studie at språk var ein sentral faktor for positiv tilpassing blant flyktningar. Dei hevda mellom anna at språk var nøkkelen til utdanning, og at barn og unge si evne til å oppnå suksess i utdanning er relatert til språkkunnskapar (Capstick & Delaney, 2016). Deltakarane i ”Refugee Resilience Project” såg like eins språk som ein nøkkel til å forstå den norske kulturen, og opplevde særleg at skule og norske vener var viktige ressursar for språktileigning (Daniel et al., 2018).

**3.2.1.3 Identitet.** Oppedal og Idsøe (2015) fann at det var store individuelle variasjonar i korleis einslege mindreårige i Noreg utforska si kulturelle tilhørsle og identitet. Nokon hadde ein tendens til å ha like sterke etnisk og nasjonal identitet, medan andre syntes å ha ein preferanse for enten den etniske eller den nasjonale kulturen. Ni Raghallaigh og Gilligan (2010) og Ni Raghallaigh (2011) belyser funn frå djupneintervju med einslege mindreårige i Irland. Ein meistringsstrategi desse deltakarane nytta, var å oppretthalde *kontinuitet* i ein endrande kontekst, ved at dei implementerte element frå deira opphavlege kultur i den nye tilværa. Dei praktiserte eksempelvis religion, samt sökte kontakt med menneske med same kulturelle bakgrunn. Dette førte til at dei opplevde overgangen til den nye tilværa som mindre dramatisk. Sjølv om deltakarane sökte kontinuitet med fortida, viste dei også til evne til å tilpasse seg den nye kulturen, ved eksempelvis tileigning av kulturell kompetanse (Ni Raghallaigh & Gilligan, 2010).

Deltakarane i studien til Thommessen et al. (2015) peika på viktigheita av å tilpasse seg vertssamfunnet. Qin et al. (2015), Luster et al. (2010), og Oppedal og Idsøe (2015) oppdaga at deltakarane såg evna til å kombinere det beste frå sin

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

opphevle kultur med den nye kulturen i vertssamfunnet som naudsynt for ei positiv tilpassing. Dette samsvarer med funn frå ”Refugee Resilience Project”, der deltarane såg verdien av å kombinere opphevleg og ny kultur (Daniel et al., 2018).

Fleire studiar viser til funn der ein slik integrasjonsstrategi er knytt til positiv tilpassing (Keles et al., 2016; Luster et al., 2010; Ní Raghallaigh & Gilligan, 2010; Sleijpen et al., 2017; Wernesjö, 2014; Qin et al., 2015).

**3.2.1.4 Sjølvstendigheit.** Sleijpen et al. (2017) ynskte å finne ut kva som bidrog til positiv tilpassing for flyktingar i Nederland. Fleire av deltarane peika på deira evne til å vere sjølvhjulpen og sjølvstendig som sentralt. Thommessen et al., (2015) oppdaga at deira deltarar hadde vorte tvungne til å verte sjølvstendige på eit tidleg stadium i livet, då dei hadde lært å overleve flukt på eiga hand. Sjølvstende og det å vera sjølvhjulpen såg, i følgje Ní Raghallaigh og Gilligan (2010), ut til å gjere deltarane i stand til å meistre deira omgivnader på ein tilfredstillande måte. Fleire studiar indikerer at einslege mindreårige visar ei slik evne til å handle sjølvstendig (Berg, 2010; Eide, 2000; Ní Raghallaigh & Gilligan, 2010; Oppedal et al., 2009).

**3.2.1.5 Religion.** Ní Raghallaigh og Gilligan (2010) og Ní Raghallaigh (2011), fann at religion såg ut til å spele ei særleg viktig rolle i einslege mindreårige sitt liv, der ein gud representerte noko kjend i ein ny og ukjend kontekst. Religion såg dessutan ut til å skape mening, trøyst og kontroll i angstfulle situasjonar, og hjalp deltarane til å handtere utfordringar i den nye tilværa. Religion såg i følgje Sleijpen et al. (2017) ut til å gje støtte, rettleiing, positiv distraksjon, stressreduksjon, håp og tryggleik. Qin et al. (2015) erfarte at deltarane opplevde at ein gud hadde ein spesiell ”plan” for dei, noko som gav dei ei kjensle av hensikt i tilværa.

**3.2.1.6 Sosial støtte.** Verdien av sosial støtte er noko som vert belyst i eit fleirtall av studiane (Førde, 2017; Hodes et al., 2008; Luster, Saltarelli, Rana, Qin, Bates, Burdick & Baird, 2009; Luster et al., 2010; Oppedal et al., 2009; Oppedal et al., 2011; Skårdalsmo & Harnischefeger, 2017; Sleijpen et al., 2017; Thommessen et al., 2015; Qin et al., 2015). Norsk folkehelseinstitutt utførte ei longitudinell undersøking med eit omfattande utval beståande av 948 deltarar som har kome til Noreg som einslege mindreårige (Oppedal et al., 2009; Oppedal et al., 2011). Datainnsamlinga vart avslutta i 2013, og har mellom anna resultert i to større rapportar. Oppedal et al. (2009) fann i si undersøking at nære, trygge og kontinuerlige relasjonar til vaksne var

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

av stor betyding for utfall av psykisk helse. Samtidig fann Oppedal et al. (2011) i si studie at sosial støtte var ein viktig ressurs deltakarane (19% jenter) nytta for å meistre den nye tilværa. Fleirtalet av deltakarane var integrert i ulike sosiale nettverk, og opplevde dette som ei kjelde til både praktisk og emosjonell støtte.

Skårdalsmo og Harnischefeger (2017) gjennomførte intervjuundersøkingar av 66 einslege mindreårige i Noreg (15 % jenter). Barna peika på verdien av nære omsorgspersonar, og uttrykte at dei vaksne måtte tilby seg sjølv som tilknytingspersonar. Førde (2017) løftar fram liknande funn frå intervjuundersøkingar av einslege mindreårige (tre jenter og to gutter) i Noreg, der deltakarane la vekt på verdien av å finne fram til enkelte vaksenpersonar som kunne støtte dei når livet gjekk dei imot. Oppedal og Idsoe (2015) oppdaga at sosial støtte hadde ein ynskeleg effekt på dei einslege mindreårige si mentale helse.

### **3.3 Oppsummering av funn**

Studiane viser til funn der einslege mindreårige demonstrerer evne til positiv tilpassing, og det er identifisert ei rekke ressursar og meistringsstrategiar som ser ut til å bidra til slikt utfall. Samla er faktorane som følgjer: Fokus på framtid, utdanning, språk, integrasjonsstrategi, evne til å handle sjølvstendig, religiøs tru og sosial støtte. Likevel er det viktig å merke seg at gutter utgjer ein særleg høg prosentdel av utvalet i fleirtalet studiane, og ein av studiane fokuserer utelukkande på unge menn. Tre av studiane inkluderte dessutan òg deltakarar med føresette i vertssamfunnet. Då målet med studien er å utforske einslege mindreårige jenter sine historier og perspektiv, dannar desse studiane eit svakt samanlikningsgrunnlag. Målet med helsefremjande arbeid er å undersøkje kva som skaper helse, og eit viktig prinsipp er rettferdig deltaking (Green & Tones, 2010). Då studiane på feltet hovudsakleg fokuserer på mentale helseproblem, og er dominert av gutter sitt perspektiv, vil min studie truleg vere eit bidrag til dette arbeidet.

Basert på presentasjon av teoretisk rammeverk og gjennomgang av litteratur, vil eg i det følgjande presentere forskingsspørsmåla for oppgåva.

### **3.4 Forskingsspørsmål**

Formålet med denne studien er å undersøke kva ressursar og meistringsstrategiar som vert nytta av einslege mindreårige jenter som er flyktingar, for å meistre flykta til Noreg og tilpassinga til eit nytt liv her. Det overordna målet er å få ei djupare forståing for korleis individua opplever dette. Forskingsspørsmåla for

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

oppgåva er:

1. *Korleis meistrar einslege, mindreårige jenter å flykte til og tilpasser seg eit nytt liv i Noreg?*
2. *Korleis opplever dei den nye tilværa?*

Basert på desse forskingsspørsmåla, vil eg i det følgjande kapittelet gjennomgå den metodiske framgangsmåten eg har nytta for å svare på spørsmåla.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## Kapittel 4: Metode

Eg vil i dette kapittelet presentere og diskutere det metodiske rammeverket for oppgåva. Omgrepene metode betyr opphavleg “vegen til målet” (Kvale & Brinkmann, 2009), og kan forståast som ein planmessig framgangsmåte for å nå eit bestemt mål. Målet i forskingsarbeid er å byggje kunnskap om bestemte fenomen og utvikle ei teoretisk forståing av denne kunnskapen (Grønmo, 2016). Det finst ei rekke framgangsmåtar, og ein vil alltid stå ovanfor diverse val av metode. Korleis ein løyser desse vala avheng mellom anna av forskingsspørsmål og mål for studien (Creswell, 2014, Thagaard, 2013), samt korleis vitskaplege rammeverk påverkar korleis ein som forskar ser og forstår verda (Gilje & Grimen, 2007).

Ein skil vanlegvis mellom to hovudtypar av metode: Kvantitativ og kvalitativ metode (Creswell, 2014). Kvantitativ forsking inneber gjennomføring av undersøkingar først og fremst ved hjelp av numeriske metodar, medan kvalitativ forsking har ein tendens til å nytte utforskande tilnærmingar, med produksjon av tekstdata (Roberts & Priest, 2006). På bakgrunn av studien sin problemstilling, føremålet med studien og vitskapsteoretisk tilnærming, var kvalitativ metode eit naturleg val i denne samanheng. Dette fordi ein ved ein slik metode er oppteken av det kontekstnære og -avhengige, og ein forsøkjer å oppnå ei djupare og meir heilskapleg forståing av eit fenomen frå innsida (Krumsvik, 2014; Kvale et al., 2015). Dette er ein føresetnad for å kunne besvare problemstillinga i denne studien.

### 4.1 Plassering av eiga oppgåve

Denne studien er ein del av det større prosjektet *“Refugee Resilience Project”* ved Universitetet i Bergen, Hemil-senteret. Prosjektet tar sikte på å utforske kva som byggjer resiliens blant einslege mindreårige flyktningar i Noreg, og har så langt nytta fokusgruppeintervju som datainnsamlingsverktøy. Deltakarane består av flyktningar i ulike aldrar frå Afghanistan og Eritrea. Til saman vart fire fokusgruppeintervju samt to parintervju gjennomført, der fokus var retta mot kva som fungerer som hjelpende faktorar for å meistre å tilpasse seg ein ny kultur. Det var berre to einslege mindreårige jenter frå Eritrea som deltok. Jenter var slik tydeleg underrepresentert, samt lite delaktige. Jenter sine historier og perspektiv er difor manglande i datasettet. Som nemnd tidlegare, er mangelen på jentene sine historier og perspektiv eit tydeleg gap i forskinga. For å bidra til det pågående prosjektet, samt til å fylle i dette gapet i

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

forskningsfeltet generelt, valde eg difor å fordjupe meg i einslege mindreårige jenter sine erfaringar kring temaet.

## 4.2 Kunnskapssyn, vitskap- filosofisk forankring

Omgrepet ”vitskap” stammar frå det latinske ordet ”scientia” som betyr kunnskap (Harper, 2012). Vitskap karakteriserast ved å produsere kunnskap på ein særeigen måte og etter bestemte reglar (Thagaard, 2013; Thornquist, 2003). Ein viktig regel, særleg i kvalitativ forsking, er at ein eksplisitt må gjere greie for sitt teoretiske grunnlag for vitskap ein produserer. Dette då vår oppfatning om vitskap legg føringar for kva ein tykkjer er interessant og viktig, samt korleis ein bør gå fram for å utforske det (Thornquist, 2003). Denne oppfatninga vert kalla eit paradigme, ei vitskap-filosofisk forankring eller verdssyn (Creswell, 2014; Thagaard, 2013). Creswell (2014) skildar verdssyn som ei generell filosofisk orientering om verda og naturen av kunnskap. Han hevder at forskaren sin filosofiske ståstad er basert på fagområdet si orientering og tidlegare erfaringar (Creswell, 2014).

Ettersom forskingsspørsmålet vald i oppgåva rettar seg mot ei subjektiv oppleving, samt søker å oppnå ei djupare forståing av enkeltpersonar sine erfaringar, vert ei forankring i fenomenologisk vitskapssyn lagt til grunn for tolkingane.

Fenomenologi er ei samlenemning på både filosofisk ståstad og forskingsdesign (Kafle, 2011). Fenomenologiske studiar utforskar den meininga mennesker tillegg sine erfaringar med eit fenomen. I ei fenomenologisk tilnærming vert felles trekk ved deltakarane sine erfaringar belyst, noko som dannar grunnlag for å utvikle ei generell forståing av fenomenet (Creswell, 2014; Thagaard, 2013). Denne studien nyttar ei fenomenologisk tilnærming retta mot fenomenet migrasjonsprosess, slik dei einslege mindreårige jentene har opplevd den (Thaagard, 2013). Dette innebar at eg måtte arbeide for å forstå, heller enn å fortolke, dei einslege mindreårige sine erfaringar og opplevingar.

## 4.3 Datainnsamling

### 4.3.1 Utval, utvalskriterier og rekruttering

Når ein skal avgjere eit utval i kvalitative studiar, vil størrelsen på og utforming av utvalet avgjerast av studien sine ulike analytiske mål (Thagaard, 2013). Målet med utveljinga av deltakrar er at den skjer ut frå begrepsmessige krav, snarare enn eit krav om representativitet (Silverman, 2017). Kvalitative forskrarar nyttar difor strategiske

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

utval, som inneber at ein vel deltararar som representerer relevante eigenskapar for forskingsspørsmålet (Thagaard, 2013). I eit prosjekt som dette var utvalet av deltararar definert av prosjektbeskrivinga som låg til grunn for studien, samt mine forskingsspørsmål. Kriteria for å delta vart dermed at deltararane var einslege mindreårige jenter som var flyktningar, i aldersgruppa seksten til atten år, samt at dei hadde opphaldstillating. Desse kriteria vart utforma med hensikt om å fylle ”gapet” i det pågåande forskingsprosjektet, der jenter var underrepresentert, samt at det var behov for meir djuptgåande innblikk i enkelhistorier. Kriteriet om opphaldstillating var basert ynske om å inkludere deltararar som var stabile i sitt nye tilvære i Noreg. Aldersgruppa vart vald på bakgrunn av ynskja om å intervju deltararar som var modne nok til å reflektere kring deira opplevelingar og erfaringar. Aldersgruppa var òg i samsvar med deltararane frå ”Refugee Resilience Project”.

Med tanke på rekruttering, utforma eg eit informasjonsskriv med vedlagt samtykkeskjema. Skrivet omtaler i korte trekk føremålet med studien, samt prosedyre for gjennomføring av datainnsamling (sjå vedlegg 2.). Eg sende skrivet ut til ei rekke ulike instansar som eg tenkte kunne hjelpe meg med å rekruttere deltararar. Blant desse var diverse kommunar i Noreg, mottak for einslege mindreårige, BUFDIR (barne, ungdom og familieliderekoratet), introduksjonssenter for flyktningar, byomfattande senter for einslege mindreårige, samt koordinatorar for busetjing av flyktningar. I etterkant av at skrivet var send ut via e-post, følgde eg opp med ein telefonsamtale der eg i meir utdjupande grad presenterte meg sjølv samt føremålet med studien. Fleirtalet av instansane sa seg villige til å hjelpe meg med rekruttering. Det var likevel få av instansane som faktisk hadde anledning til å følgje opp med bistand i dette arbeidet. Instansane som bidrog i rekruttering hadde dessutan vanskar både med å lokalisere og å få deltararar til å sei seg villig til gje samtykke. Eksempelvis gav ti jenter i målgruppa 15–18 år samtykke til deltaking, der åtte av desse trakk samtykket like før deltaking. I tillegg trakk ei jente samtykket i byrjinga av intervjuet.

Ettersom det var vanskeleg å få deltararane til å stille opp og gjennomføre intervju, valde eg i samråd med forskingsgruppa for prosjektet å inkludere unge kvinner som var kome til Noreg som einslege mindreårige, men som i dag er mellom 18–25 år. Tanken var at denne målgruppa truleg har fått opplevelingane frå flykta meir på avstand, kjenner det norske samfunnet betre og har lært seg norsk. Dermed var dei truleg i ein betre posisjon til å formidle historiene sine, enn barn og unge som nyleg er

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

komne og som i tillegg er avhengig av tolk (Øien, 2010). Prosessen med rekruttering vart ein tidskrevjande og omfattande prosess, sett i ljós av at prosjektet var kortvarig. Det tok til saman fem månadar frå NSD (Norsk senter for forskningsdata) hadde godkjent prosjektet 02.10.17, til eg hadde greidd å samle inn tilstrekkeleg data. I målgruppa 18–25 år var det 15 deltarar som gav samtykkje til å delta. Sju av desse trakk samtykket like før intervjuet, og to møtte ikkje til avtalt intervju.

Dei som til slutt klarte å lokalisere dei aktuelle kandidatane i studien var ”portvoktarar” innan barnevernstenesta i ein kommune i Hordaland, ein kommune på Austlandet og eit mottak for einslege mindreårige i ein kommune i Hordaland. Portvoktarar er nøkkelpersonar med kjennskap til feltet, som kan bidra med kunnskap, samt rekruttering av deltarar (Thagaard, 2013). Desse personane gav meg tilgang til feltet ved å dele ut informasjonsskriv med samtykkeskjema til aktuelle kandidatar. Kandidatane som sa seg villig til å delta, skreiv under på samtykkeskjemaet og la ved telefonnummer, slik at eg kunne kontakte dei. Vidare ringde eg desse deltarane og avtalte tid og stad for gjennomføring av intervju. Det ferdige utvalet bestod av seks jenter/kvinner frå diverse kommunar i Noreg: To kommunar i Hordaland, og ein kommune på Austlandet. Det rår ulike meininger om tal på deltarar ein bør involvere i ein slik studie (Creswell, 2013; Grønmo, 2016). Malterud (2011) peikar på *metning* som det rådande konseptet for å avgjere utvalsstørrelsen. Det refererer til eit punkt i prosessen der nye dataelement ikkje lenger tilfører informasjon til teoriane som vert undersøkt. Eg vurderte det slik at seks deltarar var tilstrekkeleg i mitt tilfelle.

### **4.3.2 Narrativt intervju**

Intervju har ein sentral plass i vår kultur, og vert eksempelvis nytta i samband med presentasjon av nyheiter i aviser og fjernsyn, portrett i media og i underhaldningsprogram. Intervju som forskingsmetode liknar anvendinga i vår kultur (Thagaard, 2013). Vidare er intervju den dominerande metoden innanfor kvalitativ forsking (Thagaard, 2013). I eit kvalitatittiv intervju er hensikta å avdekke deltarane sine opplevingar, meininger og synspunkt gjennom å ha ein samtale der deltarane kan gje fyldige beskrivingar (Dalen, 2011).

”Refugee Resilience Project” nytta fokusgruppeintervju som datainnsamlingsverktøy. Fokusgruppeintervju viser eit gruppeperspektiv, og er nyttig for å fange kompleksiteten og breidda kring tema. Verktøyet kan samstundes ha visse ulemper (Thaagard, 2013). Ved slik intervjuform kan det eksempelvis vere ein tendens

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

at dei mest dominerande synspunkta vert fremja i ein gruppessituasjon, fordi personar med avvikande synspunkt kan vegre seg for å presentere dei i gruppa (Thaagard, 2013). Det er mogleg at dette kan vere årsaka til at dei få jentene som deltok i fokusgruppeintervjuet sa svært lite. På grunnlag av dette vart det reist ynske om at deira synspunkt vart løfta. Eg valde difor å utføre individuelle intervju med denne målgruppa.

Det finst fleire formar for intervju, og kva form ein vel er avhengig av deltakarane og målet med studien (Kvale & Brinkmann, 2009). Innan kvalitative intervju finst det ulike gradar av førehandsstrukturering. Nokre har ein streng og nøye planlagt struktur der lite vert overlate til tilfeldigheitene, medan andre har ei form der det er lite eller ingen førehandsstrukturering (Thagaard, 2013). Det sistnemnde forma er mest lik eit narrativt intervju, som eg har vald å byggje min empiri på. Ved å nytte ei fenomenologisk tilnærming under intervjustituasjonar, har tilnærminga nemleg som mål at eit fenomen skal framstå mest mogleg opent (Thagaard, 2013). Eg måtte difor sørge for ein intervjustituasjon som gav rom for openheit, innleiving og empati. Slik er det tenkjeleg at eit narrativt intervju ville passe bra, då det gjer rom for at deltakarane kan fortelje mest mogleg fritt kring deira opplevingar og erfaringar.

Eit argument som talar for ei slik intervjuform er at for mykje struktur kan føre til at forskaren ikkje fangar opp, eller mistolkar, fenomen som er viktig for deltakaren (Ryen, 2010). I det narrative intervjuet skal deltakarane fortelje si forteljing mest mogleg fritt, framfor å svare på strukturerete spørsmål frå forskaren (Horsdal, 1999). Forskaren appellar til dei historiene intervjupersonen fortel, med eit ynske om å finne ut korleis den enkelte opplever og tolkar situasjonar (Kvale & Brinkmann, 2009). Metoden var slik i samsvar med studien sitt føremål. I følgje Horsdal (1999) delar ein det narrative intervjuet inn i tre fasar. Den fyrste fasen vert kalla *innleiingsfasen*, der forskar og deltakar vert kjende, og deltakaren vert informert om forskingsprosjektet. Den andre fasen kallar Horsdal (1999) *hovudfasen*. I denne fasen fortel deltakaren mens forskaren lyttar. Forskaren spelar dermed ei mindre rolle, og det skal vere opp til deltakaren korleis intervjuet vert utforma. Den tredje fasen kallar Horsdal (1999) *spørsmålsfasen*. I denne fasen er rom for at uklarleikar vert oppklara. Forskaren kan her be om at deltakaren utdjupar visse element av forteljinga, dersom noko er uklart. Forskaren kan òg ta opp tema som ikkje har vorte belyst i forteljinga, men som kan vere viktig for forskinga (Horsdal, 1999).

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

**4.3.2.1 Intervjuguide.** Eit av hovudkriteria når ein nyttar eit narrativt intervju, er at deltakaren skal fortelje mest mogleg fritt om si historie, framfor å svare på spørsmål. Eg valde likevel å utforme ein slags intervjuguide, då ein slik guide dreiar samtalen mot dei emna ein ynsker forståing for (Creswell, 2014; Thaagard, 2013), og dermed sikrar at ein genererer informasjon som belyser forskingsspørsmåla (Widerberg & Bolstad 2001). Med omsyn til det narrative intervjuet, var intervjuguiden berre berekna som ei grov skisse til kva tema som skulle gjennomgåast i løpet av samtalen.

For å sikre at spørsmåla ville dekke områda som studien hadde som formål å belyse, vart guiden nøye gjennomarbeida i samarbeid med forskingsgruppa ved ”Refugee Resilience Project”. Intervjuguiden (sjå vedlegg 3.) inkluderte til saman seks rettleiingstema, som òg inkluderte vidare forslag til meir spissa underspørsmål og oppfølgingsspørsmål. Då hensikta med narrative intervju er at deltakaren skal fortelje mest mogleg opent og fritt, vart guiden strukturert slik at spørsmålsformuleringane sikra rikast mogleg datamateriale frå deltakarane, samstundes som dei kunne nyttast fleksibelt i høve til kvart enkelt intervju. Eg strukturerte vidare intervjuet på bakgrunn av ynsket om ei levande gjennomføring, der deltakarane sine historier vart presentert mest mogleg samanhengande. Eg la difor opp tema og spørsmåla kronologisk ved at eg byrja å spørje om opplevingar som leda til flukt, sjølve flykta, og til slutt møtet med og tilpassinga til livet i Noreg. Med omsyn til at det kunne oppstå mistolkingar i samband med språkforståing, vart det lagt særleg vekt på at spørsmåla ikkje skulle vere utydelige. Spørsmåla vart formulert kvardagsspråklege og tilpassa språkforståinga til kvar enkelt deltakar.

Intervjuguiden byrja med ”oppvarmingsspørsmål” om kvardagsliv, vene og fritid. Det vart òg satt opp kartleggjande spørsmål i form av deltakaren sitt namn, alder, bustad og opphav, som hadde som hensikt at deltakarane skulle oppnå ei kjensle av å meistre og å bli trygg i intervjustituasjonen. Hovudfasen av intervjuet var basert på tema som hadde som hensikt å belyse studien si problemstilling. Temaa hadde til hensikt å få djup forståing for jentene sine opplevingar frå pre- til postmigrasjon, med eit særleg fokus på kva som har vore til hjelp for dei i dei ulike fasane. Intervjuguiden avslutta med meir oppløftande tema, som mål for framtida.

**4.3.2.2 *Førebuing og gjennomføring av intervjuet.*** Kvart intervju vart gjennomført av meg. Eg reiste rundt i Noreg og intervjuet deltarane i nærleiken av deira bustad. Eg la vekt på å skape ein atmosfære som gjorde det behageleg for deltarane å dele sine synspunkt og tankar. Eg tok difor omsyn til deltarane sine preferansar, og lot dei få bestemme stad og tidspunkt for intervjuet. Hensikta var at deltarane skulle vere i ein situasjon som dei sjølv treivst i (Brinkmann & Kvale, 2009). Eg forsøkte samstundes å oppmode deltarane til å velje stader med lite bakgrunnsstøy og distraksjonar, der det var mogleg å snakke fritt kring tema. To av deltarane ynskte å møte meg på kafé. Eg tok då kontakt med kafeen jentene ville møtast på, og fekk reservert eit lukka område der. Ein deltarar ynskte at eg skulle møte ho ved mottaket der ho budde. I samarbeid med mottaket reserverte eg eit rom som var eigna for intervju. Resten av deltarane ynskte å møte meg ved eit universitet der eg allereie hadde tilgang til eigne rom. Slik sikra eg at intervjuet vart utført i omgivnadar der kvar av deltarane kunne snakke fritt utan distraksjonar.

I forkant av kvart intervju vart samtykke innhenta. Hovudregelen er at mindreårige som er fylt 15 år sjølv kan gje samtykke. Det er likevel nokre unntak for denne regelen, mellom anna når opplysningane om etnisk bakgrunn og livssyn skal innhentast (Datatilsynet, 2011). For deltararen som var under 18 år, signerte difor òg verge under samtykket. Denne deltararen hadde eit sterkt ønske om at vergen skulle vere med som støtte under intervjustituasjonen. Vergen haldt seg likevel i bakgrunnen og var ikkje delaktiv i samtalen. Thagaard (2013) hevdar bandopptak er den mest hensiktsmessige metoden for dataregistrering. Det som vert sagt vert då bevart, og ein kan vie si fulle merksemd til deltarane. For å bevare rikast mogleg informasjon kring deltarane sine ordrette ytringar, vart løyve til å nytte bandopptakar innhenta i forkant av intervjuet. Å innhente samtykke til bruk av bandopptakar var i nokre av høva problematisk, særleg for deltarane som var under 18 år. Dei såg ut til å ha lita forståing for kva ein bandopptakar faktisk var. Eksempelvis omtala ei av jentene bandopptaker som ”telefon”, og ei anna stilte spørsmål til om myndighetene skulle ”hente” opplysningane frå bandopptaket. Det kan difor tenkjast at dei trudde at bandopptakaren skulle nyttast til eit formål utover prosjektet. Eg brukte difor lang tid på å trygge jentene ved å forklare anonymitet kring prosjektet, samt at informasjonen dei gav ikkje ville få noko konsekvensar for dei.

Øien (2010) peikar i samsvar med dette på at einslege mindreårige kan oppleve

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

det som vanskeleg å stole på andre, og det kan vere særleg vanskeleg for ein ungdom på mottak å forstå kva som er forskjellen mellom eit forskingsintervju, asylintervju og den kartlegginga og rapporteringa som skjer i mottak. Eksempelvis såg deltakaren som trakk samtykket under intervjuet ut til å bli skremd då eg spurte om løyve til å nytte bandopptakar, og trakk umiddelbart samtykket. Den andre deltakaren eg skulle intervju same dag, var òg svært skeptisk til at bandopptakar skulle nyttast, men valde etter ein gjennomgåande forklaring av hensikta å likevel gjennomføre intervjuet. Det at denne deltakaren virka å vere skeptisk, kan ha påverka kvaliteten på intervjuet. I frykt for at denne deltakaren òg skulle trekke samtykket, valde eg å vere noko forsiktig med å stille oppfølgingsspørsmål og å nytte probing.

Intervjua hadde varighet på mellom 42 til 75 minuttar. Alle deltarane, med unntak av ei, snakka så bra norsk at det i samsvar med barnevernstenesta vart vurdert at det ikkje var behov for bruk av tolk. For deltakaren med behov for tolk, vart det nytta telefontolk. I forkant av intervjua var eg i kontakt med mottaket for å avklare kva tolketeneste dei føretrakk å nytte. Med utgangspunkt i dette, førehandsbestilte eg kvinneleg telefontolk gjennom språksenteret sin tolketeneste. Eg opplevde bruk av telefontolk som utfordrande, særleg då eg ikkje med sikkerheit visste korleis mine spørsmål vart oversett av tolk, eller kor vidt deltakaren sine utsegn representerte det som faktisk vart sagt. Då tolken ikkje var fysisk til stade i situasjonen opplevde eg at det var vanskeleg for telefontolken å lese situasjonen, med tanke på når det passa seg best å avbryte for å omsetjing eller for å undersøke moglege mistolkingar. Eg opplevde likevel at spørsmåla fekk adekvate svar. For å kontrollere om dette var tilfellet, stilte eg til tider kontrollspørsmål, eksempelvis ved å spørje: ”Så du opplevde .... dette følte du at var .... har eg forstått deg riktig?”.

Eg nytta Horsdal (1999) si beskriving av narrative intervju som inspirasjon til gjennomføring av intervjua. I innleiingsfasen fokuserte eg på å byggje tillit, samt å bli kjend med deltakaren. Eg nytta ikkje spørsmål i denne fasen, men forsøkte snarare å få til ein uformell samtale om kvardagslige tema, som musikk, film og fritidsaktivitetar. Hensikta var å skape ein kontakt der deltarane opplevde at dei kunne dele meir djuptgåande informasjon om seg sjølv. Eg var særleg bevisst på kroppsspråk og ordval for at deltarane skulle opp leve å bli møtt på ein verdig og empatisk måte (Kvale, 2005). I hovudfasen fortalte eg deltarane at eg kom til å introdusere diverse tema, og at det var ynskeleg at dei fortalte fritt og djuptgåande kring desse. Det viste seg likevel

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

at det var utfordrande å få jentene til å fortelje fritt om deira historier, og det vart difor naudsynt at eg som forskar var meir ”synleg” enn ynskeleg, ved at eg aktivt nytta tema frå intervjuguiden med diverse oppfølgingsspørsmål for å få deltakarane til å samtale. Det henda at eg òg oppmoda til utdjuping av svara gjennom probing, ved å eksempelvis spørje ”kan du fortelje meir om det?”. Eg viste òg interesse for deltakarane sine ytringar gjennom aktiv lytting. Når dette vart gjort opplevde eg at jentene i stor grad fortalte fritt, og gav djuptgåande innblikk i deira opplevingar. I nokre tilfelle såg det ut til at jentene avspora og byrja å snakke om tema utanfor fokusområdet, eksempelvis om prosjekt dei hadde på skulen og konfliktar innad i venegruppa. Eg lot dei i desse tilfella snakke ferdig, for å unngå at dei følte seg avvist. Når det vart naturleg, tok eg opp eit nytt tema som var relevant for studien.

Ved at deltakarane til ei viss grad vart leia inn i samtaleemne, og dermed styrt av spørsmålsformuleringane, framkom utfordringar kring spørsmål om ubalanse i maktforholdet mellom deltakar og meg som forskar (Kvale, 2015). For å gje deltakarane ei kjensle av kontroll, sorgja eg for at deltakaren i størst mogleg grad fekk prate fritt kring spørsmål og tema. Eg presiserte òg at deltakaren stod fritt til å la vere å svare på spørsmål, samt å skifte tema dersom det var ynskeleg. Årsak til flukt var det einaste temaområdet nokre av jentene var forsiktig med, eller ikkje ynskte å svara på. Samstundes opplevde eg at jentene som sa at dei ikkje ynskte å snakke om dette, på eiga hand tok temaet opp igjen mot slutten av intervjuet og fortalte meir kring årsak til flukt. Årsak til flukt var eit av dei første temaområda eg introduserte, og det kan tenkjast at jentene ikkje var trygge nok på meg som forskar på dette tidspunktet. Etter kvart som tillit vart opparbeida, følte eg at dei fortalte meir om sårbare detaljar. Deltakarane fekk òg moglegheit til å tilføre ytterlegare informasjon som dei tenkte var naudsynt i denne samanhengen.

Hovudfasen og spørsmålsfasen sklei i denne studien naturleg over i kvarandre, ettersom det som nemnd vart naudsynt å gjennomgåande leia samtalen med diverse spørsmål, oppfølgingsspørsmål og probing. Dersom eg kjende at eg mangla innsikt i nokre av temaområda, tok eg desse temaa på nytt opp i denne fasen. Hensikta var å sørge for at eg hadde innhenta så mykje informasjon som mogleg. For å unngå at deltakaren i etterkant sat igjen med anger over deltaking, vart det laga rom for at deltakaren kunne stille spørsmål tilbake angåande materialet, samt andre tema deltakaren hadde behov å snakke om (Kvale, 2015). Dette verka å vere nyttig, då

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

jentene ved fleire anledningar spurte kva informasjonen skulle brukast til.

## 4.4 Bearbeiding og analyse av datamaterialet

**4.4.1 Transkribering.** Å transkribere betyr å transformere, og inneber å overføre den munnlege samtalen til skriftspråk (Dalland, 2007; Kvale & Brinkmann, 2009). Ein del forskarar vel å delegera vekk dette arbeidet, då det er tidkrevjande. Det er like eins mange fordelar ved å transkribere sjølv, då dette er ein viktig del av analyseprosessen og gjer ei unik moglegheit til å bli kjend med datamaterialet (Kvale & Brinkmann, 2009). Bandopptak av alle intervjuer var hovudråmaterialet for analysen. Alt tilgjengelig materiale på bandopptakene vart straks etter intervjuen transkribert til tekstform på passordbeskytta PC. Filane vart, i tråd med krav frå NSD, sletta etter at transkribering var utført. For å oppretthalda mest mogleg nærleik til datamaterialet, utførte eg arbeidet med transkribering like etter kvart intervju. Eg forsøkte å skape ei ordrett omgjering frå tale til skrift. Kontekstuell informasjon vert likevel mista på vegen under transkripsjonsprosessen, og transkripsjonen kan av same grunn ikkje ansjåast som direkte omsetjing av munnlege forteljingar til skriftform (Kvale et al., 2015). Eg skreiv difor notatar under kvart intervju for å forsøke å få med mest mogleg kontekstuell informasjon.

For å bevare deltakarane sin anonymitet, men samstundes skape eit ”levande” datamateriale, valde eg å gje deltakarane fiktive namn. Namna vart vald ved hjelp av diverse register over vanlege afrikanske jentenamn. Eg valde å kombinere rekkjefølgja intervjuer vart gjennomført med alfabetisk tildeling av namna (sjå tabell 1.). Hensikta var å skape orden i datamaterialet, slik at den vidare prosessen med analyse skulle vere oversiktleg.

Tabell 1. Utforming av deltakarnamn.

Intervju 1	Intervju 2	Intervju 3	Intervju 4	Intervju 5	Intervju 6
A = Aida	B = Baako	C = Cryah	D = Damisi	E = Ebere	F = Fadwa

Stadnamn, skular og institusjonar vart sletta frå teksten og markert med *[Refererer til enten; stadnamn, skule eller institusjon]*. Gråt, latter og andre ikkje-verbale kommunikasjonsmåtar er markert i *(parentes)*. Eventuelle dialektar vart først transkribert til bokmål. Eg bestemte meg undervegs for å vidare omsetje materialet til nynorsk, då eg ynskte samsvar mellom sitata og resten av oppgåva. Det vart

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

gjennomført i overkant av seks timer med intervju som til saman utgjorde 51 sider ferdig transkripsjon. Desse sidene vart vidare overført til NVivo, som er dataprogrammet eg nytta i analyseabedet.

**4.4.2 Analyse.** Analyse er ein prosess som skal gje ytringar teoritilknyting. Dette skjer ved at eg som forskar tolkar ytringane og set dei inn i ein teoretisk samanheng (Dalen, 2011). Arbeid med analyse er ved kvalitativ metode ikkje ein avgrensa del av forskingsprosessen, men snarare eit kontinuerlig arbeid gjennom heile prosessen (Dalen, 2011). Kvalitative analytiske metodar vert delt inn i to typar; den fyrste er bunden eller har sitt opphav frå ein bestemt teoretisk eller epistemologisk posisjon. Den andre er uavhengig av teori og epistemologi, og kan nyttast på tvers av ei rekke ulike tilnærmingar. Tematisk analyse er ei slik form. Fleirtalet av analysetilnærmingane har som føremål å generera teori. Tematisk analyse er på den andre sida ei deskriptiv tilnærming, der analysen skildrar hovudtrekka i datamaterialet (Braun & Clarke, 2006). Målet med forskingsspørsmålet vil vere kunnskap angåande einslege mindreårige sine opplevingar. Dermed var føremålet ikkje å generere teori, men snarare å sjå hovudtrekk i deltakarane sine opplevingar. På bakgrunn av dette var tematisk analyse ei veleigna tilnærming for å svare på problemstillinga.

Metoden har samstundes vorte kritisert for å ikkje ivareta eit heilskapleg perspektiv (Thagaard, 2013). Heilskapen av eit fenomen er essensielt i fenomenologisk forsking. Ein må difor vere merksam på at dei ulike delane og heilskapen vert ivaretaken ved bruk av denne analysetilnærminga (Dahlberg, Dahlberg & Nyström 2008). Eg valde difor å utføre tematisk analyse med ei narrativ tilnærming, som innebar at eg at fokuserte på innhaldet i det som vart fortald med ei særleg forplikting om å bevare narrativane og deira detaljrikdom. Metoden eigna seg godt til å identifisere felles tematiske element på tvers av eit større narrativ, og var dermed kompatibel med det fenomenologiske designet (Risseman, 2008). Metoden har vidare vorte kritisert for å vere ei ”simpel” analysetilnærming som manglar konsistent framgangsmåte (Braun & Clarke, 2006; Howitt, 2016). Dette kan skyldast at ein del forskarar innan feltet ikkje nyttar ein god systematisk framgangsmåte (Howitt, 2016). Ei rekke retningslinjer for korleis ein kan gå fram ved tematisk analyse er likevel tilgjengeleg (Attride-Stirling, 2001; Braune & Clarke, 2006; Sparkes & Smith, 2014; Thaagard, 2013). Attride-Stirling (2001) presenterer eksempelvis ein etablert og velkjend framgangsmåte for å utføre tematisk nettverksanalyse av kvalitativ data.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Teknikken er ein praktisk og effektiv framgangsmåte for å utføre analyse (Attride-Stirling, 2001), og var difor teknikken eg valde å basere analysen min på.

I følgje Braun og Clarke (2006) skil ein mellom deduktiv og induktiv tilnærming til datamaterialet når ein nyttar ei slik tilnærming. Den deduktive tilnærminga inneber at forskaren tar utgangspunkt i ei teoretisk forståing som dermed styrar utarbeiding av temaet med ei top-down tilnærming. Ved induktiv tilnærming utarbeider ein på den andre sida tema ut i frå funn frå datamaterialet med ei bottom-up tilnærming. Som forskar var eg bevisst mi før-forståing, samt forskingsspørsmål som var styrande for kva eg sökte innsikt i. Samstundes var det ynskeleg at tema vart utarbeidd undervegs i prosessen med gjennomgang av datamaterialet. Difor vart ein kombinasjon av begge tilnærmingane nytta.

Ved ei fenomenologiske tilnærming ynsker ein vidare å kartleggje fellestrekks for deltarane sine erfaringar av fenomen. Eg måtte søkje etter likskapar og/eller ulikskapar i forståingane. Slik sökte eg ikkje berre etter å forstå fenomenet frå jentene sitt perspektiv, men òg å forstå fenomenet heilskapleg. Ein slik måte å vurdere datamaterialet på, har parallelar til Attride-Stirling (2001) si tematiske analyse.


**4.4.2.1 Tematisk nettverksanalyse.** Ved å nytte framgangsmåten til Attride-Stirling (2001), byrjar ein analyseprosessen med å kartleggje grunnleggjande tema (*basic themes*) frå datamaterialet. Dette er tema som er forankra i eit sentralt omgrep, og representerer karakteristika ved teksten, men som åleine seier lite om teksten som heilskap. Dei grunnleggjande tema dannar grunnlaget for utforminga av organiseringa tema (*organizing themes*). Slike tema summerar opp dei viktigaste trekka i ei gruppe av grunnleggjande tema, og kan i større grad avsløre kva som skjer i datamaterialet. Fleire organiseringa tema vert lagde til grunn for å danne eit globalt tema (*global theme*), som framhevar ein slags konklusjon; det fortel kva teksten omhandlar i heilskap, og verkar som ein oppsummering av hovudtema i materialet (Attride-Stirling, 2001).

For å danne dei ulike kategoriane nemnd over, følgde eg Attride-Stirling (2001) si steg-for-steg forklaring på korleis ei tematisk nettverksanalyse skal gjennomførast. Før ein byrjar er det særleg viktig å vere kjend med alle aspekt ved datamaterialet (Braun & Clarke, 2006). Etter at transkribering var gjennomført, brukte eg difor ei betydeleg mengde tid på å lese over materialet. Når eg følte meg tilstrekkelig kjend med det, byrja eg prosessen med reduksjon og koding av datamaterialet (*steg 1*). I dette

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

arbeidet nyttet eg dataprogrammet Nvivo. I Nvivo skjer koding ved at aktuelle delar av teksten som vert vurdert som meiningsfulle og naudsynte for analysen, vert markert og lagde inn i forskjellige kategoriar og koda (Bazeley & Richards, 2000). Ei utfordring ved dette, var å foreta koding i eit rammeverk med slike klare eksplisitte grenser (Attride- Stirling, 2001). Dette då ein del av utvalet sine forteljingar flaut over i kvarandre. På grunn av dette forsøkte eg på best mogleg måte å dele dei ulike tekstsegmenta inn i kodar som var oversiktlege, men utan at meiningsinnhaldet gjekk tapt.

Etter at eg hadde delt dei ulike tekstsegment inn i oversiktlege kodar, byrja arbeidet med identifisering av tema (*steg 2.*). Her las eg gjennom tekstsegmenta i kvar kode, og trakk fram dei framtredande kodane, samt kodar med likskap i ytringane. Kodane vart gruppert, og leia slik til identifisering av dei grunnleggjande temaa. Modellen under illustrerer korleis eg grupperte kodar med likskap i ytringane for å forme eit grunnleggjande tema.



Figur 3. Illustrasjon av korleis grupperte kodar vert forma til eit grunnleggjande tema.

Etter at alle kodane var fordelt i grunnleggjande tema, retta eg fokus mot korleis dei grunnleggjande temaa kunne kombinerast for å danne dei overordna temaa

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

(steg 3). Eg forsøkte i dette arbeidet å finne ein felles tråd og ein meiningsfull ”essens” (Sparkes & Smith, 2014). Det var i denne fasen dei grunnleggjande temaa vart forma til overordna tema, som igjen forma eit globale tema. Figuren under (Figur 4.), illustrerer prosessen med utforming av dei ulike temaa. I følgje Attride-Stirling (2001) skal dette vidare presenterast i eit nett-liknande kart, som illustrerer temaa ved kvart av dei tre nivåa samt forholda dei i mellom. Eg utarbeidde difor eit tematisk kart, som illustrerte temaa og koding utvikla gjennom analysen (sjå figur 5.).



Figur 4. Illustrasjon av prosessen med utforming av temaa.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Neste steg (*steg 4*) handla om å sjå nærare på i kva grad dei ulike temaa faktisk passa til kvarandre, samt til dei tidlegare kodane som var utforma (Attride-Stirling, 2001). Målet var å sjå om dei ulike kodane danna eit samanhengande mønster. Eg las difor gjennom det opphavlege materialet, kodane og temaa på nytt. Slik kunne eg sjå at dei ulike temaa passa til kvarandre, samt representerte det opphavlege datamaterialet. Vidare var det særleg viktig å undersøkje at materialet som var plukka ut, var det som var mest hensiktsmessig med tanke på forskingsspørsmåla (*Steg 5*), (Sparkes & Smith, 2014). Eg opplever sjølv at eg har klart å plukke ut det essensielle med tanke på mi problemstilling. Ved det siste steget (*Steg 6*) var målet å gå tilbake til det opphavlege forskingsspørsmålet og underbygge dette med mønster som gjorde seg synleg i datamaterialet, for så å presentere mønstra i høve til relevant teori – slik studien samansett illustrerer (Attride-Stirling, 2001).

## 4.5 Kvalitetssikring av data

Målet for ein kvar studie vil vere å samle korrekt og presis data, som er ein avgjerande føresetnad for å kome fram til haldbare analyseresultat (Polit & Beck, 2012). Validitet og reliabilitet er tradisjonelle kvalitetmarkørar i ei slik vurdering, og har sitt opphav i naturvitenskapleg forsking. Dette gjeldt òg generaliserbarheit. Reliabilitet viser til kor vidt gjentekne målingar med same måleinstrument vil lede til same resultat, samt kor nøyaktig denne målinga har vore, medan validitet går ut på om ein faktisk målar det ein vil måle. Generaliserbarheit omhandlar i kva grad funna frå forskinga har ei meir generell gyldigheit (Kvale & Brinkman, 2015; Ringdal, 2007).

Det er omstridd kor vidt desse kvalitetmarkørane egnar seg for vurdering av kvalitet i kvalitativ forsking (Kvale & Brinkman, 2015). Kvalitativ forsking kan eksempelvis ikkje analyserast statistisk på same måte som kvantitativ forsking. Dessutan er ikkje hensikta at forskaren skal kunne vere utskiftbar, eller at resultata skal vere reproducerbare (Thaagard, 2013). Eg ynsker eksempelvis ved mitt forskingsspørsmål å undersøkje menneskelege opplevelingar. Slike opplevelingar lar seg ikkje måle og gjere generaliserbare på same måte som tal kan ved kvantitativ forsking (Kvale & Brinkman, 2015). Ei rekkje forskrarar har difor forsøkt å distansere seg frå det positivistiske paradigmet, ved å tilpasse kvalitetmarkørane til den kvalitative metoden (Shenton, 2004). Thaagard (2013) talar eksempelvis for å nytte terminologiane *truverdigheit, bekreftebarheit og overførbarheit*.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

**4.5.1 Truverdigheit.** Truverdigheit handlar om i kva grad resultat frå forsking vert oppfatta som truverdig, sannferdig, og om ein kan ha tillit til forskingsfunna (Holloway & Wheeler, 2002; Macnee & McCabe, 2008). Med tanke på studien handlar dette om i kva grad mine forskingsfunn representerer ei korrekt tolking av deltakarane sine ytringar (Graneheim & Lundman, 2004; Lincoln & Guba, 1985). Det vert difor sentralt å reflektere over korleis datainnsamling har føregått med sikte på å identifisere moglege feilkjelder (Thagaard, 2013). Eg har gjennom studien forsøkt å reflektere og grunngje metodiske val.

Lincoln og Guba (1985) presenterer ei rekke teknikkar ein kan nytte for å oppnå truverdigheit. Eg har sett på følgjande teknikkar som særleg sentrale for denne studien: Vedvarande observasjon, triangulering, diskusjon og debriefing med andre forskrarar, kontroll av rådata og sjekking av funn (Lincoln & Guba, 1985).

*Vedvarande observasjon* gjer ein meir djuptgåande vitskap om det som vert studert. Ved at ein har eit opent sinn og held ulike tolkingsmoglegheiter opne over tid, kan nye og interessante element dukke opp og bidra til å differensiere det totale biletet av resultata (Lincoln & Guba, 1985). Mine tankar og refleksjonar utvikla seg etter kvart i intervjugrosessen. Eg fekk òg god anledning til å fortsetje refleksjonane under arbeid med transkriberingen. Eg lytta gjennom opptak, og las gjennom det ferdige transkriberte materialet fleire gonger, og brukte lang tid på å bli kjend med datamaterialet. I dette arbeidet fekk eg fleire ”aha-opplevingar”. Til slutt vart òg den endelige analysen av intervjeta ei sentral kjelde til refleksjon.

*Triangulering* inneber at bestemte fenomen vert studert frå forskjellige synsvinklar og synspunkt, samt at problemstillinga vert belyst ved hjelp av forskjellige metodar (Grønmo, 2016). Mi datainnsamling var ein del av eit større prosjekt, og val av ei narrative intervjuform bygde på tidlegare funn frå utførte fokusgruppeintervju. Gjennom heile prosessen har eg hatt eit tett samarbeid med andre forskrarar ved forskingsgruppa for prosjektet. Det var blant anna lagt opp til jamnlege møter, der ein kunne stille spørsmål og drøfte funn. Eg hadde moglegheit til å kontakte dei andre forskarane ved prosjektet utanfor desse møta for å drøfte diverse val og tolkingar, noko eg fann særleg nyttig. Under arbeidet med analyse av datamaterialet, deltok eg òg på seminar med forskingsgruppa, der me i fellesskap øvde på koding av materialet og saman såg på moglege utformingar av kodar. Diskusjon og debriefing med andre forskrarar styrkar kredibiliteten av studien, ettersom ein på denne måten får moglegheit

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

til å klargjere forskingsfunn gjennom at andre får anledning til å stille spørsmål ved forskaren sine slutninger og konklusjonar (Lincoln & Guba, 1985). I tillegg har eg reflektert over studien i lys av litteratur og tidlegare forsking på feltet. På denne måten har eg nytta ulike kjelder og metodar som grunnlag for å komme fram til undersøkinga sine resultat og tolkingar (Lincoln & Guba, 1985).

*Kontroll av rådata og sjekking av funn* handlar om at ein lar andre få tilgang til original data (Lincoln & Guba, 1985). Min rettleiar ved prosjektet har hatt tilgang datamaterialet og til delar av min empiri i form av transkribert materiale. Rettleiaren min las eksempelvis over transkribering av fyrste utførte intervju, og gav meg nyttige tilbakemeldingar og forslag til endringar før eg utførte resten av intervjuen. Eg har vidare hatt tett oppfølging av rettleiar og forskingsgruppa gjennom det arbeidet med tolking og utforming av resultat.

**4.5.2 Bekreftbarheit.** Medan truverdigheit er knytt til framgangsmåten for å utvikle data, er bekreftbarheit knytt til tolking av resultat og handlar om kvaliteten i dei tolkingar som vert utført (Thaagard, 2002; 2013). Ein må etterstrebe at forskingsfunn er basert på reelle data og ikkje forskaren sine personege tolkingar og konstruksjonar (Lincoln & Guba, 1985; Thagaard, 2013). Dette inneber at ein annan person som får tilgang til data skal kunne vere i stand til å rekonstruere korleis forskaren har tolka data, samt komme fram til dei same konklusjonane. Når det er sagt, er det viktig å nemne at det i kvalitativ forsking ikkje kan garanterast at resultata kan atterskapast av ein annar forskar, då forskaren sitt blikk styrar kva ein finn interessant og meiningsgjevande. Mine erfaringar kan dermed farge oppfatning av datamaterialet (Grønmo, 2016; Thaagard, 2013). Eg har difor forsøkt å gjøre forskingsprosessen "gjennomsiktig" ved å gjennomgåande reflektere over og forklare arbeidet kring analyse og tolking av funn. Alt i alt meiner eg at det ovenståande visar at mine resultat er i tråd med kvalitetsmarkören.

**4.5.3 Overførbarheit.** Overførbarheit handlar om i kva grad funn frå studien kan gjerast gjeldande i andre samanhengar, det vil seie om funna har gyldigheit utover utvalet, konteksten, og er relevant og anvendeleg også i andre situasjonar (Lincoln & Guba, 1985; Thaagard, 2013). Mi undersøking tek for seg opplevingane til seks einslege mindreårige, knytt til flukt og tilpassing til den norske kultur. Resultata frå mi undersøking kan neppe overførast til å skulle gjelde alle ungdommar i liknande situasjonar, eller utelukkande forklare kva som førar til positiv tilpassing av einslege

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

mindreårige jenter. Undersøkinga gjer derimot eit innblikk i korleis desse ungdommane opplever situasjonen sin, og kan såleis kanskje vere med på å bidra til meir kunnskap om dette fenomenet.

Skal ein sorgje for overførbarheit, må ein invitere lesaren til å lage koplingar mellom element frå studien og eigne erfaringar (Creswell, 2014; Polit & Beck, 2012). Dette krev at ein sorgjer for ei rik og gjennomgåande beskriving av utval, metode og kontekst (Bitsch, 2005; Polit & Beck, 2012; Tobin & Begley, 2004). I studien har eg difor forsøk å gje ei detaljert skildring av desse elementa. Eg har gjort nøyne greie for korleis intervjuha vorte gjennomført, samt korleis eg gjennom arbeid med analyse har kome fram til mine forskingsfunn. Eg meiner sjølv at dette er gjort greie for på ein måte som gjer det mogleg for ein leser å bedømme undersøkinga si overførbarheit.

## **4.5.4 Eigen posisjon og før-forståing**

Som forskar har ein alltid med seg ei før-forståing. Denne før-forståinga kan sjåast på som ein ryggsekk ein ber med seg inn i forskingsprosessen. Innhaldet i ryggsekken påverkar prosessen. Sjølv om ein som forskar forsøkjer å vere nøytral med tanke på tolkingar, har ein alltid med seg ein bakgrunn og ei eiga forståing når ein forskar og tolkar (Malterud, 2011). I kvalitativ forsking er forskaren dessutan i seg sjølv eit instrument i forskingsprosessen; særleg fordi analysetilnærmingane baserer seg på at ein som forskar tolkar datamaterialet. Samstundes er det eit mål at resultata skal reflektere deltakarane sine meningar, og erfaringar (Malterud, 2003). For at ein skal ta stilling til korleis mi før-forståing har påverka resultata, er det dermed viktig at eg gjer min før-forståing eksplisitt (Creswell, 2014; Malterud, 2011; Thaagard, 2013). Korleis forskaren framstår for deltakaren vil vidare verte reflektert i deira reaksjonar, og deltakarane si åtferd i intervjustituasjonen vil vere prega av korleis dei plasserer forskaren (Thagaard, 2013). For å gje eit bilet av kva eg som intervjuar representerer for deltakarane, er det til hjelp for leseren å få presentert forskaren sin posisjon.

I dette høvet er forskaren meg, ei 25 år gammal norsk kvinne som er oppvachsen i ein liten kommune i Hordaland. Min sosiale og kulturelle bakgrunn fører med seg visse referanserammer. Verda, slik eg ser den, er eksempelvis annleis enn for ein person med ein annan bakgrunn (Creswell, 2014). Derfor er mine referanserammer andre enn deltakarane som har vokse opp land i Aust- og Sentral-Afrika sine. I min faglige bakgrunn som sjukepleiar har eg inga erfaring frå arbeid med migrasjonsprosess eller i barnevernet, men eg har erfaring frå arbeid med unge vaksne i psykiatriske

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

sjukehuspostar. Thagaard (2013) beskriv kva fordelar ein som intervjuar har ved å bli forstått som ”utanforståande”. Det at eg ikkje hadde noko direkte erfaring frå feltet, tillot meg å opptre i rolla som ein person som kjem ”utanfrå”. Det vart enkelt å gå inn i rolla som ”bevisst naiv”, noko som gjorde det naturleg å stille utdjupande spørsmål. Fordi nokre av deltakarane hadde opplevingar med mangefull omsorg innan hjelpeapparat, var det ein fordel å ikkje bli sett på som ein representant frå systemet dei hadde negative erfaringar med. Det at eg var i omtrent same aldersgruppe som eit fleirtal av jentene, såg eg på som ein styrkje. Eg følte at eg i større grad kunne relatere meg til den fasen jentene var i. Eg opplevde òg at min alder gjorde at det var lettare for jentene å opne seg for meg enn om eg hadde vore eldre. Eksempelvis sa ei av deltakarane at ho følte at ho snakka med ei venninne, og ei annan fortalte at eg minna ho om si eldre syster. Det kan tenkast at min alder skapte ein meir likeverdig og trygg relasjon.

Med bakgrunn i faglitteratur, media og politiske føringer var mi før-forståing prega av eit bilet av målgruppa som særleg sårbar og med høg forekomst av psykiske lidingar og vanskar. Dette synet kom tydleg fram i prosjektplanen min som vart skriven i forkant av undersøkinga, der eg i stor grad retta fokus mot psykiske utfordringar kring gruppa. Kontrasten mellom denne før-forståinga og inntrykket eg fekk då eg møtte deltakarane vart stor. I ettertid kan det tenkjast at denne kontrasten førte til at eg endra før-forståing av deltakarane – frå å tenkje at dei var sårbar, til å rette fokus mot deira sterke sider. Min før-forståing av deltakarane var difor ikkje fullstendig nøytral og påverka kva eg fokuserte på i både analysen og tolkinga av funna. Dette kan ha ført til bias i tolkingane, ved at eg kan ha oversett andre relevante aspekt. Med tanke på kvalitetssikring vart difor eiga før-forståing granska og testa opp mot relevant litteratur. Vidare er intervjuguide og teknikkar diskutert og korrigert i samsvar med råd frå rettleiar. Dermed har eg som forskar, på lik linje med Malterud (2003), forsøkt å unngå å blande inn eigne meiningar og snarare prøvd å fungere som ein talsperson for deltakarane.

### 4.6 Etiske og metodiske omsyn og refleksjonar

All forsking som involverer menneske vert regulert av etiske omsyn og eit overordna prinsipp om at ein gjennom heile prosessen skal ha grunnleggjande respekt for menneskeverdet (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2016). Kvale (1996) omtaler tre sentrale etiske retningslinjer for forsking på mennesker: *Informert*

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

*samtykke, konfidensialitet og konsekvensar.* Informert samtykke inneber at deltakaren samtykkjer til å delta i prosjektet, basert på informasjon om undersøkinga, samt moglege fordelar og ulemper ved å delta. Det er difor viktig å forklare hensikta med prosjektet grundig, kven det vert gjort for, og at deltaking er frivillig (Kvale, 1996). Deltakarane mine fekk i forkant av intervjua utdelt informasjonsskriv, der mål for prosjektet og planlagd gjennomføring vart skildra. Informasjonsskriva vart gjennomgått med deltakarane i samarbeid med kontaktpersonar i barnevernstenesta eller kontaktperson på mottak, før samtykke vart innhenta. For å sikre at jentene var innforstått med kva samtykke innebar, gjennomgjekk eg element frå informasjonsskrivet på nytt i byrjinga av kvart intervju og gav rom for at deltakarane kunne stille spørsmål. Sjølv om deltakarane hadde gitt samtykke, var det viktig for meg med ei tydeleg, felles forståing om at dei hadde moglegheit for å trekke samtykket. Ettersom dette er ein studie der barn og ungdom deltek, har eg vore særleg bevisst på ikkje-verbale teikn på ubehag og ynske om å trekke seg (Øien, 2010). Dette særleg med tanke på deltakaren som faktisk trakk samtykket. I tilfellet der dette skjedde, observerte eg at deltakaren vart uroleg og gav difor rom for at deltakaren kunne trekke samtykke.

*Konfidensialitet* inneber at ein må sørge for at data som kan røpe deltakarane sin identitet ikkje vert avslørt (Kvale, 1996). Bandopptak vart sletta straks etter at transkribering var fullført. Transkribert materiale vart oppbevart på passordbeskytta datamaskin, og samtykkeskjema vart oppbevart i passordbeskytta safe. Det er naturleg å anonymisere namn og stader i ein studie som denne (Øien, 2010). Behandling av sensitive opplysningar er generelt meir krevjande når ein står ovanfor mindre populasjonar, og ein må vere merksam på at framstilling av etnisitet kan bidra til at eit anonymisert materiale lettare kan sporast tilbake til grupper eller individ (Ingierd & Fossheim, 2015). Eg har difor vore særleg nøyne med å anonymisere stadnamn. I eit prosjekt som dette kan det dessutan vere etisk utfordrande å rette for stort fokus på nasjonal og/eller etnisk bakgrunn. Øien (2010) hevder at ein som forskar har eit ansvar for dei gruppene ein jobbar med, og ikkje berre enkeltindividet. Det er alltid ein fare for at kunnskap som vert produsert vert nytta til føremål som ikkje inngjekk i dei opphavlege måla for prosjektet, og som kan føre til negative konsekvensar for spesifikke grupper av migranter (Øien, 2010). Det var samstundes umogleg å snakke om enkelthistoriar utan å fokusere på bakgrunnen til jentene. Eg har difor unngått

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

fokus på nasjonalitet eller etnisitet, og snarare forsøkt å fokusere på generelle trekk ved jentene sine situasjoner.

Eit svært viktig prinsipp er at deltakarane ikkje skal ta skade av å delta i forskinga. Ein vert difor nøydd til å tenkje gjennom *konsekvensane* deltakarane kan få av å delta i prosjektet (Kvale, 1996). Ei utfordring i denne studien var den utbreidde oppfatninga av denne gruppa som utsatt eller sårbar (Ingierd & Fossheim, 2015). Wiley og Rappaport (2000) hevdar at det kan vere risikofult å spørje slike grupper om å delta i ein studie, då det kan føre til psykisk belastning i ettertid. Det vert difor lagt vekt på verdien av å vere førebudd på at dette kan oppstå. Når barn og unge deltek i forsking, har dei særleg krav på å verte beskytta (De nasjonale forskningsetiske komiteer, 2016). Eg forsøkte å skåne individua for moglege belastningar ved å fokusere på positive opplevingar, ressursar og strategiar som har vore til hjelp for dei. Eg var dessutan tydeleg på at jentene stod fritt til å velje kva dei ynskte å snakke om, og at dei ikkje trong å svare på spørsmål som dei følte var utfordrande. I forkant av intervjua klarerte eg med deltakarane, mottak og barnevern at jentene hadde tilgang til psykologteneste dersom behov skulle melde seg i etterkant. Eg var òg tydeleg på at jentene kunne kontakte meg i ettertid, dersom dei hadde spørsmål kring intervjua.

Eg har tolka mine deltakarar med mål om å finne fenomen som er felles for dei. Einslege mindreårige kan lett verte framstilte som ei nokså einsarta gruppe (Wikan, 1995). Dette må ikkje skugge for det faktum at det er snakk om individ med ulike preferansar, personlegdom og erfaringar (Engebretsen, 2002, s. 24). Norsk samfunnsvitskapelig datateneste (NSD) yter tenester til innsamling og godkjenning av data. Studien vart søkt inn til NSD, og det vart dermed sikra etisk godkjenning for prosjektet.

Eg vil i det følgjande kapittelet presentere funna eg identifiserte gjennom den tematiske analyse, og tilarbeiding av datamaterialet.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## Kapittel 5: Presentasjon av funn

### 5.1 Introduksjon

Eg vil i dette kapittelet først gje ei kort skildring av deltakarane i studien. Deretter vert funn frå analysen presentert ved hjelp eit tematisk kart (sjå figur 5.). Kartet illustrerer dei grunnleggjande, organisering og globale temaa analysen resulterte i. Kvart av temaa vil verte gjennomgått i rekkjefølgja kartet illustrerer. Temaa vert i samsvar med ei narrativ framstilling presentert ved bruk av sitat, og direkte skildringar frå deltakarane.

### 5.2 Presentasjon av deltakarar

Jentene kom frå diverse land i Aust- og Sentral-Afrika, og hadde flykta frå heimlanda då dei var mellom 13 og 15 år gamle. Årsakene til flukt var krig, politisk undertrykking og tvangsekteskap. Med unntak av Aida, hadde alle vore busett i Noreg i meir enn tre år. Aida, Damisi, Ebere og Fadwa var busett i kommunar i Hordaland, medan Baako og Cryah var busett ein kommune på Austlandet. Aida budde på eit mottakssenter i påvente av permanent bu-ordning i ein kommune. Baako, Cyrah og Damisi hadde flytta i eigne bustadar, medan Ebere og Fadwa budde hjå fosterfamiliar.


<sup>1</sup>

Tabell 2. Presentasjon av deltakarar.

Namn (fiktivt)	Alder	Opphav	Tid i Noreg
Aaida	15 år	Øst-Afrika	6 månader
Baako	20 år	Øst-Afrika	7 år
Cyrah	20 år	Øst-Afrika	4 år
Damisi	18 år	Øst-Afrika	3 år
Ebere	18 år	Øst-Afrika	3 år
Fadwa	18 år	Sentral-Afrika	4 år

<sup>1</sup> Ved presentasjon av funn har eg vald å omtale jentene i generelle termar. Eg skriv ”alle” dersom funnet gjeld alle jentene, eller alle med unntak av ei. Eg skriv ”dei fleste” dersom funnet gjelder meir enn halvparten av jentene. Eg skriver ”nokre” dersom funnet gjelder halvparten av jentene eller færre, men meir enn ei. Dette samsvarar med konsensus for frekvensmarkering i kvalitativ forsking som vurdert av Hill et al., (2005). Det som vert utlatt frå presentert teksten vil markerast med tre punktum [...]. Utelet eg noko mellom to setningar, markerar eg det med fire punktum [...]. Sjølv opplevde eg det som problematisk å trekke tydelege skilje mellom då mine deltakarar var barn, og etter at dei var blitt vaksne. Det vil tenkjeleg vere både kunstig og lite hensiktsmessig for studien å trekke eit skilje mellom tida før og etter at dei var fylt 18 år. Eg omtalar dei difor vekselvis som ”jentene”, og ”deltakarane”, uavhengig av kva tidsperiode det vert referert til.

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG



Figur 5. Tematisk kart.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## 5.3 Eit nytt Liv i Noreg

Hovudfunna i det globale temaet ”Eit nytt liv i Noreg” er summen av korleis jentene meistra reisa til og tilpassinga til det nye livet i Noreg.

### 5.3.1 Pre-migrasjon og migrasjonsfase: Ressursar og meistringsstrategiar.

Ved dette temaet vil eg omtale årsak til flukt, samt korleis jentene meistra flykta til Noreg. Fokus vil vere knytt til kva ressursar og meistringsstrategiar dei nytta i denne prosessen.

**5.3.1.1 Årsak til flukt ”Eg må reisa til ein betre stad”.** Jentene flykta frå heimlanda sine i Aust- og Sentral-Afrika då dei var mellom 13 og 15 år gamle. Aida og Damisi skulle giftast vekk til eldre menn mot deira vilje, og la på flukt for å unngå dei arrangerte ekteskapen.

*Eg har reist frå heimlandet på grunn av problem som eg har opplevd sjølv. Det første var at mannen som var slekting ynskja å gifte meg vekk til ein mann.*

*Fyrst og fremst så var det det at eg ikkje var komen til den tida kvar eg skulle gifte meg, eigentleg. Altså at eg skulle bli gift. Den andre ting var det at eg ikkje ynska å bli gift, og då byrja dei å true meg. Då har dei trua meg til å ta livet av meg (Aida).*

Baako, Ebere og Cyrah flykta grunna krig, og politisk undertrykking.

*Eg hugsar det eigentleg, men det er ein litt sånn vondt oppleveling. Så me levde liksom, før var det ein rolig stad, men plutselig byrja det å bli krig, og der me budde, me måtte flytte. Eg mista en bror då han var veldig ung, og han var berre tretten år da han døyde. Dei har tvinga han til å bli med i ei gruppe, men han nekta då, å bli med i den gruppa. Den heiter [nemnar namn på ekstremistgruppe], så dei ville at han skulle vere i den krigen, å kriga på same side som dei, men han nekta. Då skaut dei han .... dei som budde der, dei prøvde å voldta kvinnene. Så mamma var redd for at dei skulle prøve å gifte med jentene, tvinge dei. Så mamma prøvde at det ikkje skulle skje det same med oss, som det har skjedd med dei andre jentene. Mamma hadde eit hus, som ho måtte selje ... så mamma betalte ein venn for at han skulle ta til oss til tryggleik (Baako).*

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Fadwa vaks opp i ein velståande familie med gode levekår, men etter ei tragedie enda ho uventa opp som åleineforsørgjar til ei yngre, svært sjuk syster. Systrene la på flukt for å oppsøkje naudsynt helsehjelp.

*Faren min var politikar. Moren min gjekk fortsatt på skule, for ho fekk meg då ho var ganske ung då, og systera mi. Ja, mormora min var lege og morfaren min var rektor på ein skule ... så eg hadde eit ganske vanleg liv då, eg hadde det eg trengte i heimlandet, men så måtte eg vere mor til systera mi ... det er eigenleg ein ganske lang historie då, veldig privat då, for moren min var ikkje der. Så då måtte eg passe på henne sjølv [refererer til systera] ... for systera mi, ho vart veldig sjuk, og legen sa sånn at ho berre hadde tre månadar igjen å leve, eller noko sånn ... så me måtte liksom finne eit land der dei klarer å fikse dette. Så då vart me sendt til Norge då. Så det gjekk liksom sånn kjapp, kjapp då. Grunnen var eigenleg at systera min trengte nødvendig helsehjelp då (Fadwa).*

Dei fleste fortalte òg at dei hadde eit ynske om å skape eit betre liv, og at dette ynsket gav motivasjon til å gjennomføre flykta. Det varierte i kva grad jentene var bevisst at det var Noreg som var sluttdestinasjonen, eller ”målet”. Destinasjonen var i dei fleste tilfella bestemt av føresette som arrangerte flykta i samarbeid med menneskesmuglarar. Alle var likevel bevisst at dei ville kome til ”ein betre stad” med moglegheit for eit betre liv.

*... eg tenkte, eg kan ikkje bu her [refererer til heimlandet], eg må flytte til ein annan stad, betre enn det. Flytte, du kan ikkje gjere noko der ... eg visste berre liksom, frå Afrika, du må berre flytte til Europa, for liksom, dei har alt. Dei kan høyre deg, politikarane og demokratiet, men der i Afrika, det er ikkje betre. Så berre kom til Norge (Damisi).*

**5.3.1.2 Viktige nøkkelpersonar:** "Det var dei som hjalp oss". Alle fortalte om ei flukt prega av usikkerheit og redsel: "Å reise frå heimlandet åleine, å reise åleine, det er jo vanskeleg eigentleg. Så er det jo sånn at å reise, reisinga er ikkje lett" (Aida). Dei fleste fortalte samstundes om viktige "nøkkelpersonar" som organiserte og hjalp dei med å gjennomføre flykta. Dette var i dei fleste tilfella føresette. Cyrah nemde eksempelvis sin far som ein viktig nøkkelperson: "Faren min er jo alt for meg, han

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

hjålps meg med alt. Så ja, eg kan ikkje snakke, utan å snakke om han” (Cryah). Aida nemnar til samanlikning si mor.

*Moren min, det er eigentleg ho som har vore min støtte. Det er ho som har snakka med meg, og det var ho som gav meg moralen til å reise. For ho sa at eg kom til å bli drepen om eg ble igjen her [refererer til heimlandet]. At du måtte reise (Aida).*

Dei fleste vart ført til Noreg ved hjelp av menneskesmuglarar. Det var føresette som hadde organisert denne ”tenesta”.

*For å reise til Noreg, det var ein mann som jobbar i [stadnamn] som hjalp meg. Eg snakka ikkje språket han snakka. Den tida eg kunne ikkje snakke. Så då, han pappa betalte til han, så han måtte følgje meg heile vegen. Eg veit ikkje kven han var, er eller kva han driv med. Det er veldig vanskeleg. Korleis skal eg stole på han? Kva skal han? Kvar skal han ta meg? Du lurer på mange spørsmål, men samstundes, du har ingen svar. Han berre seier, følg meg. Du har ingen anna val, du må bli med. Det var veldig tøft, veldig vanskeleg ... eg følte meg som eit dyr, eit barn. Eg berre følgde etter (Baako).*

Jentene fortalte at menneskesmuglarane var velorganiserte og hadde klare planar for korleis flykta skulle gjennomførast.

*Dei fiksa med transport, og mat og sånn. Eg kunne ikkje snakke med dei, men dei visste liksom kor me kunne reise, og ikkje reise. Dei er liksom ekspertar då, det er jobben, eller yrket deira. Dei har planar. Eg måtte jo berre stole på dei (Cryah).*

Menneskesmuglarane sørga for at jentene hadde tilgang til naudsynte dokument for innreise i diverse land.

*Der i [stadnamn] måtte han [refererer til menneskesmuglaren] fikse på passet, og fikse på dokumenta. For han måtte lage nokre falske dokument, skjønner du, for me hadde ikkje det. Så mamma hadde betalt for han ... eg trur det tok to månadar (Baako).*

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Nokre fortalte at dei oppretthaldt kontakt med føresette gjennom heile flykta. Dette via sporadiske telefonsamtalar som menneskesmuglarane organiserte. Dette var noko jentene fann støtte i.

*Dei [refererer til menneskesmuglarane] sa sånn, ja no kan dykk ringe .... ja, eg snakka med pappa på telefonen då. Det var ikkje så ofte, men eg fekk ringe då. Det er godt å høyre stemma, og han sørger for at alt er bra, at det skal ordne seg. Dette har hjelpt meg mykje då (Baako).*

**5.3.1.2 Spirituell støtte: "Gud er her for meg".** Dei fleste var religiøse, og fortalte at religion var noko dei fann håp og støtte i for å meistre flykta til Noreg.

*Eg bedde dobbelt så mykje. Eg bedde dobbelt så mykje om at det ikkje skulle skje noko med oss, to veldig unge jenter, fjorten og trettenåringen då. Eigentleg hadde eg litt sånn, eg kan ikkje gjere noko i den tida, men eg pleidde å be så mykje, at Gud skal hjelpe oss ... Gud hjalp meg (Baako).*

Nokre av jentene fortalte at dei opplevde at ein gud var nokon dei kunne dele otter og tankar med i ein situasjon der dei ikkje hadde tilgang til nokon andre.

*Eg kunne sei det eg hadde i tanken, det eg var redd for, ikkje sant? For det var ingen andre å snakke med, berre meg sjølv, og Gud. Ja, han, Gud var der, han høyarde meg (Ebene).*

Nokre av jentene fortalte at dei hadde tru på at Gud beskytta dei, og at han ikkje ville la noko vondt hende. Nokre snakka òg om at Gud hadde ein plan, og at det som ville skje allereie var bestemt av denne planen.

*Eg trur på Gud då, og Jesus. Så eg bedde veldig mykje, og berre stolte på at Gud hadde ein plan for meg. Det Gud ynskja at skulle skje, det var berre det som skulle skje. Det hjalp veldig mykje då ... dette med trua vår. Fordi me trur ganske sterkt då ... eg veit at Gud er her for meg. Han hjelper meg, så på ein måte, han kjem ikkje til å la noko galt eller forferdelig skje med meg. Han på ein måte beskyttar meg. Så dersom ting skjer, så er det liksom han sin plan, og han vil at eg skal lære noko av det. Noko sånn då, det er berre sånn eg tenker (Fadwa).*

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Jentene var motiverte, og presenterte ei positiv innstilling til at dei ville meistre flykta, trass opplevingar av motgang. Dei nytta tankar om ei betre framtid som drivkraft. Dei fortalte vidare om viktige ”nøkkelpersonar” som organiserte og hjalp dei med å gjennomføre flykta. I dei fleste tilfella var dette føresette og menneskesmuglarar. Religion såg vidare ut til å skape ein tryggleik, ved at jentene opplevde at dei hadde nokon som ”passa på”.

**5.3.2 Post- migrasjon: Tilpassing til det nye livet i Noreg.** Ved dette temaet vil eg presentere jentene sine opplevingar kring tilpassing til det nye livet i Noreg, med fokus på kva ressursar og meistringsstrategiar dei nytta.

**5.3.2.1 Språk: ”Språk er nøkkelen til livet”.** Språk vart nemnd av alle deltakarane som den viktigaste ”nøkkelen” til det norske samfunn, både når det gjaldt skule, arbeid, nettverk, og integrering for øvrig: ”Språk, språk er sentralt. Om du ikkje kan språk, kan du ikkje gjere nokon ting … språket er nøkkelen til livet, og for å overleve her” (Aida). Dei fleste av jentene fortalte samstundes om utfordringar kring å kome til Noreg utan å meistre språket.

*Fordi folk sit og snakkar, og så forstår eg ingenting. Då følar eg meg sånn, eg vet ikkje korleis eg skal forklare det. Sjølv om folk var der, så følte eg meg einsam. Eg vil forstå kva dei snakka om, ikkje sant? (Cryah).*

Cryah fortel vidare om utfordringar manglande språkforståing førte til i skule og arbeidsliv.

*Dersom du kan ikkje språket, det er ingen som gidd å snakke med deg i Noreg. Men eg er ungdom, og ungdommane er veldig frekke med deg, veldig frekke, og slemme … ja lærarane òg. Me hadde ein lærar … dersom han veit at du ikkje snakkar norsk bra, han ville ikkje ein gong forklare oppgåvene. Han ville ikkje kome bort. Det finnes sånne ting. Så språk er veldig, veldig viktig her … for eksempel, då eg kom til Norge, eg vil jo jobbe, men det var veldig vanskelig å finne jobb. Eg starta med sånn ungdomsjobb … men det var mange slemme ungdommar, mot meg, fordi eg ikkje kunne snakke norsk. Dette var håplaust for meg då, også ja då måtte eg berre lære (Cryah).*

Fleire av jentene fortalte om liknande opplevingar, der dei følte seg utanfor og

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

einsame på grunn av manglende språkferdigheiter. Dei opplevde at nordmenn behandla dei på ein annan måte etter dei hadde lært språket.

*... me byrja på skule. Og då var det ingen som kunne språket. Det var dritvansklig ... eg ville liksom skjonne kva dei snakka om, eg ville saman med systera mi snakke med dei då. Men samtidig, dersom eg ikkje forstod kva dei sa, og dersom eg ikkje tilbake svarte på kva dei seier, det var vanskelig, at me ble kjend då ... eg følte meg liksom, eg og systera mi følte oss utanfor, me er utanfor dei andre folka liksom ... men etter kvart ein liksom, når ein har lært språket, det vert lettare ... du føler at du er normal når du lærer språket, at folk oppfører seg på ein annan måte .... liksom, folk er meir open og snill når eg snakkar norsk (Baako).*

Fleire av jentene fortalte at dei ofte fekk tildelt lekser eller annan informasjon dei ikkje forstod.

*Så får eg sånne skuleoppgåver, lekser då. Eg fekk for eksempel i lekse å skrive same stil som dei andre norske, om norske ting. Eg forstod det ikkje, og ingen forklarte kva dette var då ... sånne ting er jo vanskelig, liksom (Damisi).*

Dei fortalte at dei løyste dette ved å nytta diverse omsetjingsprogram på telefon og datamaskin: ”Det eg ikkje forstod der, då eg kommer heim så omset eg orda eg ikkje forstod med mobilen” (Aida). Alle var svært motivert til å lære seg språket, og nokre peika på eit ynske om å få vene som motivasjon.

*Sånn var det alltid. du må ha vene. Eg må ha vene, og eg hadde ingen vene. Eg må bli kjend med folk og få nye vene. Så ja, eg måtte lære meg språket, for eg skal jo leve i Noreg ... når eg hadde lært meg, så fekk eg vene i Noreg. Då ville folk vere venen min (Cryah).*

For andre var ynsket om utdanning kjelde til motivasjon.

*Eg lærte meg norsk sånn at eg kunne klare meg på skulen, for eg ville ikkje gå og kaste bort tida mi på skulen. Så eg måtte komme meg fort i den norske klassene, sånn at eg kan på ein måte få dei karakterane eg trengte. Så det var derfor eg lærte meg norsk ganske fort då. For eg ville få gode karakterar, og*

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

*sånn at eg kunne nå dei måla som eg hadde. Eg tenkte på en måte at dette er ein moglegheit ... (Fadwa).*

Med unntak av Aida, hadde alle lært seg norsk og meistra språket svært bra. Dei nytta ulike ressursar og meistringsstrategiar som sosiale arenaer, norskkurs, leksehjelp, ekstrahjelp i skule, vene og tilsette i hjelpeapparata for å lære språket.

*Språk, først det var litt vanskeleg, men etter kvart me byrja å gå på skule, då vart det lettare. Du vert kjend med andre, så då kan du snakke med dei ... det kan vere feil, men eg snakkar med dei. Då lærte eg mykje, så møtte eg mange ungdommar frå ulike land. Me snakkar norsk, me pratar, me forsøkjer å snakke mykje norsk saman (Ebene).*

Slike arenaer gav dei mellom anna mogleheter til å møte andre, og på denne måten fekk dei praktisert språket hyppig. Dei fleste trakk fram verdien av å omgå slike miljø.

*... eg gjekk eit år på norskkurs. Der var det mange frå mitt land. Eg kunne ikkje lært norsk, fordi dei snakka berre mitt språk i klassen, og etterpå. Så det var litt vanskeleg å lære norsk. Så gjekk eg i tiande klasse, eg lærte meg mykje meir der. For der var berre ei jente frå mitt land, så ho var sånn, ville ikkje snakke mitt språk med meg. Meg og henne, sjølv om det var feil, me snakka norsk, fordi ho hadde lyst å lære norsk fort ... så har eg gått på sånn leksehjelp ... dei hjelper veldig mykje ... det er mange ungdommar der då, og man snakkar for å lære norsk. Det er du som har ansvaret for å lære deg norsk, du må snakke, det hjelper ikkje at du leser og berre skriv. Det er veldig viktig å snakke det du har lært (Cryah).*

Dei fleste trakk òg fram signifikante andre som hadde hjulpe dei med å beherske språket. Dette var vene og tilsette i hjelpeapparat.

*Egentleg, første gong dei [refererer til tilsette ved mottak] prøvde å lære oss, dei viste oss nokre bileter. Dei berre peikar på, og seier; den heter liksom gaffel, den heter tallerken, den heter kopp, og brød. Maten, kva den heiter då. Så etter kvart me lærte. Når ein er veldig ung, ein lærer veldig fort språket. Men det tok tre månader, at me lærte språket, å skjonne kva dei meiner. Det var dei tilsette ... så dei som lærte oss, ja (Baako).*

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Språkferdigheiter vart av dei fleste trekt fram som ein viktig indikator for suksess og positive tilpassing i Noreg.

*Ja, og når eg lærte meg norsk, først då var eg norsk, skjønnar du? Det var då eg hadde greitt det, det var då eg hadde lykkast med å bli nordmann, ikkje sant? Og andre behandla meg òg som nordmann (Damisi).*

**5.3.2.1 Etablering av sosiale nettverk: "Eg må ha vene".** Forutan språk, var etablering av sosiale nettverk noko alle la stor vekt på for å lukkast med tilpassing til det norske samfunn.

*Egentleg, det som hjalp meg veldig mykje er kva vene eg har her, kva dei gjer. Eg hadde alltid nokon som var flink på skulen, vene som hjalp meg ... dei viser at dei ville at eg skulle ha det bra, at eg skulle lykkes .... ja, og når du har fått vene, masse vene, då veit du på ein måte at du har gjort det bra. Då er du liksom på plass her. Det er då du lever skikkelig bra igjen (Ebene).*

Vener vart hjå alle nemnd som viktig for trivsel i Noreg: "Har du nokon du kan snakke med, så trives du på en måte" (Fadwa). Alle deltarane, med unntak av Aida, hadde etablert, eller var i gang med å etablere sosiale nettverk. Dei hadde både norske vene, og vene frå andre kulturar: "... eg har fått mange vene frå forskjellige land ... no er eg venen med både norske og frå andre land" (Baako). Dei fleste opplevde samstundes at nordmenn som vanskelege å bli kjend med.

*Det er ikkje lett å bli kjend med folk. Du kjenner ikkje naboaene eingong. Eg kjenner ikkje naboen min ... når ein vert kjend med dykk, så er dykk jo veldig snille, og likar folk og kan berre vere vene. Men det er berre ein ting, det er vanskeleg å bli kjend med dykk (Cyrah).*

Nokre av jentene følte seg misforstått av nordmenn, og tykte difor det var utfordrande å skape relasjonar.

*For min del så likar eg faktisk å ha berre Afrikanske vene. Eg trives veldig godt med dei, me har veldig mykje til felles. Me forstå kvarandre på ein måte som eg ikkje forstår norske vene. Dei norske venene som eg har, dei er veldig hyggelig dei òg ...men du føler på ein måte at du må tilpasse deg litt. Det er ting du ikkje kan sei, og du må oppføre deg på en spesiell måte. Så då vert du*

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

*ikkje helt deg sjølv, uansett om dykk er veldig gode vene ... av og til så vert eg veldig fort irritert ... så følar eg liksom at folk er alt for nysgjerrig, liksom alt for nysgjerrig, og eigentleg så har dei ikkje kunnskapen frå før av. Så sånn som dei byrjar liksom å snakke om landet mitt og der eg kjem frå. Sånn, Afrika og sånn. Dei berre, fordi dei har lyst å vite kvar eg kjem frå, ikkje sant? Men samstundes så seier dei sånn, er det sånn at dykk bur i sånne små hus, og hytter? ... for når folk tenker på Afrika, så tenker dei på fattige barn, og litt sånn, ebola og alt det der. Så det vert berre, eg vet ikkje, eg vert berre veldig irritert. Liksom, å måtte gjenta dette fleire gonger til folk, det gidd eg ikkje (Fadwa).*

På grunn av vanskar med å kome i kontakt med nordmenn, oppsøkte dei fleste kontakt med menneske med same kulturelle bakgrunn i byrjinga. Dei fortalte at dei fann støtte og tryggleik i desse relasjonane, og at dei gjennom slike relasjoner vidare vart introdusert til andre.

*I byrjinga hadde eg berre vene frå [stadnamn], det var eigentleg fint. Dei passa på meg, og fortalte reglane her. Kva som var lov og ikkje lov. Eg kunne vere meg sjølv. Så vart eg introdusert til andre, andre vene. Nokon var til og med norsk .... det er nok lurt å vere med sånne folk når du er ny. Folk som kan fortelle deg om reglane, sant? Så kan dei integrere deg på ein måte, eller noko sånn då (Ebene).*

Jentene fortalte om skule, leksehjelp og diverse aktivitetsgrupper som viktige arenaer for å møte og forme sosiale relasjoner.

*Det er liksom fint med desse utanlandske gruppene og sånn, som ein kan på ein måte finne ein person som liksom snakkar same språk. Dei har budd der lengre, så dei kan kanskje integrere deg, presentere deg til sine vene, og folk frå ditt land. Så vert du liksom kjend ... (Fadwa).*

Evna til å vere sosial samt å ha eit ynske om å bli kjend med andre, var noko fleire av jentene peika på som ein viktig eigenskap for å skape slike relasjoner. Fleire låg vekt på verdien av å aktivt gå inn for å oppsøkje andre.

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

*... eg likar å bli kjend med folk, eg er veldig sosial. Eg er ikkje ei jente som ikkje snakkar, eg vil snakke med alle. Difor har eg mange vener ... dei [refererer til andre nordmenn] tvinger deg ikkje til å snakke med dei, då helser dei berre på, og så er det ferdig. Då må eg vere sosial, og bli med dei, ein har ansvar ... (Cyrah).*

**5.3.2.3 Trygge omsorgsløysingar: "Du treng ein familie her".** Alle la vekt på at trygge omsorgsløysingar er viktig. Dei fleste opplevde at dei hadde slike løysingar, med nær tilknyting til omsorgspersonar, og stor grad av støtte. Desse jentene var, eller hadde tidlegare vore, plassert i fosterfamiliar.

*Så den familien her eg bur med, dei er veldig snille. Dei har barn og sånn. Dei er veldig snill med meg .... eg er på ein måte med i familien, om du skjønnar? "* (Ebere).

Å ha nær tilknyting til diverse omsorgspersonar såg ut til å skape ein tryggleik og ei positiv tilpassing.

*Det meste som har hjulpet meg er dei vaksne, for dei viser meg, dei viser at alt skal gå bra. Eg trur det har hjulpet meg veldig mykje, at dei viser at livet skal gå bra ... (Baako).*

At omsorgspersonar var kjærlige og omsorgsfulle, var sentralt.

*... dei feila som er, så tenker eg at det heller har noko med personlegdommen til folk. For eg har hatt tre kontaktpersonar. Ho fyrste var veldig hyggeleg, me hadde veldig sånn nærekontakt, når ho var der så skjønte eg at ho var nokon eg kunne sei ting til. Ho andre var ganske sånn, du kunne liksom sjå at ho var veldig, kva er ordet? Ho smilte nesten aldri, og ho var berre, hard, eg veit ikkje korleis eg skal forklare det. Ja, det var tydelig å sjå, og då er det ikkje lett å snakke med en sånn person. Du føler berre at du er på sånn avhør liksom. Ja, og dette tenkjer eg er noko med personlegdommen hennar, skjønnar du? Og ansiktsuttrykk og alt viste at ho berre såg rart på meg, så det var eigenleg det. Så då føler du ikkje at du kan snakke med den personen, at du kan stole på henne. Du vert på ein måte redd då. Så personlegdommen har eigenleg veldig mykje å sei då, tenkjer eg (Fadwa).*

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Nokre av dei eldre deltakarane opplevde at dei hyppig måtte flytte mellom diverse bunttak, og vart mellom anna plassert i bufellesskap med lite oppfølging.

*Egentleg så var det heilt kaos, for eg budde med to frå eit anna land, og dei vaska ikkje. Ho som budde saman med oss, og hadde ansvar for oss, ho gjekk veldig tidleg frå jobben, og ho kom så seint. Me ser ikkje henne eingong. Det var vanskeleg å få kontakt med henne, og språket var därleg, språket er alltid veldig viktig (Cryah)*

Desse jentene opplevde å få hjelp til dei praktiske oppgåvene som transport, betaling av rekningar og innkjøp av mat, men sakna emosjonell støtte: "...dei kan hjelpe om du vil handle mat og sånn, men dei kan ikkje hjelpe om du har problem" (Damisi). Dei peika på behov for og sakn etter nære relasjonar i desse omsorgsløysingane.

*... ein verge er der fordi ho skal hjelpe meg, men ho aldri ringte meg, aldri spurte meg. Eg måtte ringe henne ... eg har sett mange verger som er som ein mor, eller far for dei. Dei inviterer heime hos dei, ikkje sant? men det hadde eg ikkje, så eg følte meg ulykkeleg, kvifor har eg ikkje det? For eg trengte det den tida ... du veit, du treng ein familie her ... eg hadde ikkje eit bra liv i heimlandet, det var difor eg måtte reise. Då hadde eg ikkje familie, men då treng ein familie her, men når ein får därleg familie her òg, så hjelper det ikkje ... til å ha framtid, då må du ha god familie ... du treng nokon som støttar deg, og som tar deg bort frå det mørket du lever i (Cryah).*

Dei fleste peika trass dette på verdien av å stille opp og ta i mot hjelp som ein vart tilboden.

*Det fyrste tipset mitt er at ein må sei ja til dei tilboda ein får, sjølv om dei er forskjellige frå heimlandet. Ein må forsøkje å forstå kva tilboda er før ein seier nei. Eg fekk for eksempel tilbod om ungdomsklubb, og trudde at det var noko stort og skummelt. Dei andre ungdommane sa nei, så då sa eg òg nei. Til slutt så prøvde eg, og det var gøy. Ein må takke ja til tilboda ein får då, før ein seier nei, liksom (Baako).*

Dei fleste tok del i diverse aktivitetstilbod, og fann særleg glede i aktivitetar som tur, ski, symjing, bowling, dans og song.

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

*Ja, eg syng og dansar. Eg er i ein dansegruppe. Eg og venene mine. Så syng eg og ja, går i en sånn gruppe, og då vert me invitert til å syngje på litt forskjellige stader då. Kva heiter det? Konsertar med gjester. Så det er det eg driv med då ... eg tykkjer det er veldig bra med grupper ein kan bli ein del av ... for eg har dansa sidan eg var barn. Me dansar i kyrkja, og ja. Det handlar om å føle seg fri ... (Fadwa).*

### **5.3.2.4 Hjelp gjennom utdanning og skule: "Eg må jobbe mykje, og hardt".**

Alle gjekk på skule, og såg ut til å vere sterkt motivert til å få seg utdanning: "Eg tenkjer å bli bioingeniør. Eg går på studie, eg tar realfag ... det einaste målet mitt er å bli bioingeniør" (Baako). Nokre opplevde at dei hadde fått ei unik moglegheit til å skape eit betre liv i Noreg: "... eg vil få gode karakterar, slik at eg kan nå dei måla som eg har. Eg tenkjer på en måte at dette er ein moglegheit ..." (Fadwa). Fleire tala for eit ynske om å skape eit sjølvstendig liv, og såg på utdanning som nøkkelen: "Eg ynsker at eg skal studere, jobbe, ha ein betre framtid og klare meg sjølv" (Aida). Utdanning var for dei fleste sett på som ein viktig indikator på å vere positivt tilpassa: "Fyrst når eg har blitt noko, når eg har utdanninga, då er eg på plass. Då har eg lykkast, og då er eg ferdig norsk" (Cryah). Alle ynskja å utdanne seg til yrker som òg kunne vere til hjelp for andre; bioingeniørar, psykologar, sjukepleiarar og advokatar.

*Når eg er ferdig med utdanninga har eg planar om å reise tilbake til [stadnamn]. Eg veit jo at det er mykje korrupsjon og mykje som ikkje er greitt. Men eg føler liksom at eg treng å endre på det. Planen min er liksom å gå tilbake og endre på det. Gjere det eg kan for å prøve å endre på det eg tykkjer er galt (Fadwa).*

Nokre av jentene peika på at familiene i heimlandet var motivasjonen bak deira ynske om å få høgare utdanning.

*For eg ville få gode karakterar, sånn at eg kunne nå dei måla som eg hadde. Dette lærte eg på en måte av foreldra mine då. Faren min, han er veldig sånn, når det gjelder skule. Han er veldig sånn at skule er det viktigaste (Fadwa).*

Alle var innstilt på at dei måtte jobbe hardt for å nå måla: "Eg må jobbe mykje, og hardt. Jobbe mykje timer. Så berre sitte med leksene og alt sånt" (Ebene). Jentene nytta

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

ressursar som leksehjelp, ekstrahjelp i skule, vene, fosterfamilie og tilsette i bu-tiltak for å meistra skulekvardagen: ”Ja, eg hadde leksehjelp, dei er veldig flinke å hjelpe til ... eg fekk veldig god hjelp av dei... dei hjelper med leksene, til å svare på, og skrive oppgåver. Jo med språket òg” (Cyrah).

**5.3.2.5 Å transformere motgang til styrke: ”Eg er sterkt”.** Dei fleste fortalte at dei hadde eigenskapen ”å vere sterkt”: ”Eg tenkjer at eg skal klare meg sjølv ... det er berre eg som kan hjelpe meg. Eg er sterkt då, det har følgt meg” (Baako). Jentene opplevde at denne eigenskapen skapte ein positiv innstilling, samt tiltru til framtida.

*Tidlegare har eg alltid tenkt at eg var redd, først og fremst, altså eg har alltid tenkt over at eg kom til å bli drepen, kva skal eg oppleve? Og sånn. Men no, den frykta som eg hadde, den forsvann ... det å vere i Noreg gjer meg glede. Eg har ein del håp i framtida, som gjer at eg no ser at eg kan gjere sånn og sånn. Det gjer meg glede (Aida).*

Nokre attribuerte styrken til motgang dei hadde møtt, både i heimlandet og under flukt: ”Det var veldig tøft, men eg har lært mykje av det” (Ebene). Dei fortalte at dei òg nytta denne lærdommen til å handtere utfordringar dei møtte i prosessen med tilpassing til det nye livet i Noreg.

*Der eg kjem frå, når du er ganske ung så må du byrje å gjere ting som, altså eg byrja å lage mat til ein stor familie når eg var sånn sju år gammal. Då måtte eg liksom lage mat før foreldra mine kom heim frå skule og jobb ... me er ganske voksen, skjønnar du? ... i heimlandet då måtte eg vere mor til systera mi. For moren min var ikkje der. Så då måtte eg passe på henne sjølv. Så når eg kom her så tenkte eg sånn, dette klarer eg, for dette har eg gjort i mange år, sant? Eg er ikke avhengig av nokon ... når ting skjer, så vert ein liksom ikkje helt sånn, deprimert eller noko. Eg har lært at du må vere sterkt. Ting skjer i livet, men det skjer berre ei lita stund, så det er berre å ta livet som det kjem liksom ...for livet har ikke vore helt lykkeleg. Det har ikke vore dårlig heller, men me har hatt ganske mange utfordringar, og det er liksom å lære seg å takle det (Fadwa).*

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Nokre hevda, i likskap med Fadwa, at dei hadde blitt sjølvhjelpe av erfaringar med å greie seg på eiga hand over lengre tid. Dei tykte denne eigenskapen var til stor hjelp når dei skulle navigere i det nye tilværet i Noreg.

*Eg er vant med å greie meg sjølv no. Eg har måtte gjort det så lenge, skjønner du. Før ynskja eg å ha folk rundt meg heile tida, sant. Så vart eg plutselig vant med å vere åleine, klare meg sjølv, liksom. No vil eg eigentleg vere berre åleine, stå på eigne bein, eller noko då, liksom. Då eg har kontroll, og eg veit at eg klarar det meste sjølv, for det har eg alltid gjort. Eg likar det best sånn då, liksom (Cryah).*

**5.3.2.6 Fokus på framtid: "Ein må sjå framover, ikkje bak".** På spørsmål om kva mål jentene hadde for framtida i Noreg, svarte alle at dei ynskte å fulløre ei høgare utdanning. Jentene såg ut til å ha eit høgt nivå av sjølvtillit og tru på at dei ville nå desse måla.

*Nei, eg er sånn som liksom har veldig lyst til å studere juss, eller psykologi.*

*Dette er sånt som krev ganske mykje. Du må jobbe ganske hardt då, men eg klarar det liksom. Eg må berre arbeide veldig hardt (Fadwa).*

For å nå måla, la dei fleste vekt på at fokusset på framtida er viktig.

*Du må berre tenkje på framtida, ikkje på det du har opplevd før, berre på framtida, då klarar du det. Etter kvart så gløymer du kvar du har opplevd. Du gløymer ikkje heller, men du gløymer litt, litt, litt. Så vert du kjend med masse folk, då vert du liksom, å ja no er det greitt ... når eg kom, for eksempel, eg berre sitt og tenkjer på det eg har opplevd. Eg tenkjer det er ikkje så bra ... men om eg tenkjer framtid, vert det best. Det hjelper ikkje å tenke på fortid, Då vert du lei deg. Tenke framover, på gode ting i framtida. Eg tykkjer det er veldig bra her, eg har alt eg treng. Eg får gå på skule, liksom. Eg snakkar med folk, gjer som eg vil. Eg håper alt som eg treng kjem, Ja (Ebene).*

Nokre understrekte behovet for at hjelpeapparatet hjalp dei med å halde eit slikt fokus framover.

*Så eg tenkjer at dei ikkje må spørje så djup korleis du opplevde ting. Den personen sørger, den kom akkurat no. I staden for å spørje djupt, lær oss*

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

*heller korleis samfunnet i Noreg fungerer, framfor å spørje om korleis reisa, og korleis det var i heimlandet. Eg likte ikkje når dei spurte sånn, korleis eg hadde det i heimlandet. Eg skulle ynske at me kunne snakke om noko anna enn det. Liksom om kva som kjem i framtida (Baako).*

Alle tykte at gode framtidsutsikter krevjer evne til å tilpasse seg det norske samfunnet. Samstundes fortalte nokre at dei òg opplevde det som viktig å bevare element frå eigen opphavlege kultur.

*Ein har ansvar. Det er mitt ansvar å bli nordmann. Du må jobbe for å lære deg korleis du skal vere her, liksom. Det er mange sånne ting, du skal lære, og sånn ... men eg tykkjer det er viktig å hugse kven du er òg. Du kan fort gløyme det, då vert du trist og faktisk sjuk, ja du vert sjuk. Du må hugse på Gud, og folk frå [Stadnamn], kanskje. For dei er kven du er, og du må ikkje miste den personen (Damisi).*

## 5.4 Oppsummering

Basert på desse intervjuia, såg det ut til at jentene hadde opplevd ei positiv tilpassing til det nye livet i Noreg. Dei baserte den positive opplevinga på akademisk suksess, sosial suksess, språkmeistring og opplevd tilfredsheit. Ei rekke ressursar og meistringsstrategiar vart identifisert som viktige for denne tilpassinga: Motivasjon for migrasjon, viktige nøkkelpersonar, religion, språk, sosial støtte, trygge omsorgsløysingar, utdanning, evne til å transformere motgang til styrke, og å halde fokus på framtida.

Eg vil i det følgjande kapittelet drøfte desse funna i lys av tidlegare forsking på feltet, samt i lys av det teoretiske rammeverket for studien.

## Kapittel 6: Drøfting

I denne studien ynskte eg å utforske korleis einslege mindreårige jenter meistra å flykte til og tilpasse seg eit nytt liv i Noreg, samt korleis dei opplevde dette. Drøfting av studien sine funn vil ta utgangspunkt i desse forskingsspørsmåla. Ein grundig gjennomgang av litteratur vart som vist utført, og to teoriar vart identifisert som hadde potensiale til å underbygge funna i studien. Desse var teoriane om akkulturasjon og resiliens. Funna vil bli drøfta i ljós av desse teoriane, samt tidlegare forsking på feltet. Eg vil byrje kapittelet med å drøfte dei grunnleggjande og organiserande tema, før eg til slutt tar for meg akkulturasjon og resiliens i ljós av ei endeleg tilpassing.

### 6.1 Pre- migrasjon og migrasjonsfasen: Ressursar og meistringsstrategiar

**6.1.1 Årsak til flukt: "Eg må reisa til ein betre stad".** Migrasjonsårsak vert ofte studert ved å nytte konsept av push- og pullfaktorar (Fandrem, 2011). Push- faktorane er faktorar som skyv menneske frå seg, som eksempelvis krig, overbefolkning eller matmangel. Pull- faktorar "lokkar" på den andre sida menneske til seg, ved eksempelvis informasjon om lettare tilgang til arbeid og inntekt i eit anna land (Berry, 1997; Fandrem, 2011). I følgje Fandrem (2011) vil slike faktorar truleg påverke korleis ei endelege tilpassing utartar seg.

Bakgrunn for val om flukt var i alle tilfella basert på ytterst vanskelege forhold, der maktrelasjonar i og utanfor familien, samt ytre omstende, førte til at jentene og familien ikkje såg noko anna alternativ enn utreise. Ei slik årsak til uteise vert gjerne omtala som ein push-faktor. Der push-faktorar har vore den sterkeste pådrivaren for utreise, har individ ofte mista mykje av kontrollen over eige liv og vore utsett for store mengder stress, noko som kan gjere ein akkulturasjonsprosess utfordrande (Fandrem, 2011). Saroca (2007) hevder eksempelvis at akkulturativt stress er høgare hjå migrantar som vert tvunne til migrasjon på bakgrunn av push-faktorar, enn dei som vert leia av pull-faktorar. Porter og Haslam (2005) fann i samsvar med dette at tvungen migrasjon var knytt til høgare førekomst av mentale helseproblem. Udahemuka og Pernice (2010) fann vidare at menneske som vert tvunne til flukt, i mindre grad såg ut til å tilpasse seg ein ny kultur.

Samstundes som push-faktorar leia jentene på flukt, viste jentene sine historier like eins korleis migrasjonsprosessen ikkje utelukkande handla om flukt frå det vonde, men òg ein aktiv investering i framtida. Jentene fortalte eksempelvis korleis migrasjon

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

var ein strategi for å oppnå ei ljosare framtid. Dei visste eksempelvis at dei ville få fridom, tryggleik, samt moglegheit til utdanning og jobb dersom dei flykta til Europa. Slike tankar om ei ljosare framtid kan tenkjast å vere ein meistringsstrategi jentene nytta, og som gav motivasjon og drivkraft for å greie flykta og tilpassinga til det nye livet i Noreg. Slik sett er det òg tenkjeleg at jentene vart leia av såkalla pull-faktorar. Fandrem (2011) hevder at pull-faktorar kan gjere det lettare for individ å finne seg til rette i ein ny kultur. Dette samsvarar med Knipscheer, Jong, Kleber og Lamptey (2000) som fann at migrantar som vart leia av slike pull-faktorar i større grad tilpassa seg den nye kulturen. Dette stemmer overeins med mine funn, som tilseier at dei positive forventningane jentene hadde for eit nytt liv i Noreg verka positivt inn på tilpassinga, ved at det gav motivasjon og drivkraft til å skape eit betre liv. Forskarar hevder vidare at push- og pullfaktorar ser ut til å vere nært knytt (Kainth, 2009). Mine funn underbyggjer dette, der det såg ut til å vere både push- og pullfaktorar til stades samstundes. Pernice, Trlin, Henderson, North og Skinner (2009) viser til liknande funn, der deira deltagarar òg såg ut til å vere drivne av både push- og pullfaktorar. Det betyr at dei som vert tvungr til migrasjon (*push*), samstundes kan verte dregne mot forventningar om å finne eit betre tilvære andre stadar (*pull*) (Kainth, 2009).

**6.1.2 Flykta og nøkkelpersonar: "Det var dei som hjalp oss".** Fleire av jentene teikna eit svært positivt bilet av føresette i heimlandet, og hadde gjennom flukt og ved ankomst i Noreg hatt sporadisk kontakt med dei via telefon. Eide og Lidén (2012) peiker på at mange einslege mindreårige opprettheld kontakten med familien og sitt sosiale nettverk blant anna gjennom internett og telefon. Kontakt med føresette i heimlandet var noko jentene fann motivasjon og støtte i. Eide og Lidén (2012) hevder at kontakt med familie og nettverk i heimlandet kan bidra til oppleving av tilhøyrslle, og kan sjåast på som ein føresetnad for god oppvekst og etablering i mottakarlandet (Eide og Lidén, 2012). Dette er i tråd med Carlson et al. (2012) som hevder at god tilknyting til ein forelder i heimlandet vil kunne verke som ein beskyttande faktor.

Årsaka til at einslege mindreårige flyktar frå heimlandet utan føresette, er som vist variert. Felles for mange av desse individene er at dei vert send på flukt av sin eigen familie (Justis- og beredskapsdepartementet, 2012). I tråd med mine funn fann forskingsinstituttet NOVA at føresette sender barna sine på flukt fordi dei vurderer det som mindre farleg enn å forbli i heimlandet (Justis- og beredskapsdepartementet, 2012). Vidare søker føresette ofte utviklingsmoglegheiter for barna som ikkje

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

eksisterar i heimlandet. Flukt kan i nokre tilfelle slik verte forstått som ein strategi for å gjere framtida betre for barna (Justis- og beredskapsdepartementet, 2012). Nokre av jentene i studien fortalte eksempelvis at føresette ikkje ynskte at jentene skulle inngå tvangsekteskap, men i staden flykte til ein stad der det var fridom og utdanningsmogleheter. Føresette organiserte og betalte difor flykta i samarbeid med menneskesmuglarar. Dette krevde at føresette hadde ressursar i form av sosiale nettverk som gav mogleheter til å kome i kontakt med menneskesmuglarar, samt ressursar i form av økonomi, då dei måtte betale for flykta. Slik såg jentene sine føresette ut til å vere sentrale ressurspersonar for meistring av flykta.

Omgrepet ”einslege mindreårige”, skapar ofte eit bilete av barn som reiser heilt på eiga hand, utan hjelp (Thompson, Torres, Swanson, Blue, & Hernández, 2017). Samstundes kan det sjå ut til at ikkje alle einslege mindreårige faktisk er heilt einslege (Kohli, 2007). Kohli (2007) hevder at det er variasjonar i kor vidt desse individua faktisk er einslege og på eiga hand (Kohli, 2007). Deltakarane mine hadde som vist føresette og familieslekt som organiserte og hjalp til under flykta, og fleire fortalte at slekta i heimlandet var ein viktig motivasjon for at dei ville klare seg bra i tilpassinga. Omgrepet ”einslege”, kan dermed skygge for det faktum at det kan vere mange sosiale aktørar som i varierande grad formar flykta til einslege mindreårige. Av den grunn vert det foreslått at ein i staden for termen ”einslege”, i nokre tilfelle i staden burde nytte termen ”separert”, då dette på ein meir presis måte vil reflektere situasjonen til mange einslege mindreårige i dag (Kohli, 2007).

Jentene peika på at menneskesmuglarar var viktige ressursar for å meistre flykta. Det eksisterar svært få mogleheter for barn for å flykte lovleg, og menneskesmuglarar vert difor ofte nytta (Justis- og beredskapsdepartementet, 2012; FN-sambandet, 2018). Så mykje som 90 prosent av flyktingane som kjem til Europa, har nytta seg av menneskesmuglarar (FN-sambandet, 2018). Menneskesmugling går ut på ulovleg hjelp til å krysse nasjonale grenser mot betaling (Justis- og beredskapsdepartementet, 2012). Nome (2005) og Boland (2010) fann begge at menneskesmuglarar har ruter som er velorganisert, og at det finst profesjonelle nettverk som er godt oppdatert på kva land barn og unge har best mogleheit til å få opphold i. Samstundes er det viktig å peike på at menneskesmuglarar kan gjere reisa mot Europa til ei kostbar og risikofylt ferd. Einslege mindreårige er til eksempel særleg utsett for utnytting og overgrep frå smuglarane. Kor mykje som vert betalt for reisa,

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

legg føringar for kor trygg og rask flykta vert (Justis- og beredskapsdepartementet, 2012).

**6.1.3 Spirituell støtte: "Gud er her for meg".** Fleire studiar (Hessle, 2009; Ní Raghallaigh & Gilligan 2010; Ní Raghallaigh, 2011) har vist at religiøs tru er viktig og verdifull i einslege mindreårige sine liv. I Ní Raghallaigh (2011) sin studie fann ein eksempelvis at religiøs tru og praksis fungerte som ei kjelde til kontinuitet, der Gud representerte noko kjend i ein elles ny og ukjend kontekst. Religion såg ut til å vere knytt til positiv tilpassing. Funna i min studie underbyggjer dette, der eit fleirtal av jentene fortalte at dei var religiøse og at dette var noko dei fann håp og støtte i for å meistre flykta til Noreg. Dei fortalte at dei hadde tru på at dei vart verna gjennom religion, og opplevde at dei kunne dele otte og tankar med nokon dei opplevde som trygg – ein gud. I følgje Soenke, Landau og Greenberg (2013) kan religion fylle ein funksjon som "bekymringsbuffer", noko som utgjer den same funksjonen som føresette har for sine barn. Det er tenkjeleg at religion var ein særleg viktig meistringsstrategi for desse jentene som reiste åleine, utan føresette som "bekymringsbuffer". Soenke et al. (2013) hevder slik at religion skapar tryggleik, trøst, vern og håp i angstfulle situasjoner.

### **6.2 Post- migrasjon: Tilpassing til det nye livet i Noreg**

Jentene såg ut til å meistre flykta ved å rette fokus mot moglegheiter for ei ljosare framtid. Dei vart hjulpne av føresette og fann tryggleig, trøst og håp i religion. Eg vil i det følgjande drøfte korleis dei vidare meistra tilpassinga etter framkomst i Noreg.

**6.2.1 Språket: "Språket er nøkkelen til livet".** Jentene anerkjente språk som den viktigaste "nøkkelen" til det norske samfunn. Stortingsmelding om heilskapleg integreringspolitikk (Barne- og likestillingsdepartementet, 2012) peikar i tråd med dette på at det er ein klar samanheng mellom innvandrarar sin norskunnskap og deira moglegheit til deltaking i det norske samfunn. Med unntak av Aida, hadde alle lært norsk og meistra språket svært godt. Dei nytta ulike ressursar som sosiale arenaer som norskkurs, leksehjelp, ekstrahjelp i skule, vene og tilsette i hjelpeapparat for å tilegne seg språkferdigheiter. Deltakarane i "Refugee Resilience Project" såg i samsvar med dette også språk som ein nøkkel til å forstå den norske kulturen. Dei opplevde også at skule og vene var viktige ressursar for språktilleigning (Daniel et al., 2018). Fleire av jentene

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

peika vidare på at det var deira eige ansvar å lære språket, og at dei var nøydde å aktivt oppsøke situasjonar og andre menneske som gav moglegheiter for å lære. Slik såg dei ut til å ha evna til å navigere mot kvar ressursar og moglegheiter var tilgjengeleg for dei å tilegne seg språkkunnskapar.

Capstick og Delaney (2016) fann i sin studie at språk var ein sentral faktor for positiv tilpassing. Dei hevda at språk var nøkkelen til utdanning, og at barn og unge si evne til å oppnå suksess i utdanning er relatert til språkkunnskapar. I tråd med dette peika jentene på at språk var naudsynt for å oppnå ynsket om utdanning i Noreg. Vidare vil språk auke flyktingar sin integrasjon ved å hjelpe dei å danne nye sosiale nettverk, og dermed moglegheit til å ha kontakt med samfunnet i heilskap (Capstick & Delaney, 2016). Jentene såg i tråd med dette språk som naudsynt for å danne sosiale relasjonar med nordmenn. Norsk språk såg dessutan ut til å vere gjensidig forbunde med sosiale nettverk. Jo meir av det eine, jo meir av det andre; for å få innpass i eit sosialt nettverk måtte jentene kunne språket, og gjennom interaksjon med andre vart dei betre i språket. Slik ser språk ut til å vere ein viktig ressurs ved at det fører til inkludering i vertssamfunnet (Capstick & Delaney, 2016). Dette vil eg drøfta ytterlegare i det følgjande (sjå kap. 6.3.1)

**6.2.2 Etablering av sosiale nettverk: "Eg må ha vener", og tillit til andre:**  
**"Ein må stole på folk".** Samstundes som jentene trakk fram si sjølvstendigheit som ein viktig komponent for positiv tilpassing, la dei vekt på betydinga av å ha vener. Ei rekke studiar har vist at sosial støtte har betyding for positiv tilpassing (Oppdal & Idsøe, 2015; Pieloch, McCullough & Marks, 2016; Reavell & Qulsom, 2016). Fleire av jentene omtala nordmenn som reserverte og vanskeleg å bli kjend med. Dei opplevde at dette stod i kontrast til deira kollektivistiske kultur, der menneske var meir opne og inkluderande. Det at innvandrarar opplever det som vanskeleg å bli kjend med nordmenn finn ein igjen i ei mengde forsking (Daniel et al., 2018; Eide, 2000; Garvik, Paulsen & Berg, 2016; Thorshaug, 2013). Jentene såg difor først ut til å søkje sosial kontakt med menneske frå same kulturbakgrunn, då dei opplevde at slik kontakt gav ein kjensle av bli forstått.

Maegusuku-Haewett et al. (2007) fann i sin studie at det å bli forstått som person og ha samhald med andre frå same kultur, kunne auke motstandskrafta hjå einslege mindreårige. Berg (2012) hevder at å danne sosiale relasjonar innan ei gruppe med mennesker frå same etnisk bakgrunn kan danne grunnlag for inkludering og

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

integrering i samfunnet for øvrig. Dette fordi slike relasjonar kan gje tryggleik, og dermed gjere det enklare å vidare etablere kontakt med menneske utanfor den vanlege omgangskretsen. Dette var i tråd med mine funn, der jentene såg ut til å finne tryggleik i desse relasjonane, samt opplevde at dei gjennom relasjonane vart introdusert for nordmenn.

Etter kvart som jentene tileigna seg språkferdigheiter, såg dei ut til å utvide sine sosiale nettverk ved at dei også oppnådde auka kontakt med nordmenn. Phinney, Berry, Vedder og Liebkind (2006) viser til same funn i sin studie, der kontakten innvandrarar hadde med innfødde auka med tida dei hadde vore i vertssamfunnet. Dette vil eg drøfte ytterlegare i det følgjande (sjå kap. 6.3.1). Phinney et al. (2006) fann vidare at tilgjengeleghet av både etniske og nasjonale støtte i sosiale nettverk var formålsteneleg for positiv tilpassing. Jentene la vekt på verdien av å aktivt oppsøkje arenaer og situasjonar der dei kunne møta andre, eksempelvis deltok dei på ulike aktivitetstilbod som song og dans. Ved sidan av skule vert aktivitetstilbod trekt fram som ein viktig integreringsarena for einslege mindreårige (Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet, 2011). Alyord og Grados (2005) fann at resiliente elevar tok del slike i utanomfaglege aktivitetar som tillet dei å vere del av ei sosial gruppe (Alyord & Grados, 2005).

**6.2.3 Trygge omsorgsløysingar: "Du treng ein familie her".** Bustad er ikkje berre ei adresse og eit tak over hovudet, men òg ein heim som skal gje tryggleik og stabilitet (Garvik et al., 2016). Jentene la vekt på verdien av trygge omsorgsløysingar for ei positiv tilpassing. Fleirtalet opplevde at dei hadde slike omsorgsløysingar, med nær tilknyting til omsorgspersonar og stor grad av støtte. Desse jentene hadde budd, eller budde, i fosterfamiliar. Nokre av deltakarane opplevde samstundes at dei hyppig måtte flytte mellom diverse butiltak, og vart mellom anna plassert i bufellesskap der dei opplevde mangefull oppfølging. Desse jentene fortalte at dei følte seg einsame og at dei sakna ein trygg omsorgsperson som brydde seg. Dei opplevde å få hjelp til praktiske oppgåver, men fekk i mindre grad emosjonell støtte. Oppedal et al. (2011) viser til liknande funn i sin studie, der deltakarane rapporterte å få instrumentell støtte frå sitt hjelpeapparat i form av konkrete og praktiske bistand, medan dei i mindre grad opplevde emosjonell støtte.

Einslege mindreårige peikar i fleire studiar på eit ynske om tilknyting til trygge omsorgspersonar (Førde, 2017; Garvik et al., 2016; Skårdalsmo & Harnischefeger,

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

2017). Oppedal et al. (2009) og Hodes et al. (2008) fann i sine studiar at ungdom som ikkje hadde nære vaksenrelasjonar ofte var i ein meir sårbar situasjon enn ungdom som hadde trygg og stabil vaksenkontakt. Resultata indikerte at nære, trygge og kontinuerlige relasjonar til vaksne var av stor betyding for positiv tilpassing. Oppedal et al. (2009) og Kalverboer, Zijlstra, van Os, Zevulun, ten Brummelaar og Beltman (2016) viser til funn der einslege mindreårige som vert busett i fosterheim har det betre enn dei som vert busett i bufellesskap, mellom anna fordi deltarane i sistnemnde sakna kjærleg tilknyting, omsorg og støtte.

Situasjonen for einslege mindreårige har vore eit sosialpolitisk tema den siste tida (Kalve & Allertsen, 2008). Sidan 2007 har ansvaret for denne gruppa vore ei delt løysing, der barnevernet har ansvar for einslege mindreårige under 15 år, medan utlendingsmyndighetene har ansvaret for busetingstilbod til dei over 15 år. Der barn under 15 år vert plassert i busetjingsløysingar med høg grad av oppfølging, vert barna i aldersgruppa 15–18 år ofte plassert i bufellesskap og hyblar med varierande grad av oppfølging. Det stridast om kvar ansvaret for busetingstilbod for denne gruppe skal plasserast (Lidén, Eide, Hidle, Nilsen & Wærdal, 2013). Einslege mindreårige i denne aldersgruppa er den einaste gruppa barn utan føresette eller andre omsorgspersonar i Noreg som ikkje vert teken hand om av barnevernet. Fleire organisasjonar, mellom andre Norsk folkehjelp, Redd Barna og Kirkens nødhjelp, gjekk i 2008 saman om eit brev til familie- og kulturkomiteen der dei hevda at staten driv med systematisk diskriminering av barn i Noreg (Redd Barna, 2008).

Fleire aktørar har vore sterke talerøy for at dei mellom 15 og 18 år òg skal få same tilbod som andre barn utan omsorgspersonar i Noreg (Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjon, 2016; Unio, 2016). Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (2016) og Unio (2016) skriv like eins i svar på høringsrunde at dagens forskjellsbehandling mellom asylbarn mellom 15 og 18 år og norske barnevernsbarn, ikkje er i tråd med diskriminerings forbundet i barnekonvensjonens § 2. Einslege mindreårige er ei heterogen gruppe, og det vil vere naturleg med ulike preferansar for korleis ein føretrekk å busetja seg. Erfaringar innhenta frå deltarane i denne oppgåva, samt tidlegare forsking, viser likevel korleis buseting i omsorgsløysingar med trygg tilknyting og tett oppfølging kan ha positiv effekt på tilpassinga.

**6.2.4 Fokus på framtid: "Ein må sjå framover, ikkje bak" og hjelp gjennom utdanning og skule: "Eg må jobbe mykje og hardt".** Jentene var bevisste på godane servert barn og unge i Noreg, og kva moglegheiter som ligg til grunn for at dei kan lykkast. Sjølv hadde dei sett ei anna side av verda, og såg ut til å vere motiverte til å nytte moglegheitene til det fulle. Jentene såg eksempelvis ut til å ha høge ambisjonar for framtida, og Sletten (2001) fann i tråd med dette at ungdom med innvandrarbakgrunn ofte viser slike høge ambisjonar. Borge (2010) hevder at det å vere i stand til å planleggje livet sitt kan verke som ein beskyttande faktor, og forsking peikar på at håp og fokus på framtida kan bidra til positiv tilpassing og meistring (Daniel et al., 2018; Goodman, 2004; Maegusuku-Haewett et al., 2007; Ní Raghallaigh & Gilligan 2010).

Jentene fortalte om målretta planar for framtida, og denne framtidsdriven kom mellom anna til utrykk gjennom deltakarane sine positive haldningar og vilje til å arbeide hardt for å gjennomføre høgare utdanning. Prioritering av utdanning har vist seg å vere viktig for positiv tilpassing blant flyktningar (Carlson, et al., 2012; Goodman, 2004; Luster et al., 2010; Maegusuku-Haewett et al., 2007; Oppedal, Røysamb & Sam, 2004; Pastoor, 2012; Rana et al., 2011; Sleijpen et al., 2017).

Samstundes som at jentene presenterte ambisjonar for utdanning, hadde nokre av jentene òg opplevd at det var utfordrande å delta i den norske skule. Dei brukte eksempelvis betydeleg tid på å omsetje lekser og undervisningsmateriale til forståelige termar. Nokre opplevde i tillegg at lærarane var lite engasjert i å hjelpe dei til å forstå undervisninga. Stretmo (2014) undersøkte haldningar til lærarar som arbeidar med einslege mindreårige i Sverige. Dei fann at lærarane hadde ein tendens til å homogenisere dei og tilordne dei svært problemorienterte posisjonar. Det er viktig å merke at einslege mindreårige sjeldan er målet i verken pensum litteratur eller i nasjonale testar (Stretmo, 2014). I følgje Pastoor (2012) vert einslege mindreårige i norske klasserom òg ofte konfrontert med oppgåver som implisitt eller eksplisitt refererer til lokalisiert eller kontekstualisert kunnskap – noko einslege mindreårige som har vakse opp i andre kontekstar ikkje innehavar. Slik kan det truleg tenkjast at einslege mindreårige vert sett i ein vanskelegstilt posisjon, og hindra av strukturelle høver som kompliserer oppnåing i utdanning. Nokre av lærarane i studien til Stretmo (2014) peika difor på verdien av nyskapande didaktiske og pedagogiske tenkjemåtar i skulen i dag.

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

**6.2.5 Å transformere motgang til styrkje: "Eg er sterk".** Fleire av jentene fortalte at dei hadde eigenskapen "å vere sterke". Dei attribuerte denne styrken til motgangen dei hadde møtt. Dei fortalte eksempelvis at dei hadde mange opplevingar med motgang frå tida før og under flukt, men at dei hadde vorte sterke av opplevingane og tatt lærdom av dei. Dei såg ut til å nytte lærdommen frå opplevingane både før og under flukt til å vidare handtere og meistre ny motgang i tilpassinga til livet i Noreg. Det verka dermed som at jentene overkom utfordringar i kjølevatnet av stress og tap, og møtte nye utfordringar med personleg styrkje. Desse funna vert bekrefta av Ní Raghallaigh og Gilligan (2010), som i sin studie fann at einslege mindreårige ofte hadde utvikla ein kraftig motstandskraft til utfordringar.

Southwick et al. (2014), Vervliet (2013) og Daniel et al. (2018) fann i tråd med dette at einslege mindreårige si tru på eigne evner vart styrkja på bakgrunn av vissheita om dei utfordringane dei hadde overkome. Lee (2012) fann i sin studie at slike meistringsevner var resultat frå erfaring med å handle sjølvstendig. Deltakarane i studien fortlade at dei var lært opp til å "greie seg sjølv". Dei fleste einslege mindreårige har i lengre periodar måtte greie seg på eiga hand under flukt (Oppedal et al., 2009; Thommessen et al., 2015). Det å vekse opp i mangel på tryggleik og utan føresette kan føre til at barn tidleg trer inn i ei vaksenrolle, der dei tek på seg meir ansvar og sjølvstende enn kva alderen tilseier at dei bør gjere (Johnson & Mollbarn, 2011; Winton, 2003). Samstundes viser forsking til funn der sjølvstende og det å vere sjølvhjulpen kan vere strategiar individua nytter for å meistre omgivnadane på ein tilfredstillande måte (Ní Raghallaigh & Gilligan, 2010). Etter ankomst i Noreg må dei likevel innordne seg offentlege myndigheter sine retningslinjer og regler (Oppedal, et al., 2009).

I Noreg vert individua difor plutseleg avhengige av hjelpetenester, særleg når det gjeld å få tilgang til godar som pengar, bustad og skulegang. Mange har òg behov for praktisk hjelp til utfordringane dei møter i kvardagen, som å finne fram til kva institusjonar som kan yte ulike tenester. Det kan sjå ut til at einslege mindreårige slik kan blir sette i ein posisjon der dei vert dregne mellom avhengigheit av den tryggleiken omsorgstenestene representerer, og behovet for å vere sjølvhjulpen og sjølvstendige (Oppedal et al., 2009). Dette kan særleg kome til utrykk når barna vert gamle nok til at kontakt med hjelpeapparat vert avslutta. Einslege mindreårige skil seg frå annan

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

ungdom i Noreg ved at dei nærmast har ein dato for når dei må klare seg sjølv, som regel ein gong mellom 18 og 20 år (Oppedal et al., 2009).

Mange gruar seg til dagen kontakten med barnevernet opphører. Samstundes opplever andre at dette òg kan opplevast som ei lette, der dei endeleg får utøve si sjølvstende. Felles for desse individua er at dei har kontinuitet i deira sosiale relasjonar, tilhørsle og tilknyting til vaksne omsorgspersonar (Oppedal et al., 2009). Dette funnet kan stemme overeins med funn frå denne studien, som viste at samstundes som nokre av jentene uttrykte deira sjølvstende, såg det òg ut til at dei hadde både støttande relasjonar i heimlandet og i Noreg. I tråd med Oppedal et al. (2009) kan det verke som at tilknyting og kontinuitet i sosiale relasjonar kan vere ein viktig føresetnad for at denne gruppa skal kunne utøve sjølvstende.

## 6.3 Eit nytt liv i Noreg

Eg har i det føregåande drøfta funna i ljós av tidlegare forsking på feltet. I det følgjande vil eg vidare drøfte funna i ljós av det teoretiske rammeverket for oppgåva, samt sjå funna i ljós av eit større samfunnsperspektiv.

**6.3.1 Akkulturasjonsprosess.** Berry (1997) sitt akkulturasjonsrammeverk illustrerer korleis menneske som har utvikla seg innan ein kulturell kontekst, meistrar tilpassinga til ein ny kontekst. Sett i lys av denne studien, omfattar dette korleis deltakarane som har vakse opp i ulike land i Aust- og Sentral-Afrika meistrar tilpassinga til eit nytt liv i Noreg. I møte med den nye kulturen i Noreg kunne jentene nytte ulike akkulturasjonsstrategiar. Kva strategi som vart nytta avheng som vist av i kva grad jentene ynskja å ivareta sin opphavlege kultur, og involvere seg i den nye kulturen i Noreg. Jentene gav tydeleg utrykk for at dei arbeidde hardt for å tilpasse seg det norske samfunnet og kulturen gjennom å oppnå kulturell kompetanse, tileigne seg språkferdigheitar, danne sosiale relasjonar, ta del i "norske aktivitetar" og få seg relevant utdanning. Fleire såg samstundes ut til å ha eit ynske om å behalde element frå sin opphavlege identitet og kultur, mellom anna ved å danne sosiale relasjonar til andre med same etnisitet, samt gjennom praktisering av religion. Basert på dette, opplevde deltakarane sjølv å vere vellykka tilpassa det norske samfunn.

Ved å utvikle ein tokulturell identitet gjennom å tilpasse seg majoritetskulturen, samstundes som ein held på eigen opphavlege kultur og identitet, talar ein gjerne for *integrasjon* som akkulturasjonsstrategi (Berry, 1997; Javo, 2010). Integrering er den

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

mest føretrekte akkulturasjonsstrategien for innvandrarar, og forsking viser at strategien har ein særleg positiv innverknad på tilpassing til eit nytt samfunn (Berry, 2011; Berry, Phinney, Sam & Vedder, 2006; Berry & Ward, 2016; Sam & Berry, 2010). Integrering er samstundes ein strategi som berre kan veljast fritt dersom vertssamfunnet har eit ope og inkluderande syn på kulturelt mangfald (Berry & Sam, 2016). Jentene fortalte likevel at dei opplevde at nordmenn haldt avstand og avviste dei då dei ikkje beherska språket. Dei fortalte om opplevingar av å bli ekskludert, både i skule og arbeidsliv, og at dei på grunn av dette følte seg einsame og uteslengde. Fleire av deltagarane gav utsyn for at nordmenn verken forstod eller ynskte å forstå dei. Dei opplevde at dei difor vart nøydde å tilpasse seg for å ”passe inn”. Fyrst når dette var oppnådd, opplevde dei å bli akseptert og inkludert. For at ein skal kunne tale for integrasjon som strategi, hevder Fandrem (2011) at majoriteten ikkje berre aksepterer og verdset språklege og kulturelle bidrag som innvandrarar tilfører, men òg evner å tilpasse seg for å inkludere innvandrarar. Slik talar ein for ein *gjensidig* tilpassing som må finne stad.

Eit spørsmål vert såleis om jentene i større grad vart styrt i retninga av ein assimilatingsstrategi. Kort omhandlar assimilering å ”gjere lik” (Berry & Ward, 2016). Gullestad (2002) hevder at det i Norge finnes ei tolkingsramme som talar for at befolkninga er homogen, og at ulikskap, for eksempel den som innvandrar kan representera, truar denne homogeniteten. Ein slik moderne idé om ein kulturelt homogen nasjon har gjort det naudsint med nye måtar å handtere og/eller oppfatta kulturelle og eksisterande forskjellar mellom det nasjonale ”sjølvet” og dei ”framande” innanfor det nasjonale territoriet. Både segregerings- og assimilatingsstrategiar kan verte forstått som forsøk på å skape, eller atterskape, nasjonal orden (Seeberg, 2004). Dersom ein vert pressa til å assimilere, særleg i tilfelle der integrering er eit ynske frå immigrantar, er dette assosiert med lågare nivå av livstilfredsheit (Ward, 2009) og tap av kulturell identitet (Dahl, 2013). Sam og Berry (2010) hevder at ein slik strategi heller ikkje tenderer å vere særleg positiv når den vert nytta, og i følgje Døving (2009) har forsking vist at ufrivillig kulturell assimilasjon kan føre til ei oppleving av avmakt og framandgjering blant minoritetane.

Fleirkulturalisme kan mellom anna sjåast som ei korrigering av forsøk på assimilasjon (Seeberg, 2004). I stortingsmeldinga står det at regjeringa understrekar at målet for politikken som er retta mot innvandrarar, er integrering og *ikkje* assimilering

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

(Det kongelige Kommunal- og Regionaldepartement, 2004). I den offisielle innvandrarpolitikken ser det dermed ut til å vere ei einigkeit om at immigrantar skal integrerast i ein stat som speglar eit fleirkulturelt samfunn (Døving, 2009). Berry og Ward (2016) argumenterer for at integrasjon berre kan verte oppnådd i eit fleirkulturelt samfunn karakterisert av ei gjensidig tilpassing, positive oppfatningar av mangfald i befolkninga og politikk som støtter kulturelt vedlikehald og rettferdig deltaking.

Berry, Phinney, Kwak og Sam (2006) hevdar at det i Noreg finst ein diskrepans mellom politiske haldningars og fleirtalet av folket sin haldning i høve til akkulturasjonsstrategiar. Politikken legg på den eine sida opp til ein inkluderingstankegang, medan fleirtalet av folket ser ut til å støtte ein assimileringstankegang. I ei haldningsundersøking der majoriteten skulle svare på kva dei meinte om integrering av innvandrarar i Noreg, svarte omrent halvparten at dei meinte at innvandrarar burde prøve å bli så lik etnisk nordmenn som mogleg (Blom, 2009). Likskap vert dermed sett på som ynskeleg og normativt av mange i Noreg. Menneske som opplever å verte møtt av haldningars som tilseier at ein ikkje passar inn, slik som deltakarane i studien gjorde, kan dermed søkje seg mot ein assimileringssstrategi for å prøve å gli inn i mengda (Berry, Kim, Power, Young & Bujaki, 1989). Dessutan opplever fleire innvandrarar at integreringspolitikk skjer på norske premissar, og på kostnad av innvandrarane sin opphavlege kultur og identitet (Berg & Lauritsen, 2010).

Den norske integreringspolitikken kan sjåast i ljós av ein større fleirkulturell debatt. Debatten går i hovudsak ut på å drøfte forholda mellom godkjenning av alle menneske som likeverdige på den eine sida, og godkjenning av ulikskap og kulturell autonomi på den andre sida (Gressgård, 2002). Eit sentralt spørsmål er i kva grad minoritetsgrupper kan få praktisere eigen kultur i eit vestleg demokrati basert på eit universelt likskapsideal som inneber at lojaliteten skal gå til demokratiet, og ikkje til kulturelle grupper. Slik er mål for fleirkulturell integrering i Noreg på førehand lagt til grunn av majoriteten (Gressgård, 2002). Når måla for sameksistens mellom majoriteten og minoriteten er lagd av majoriteten, kan ein stille seg spørjande til om integreringspolitikken står i fare for å bli ein assimilatingsprosess.

Eit av nøkkelementa for fleirkulturalisme er behovet for *rettferdig deltaking*. I mange europeiske samfunn ser ein likevel kulturelt mangfald utan interkulturell interaksjon eller rettferdig deltaking. Dersom fleirkulturalisme vert sett på og akseptert

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

berre som toleranse og nærvær av forskjellige kulturar innan eit samfunn, men utan den samtidige fremjinga av inkludering gjennom program for å redusere barrierar til urettferdig deltaking, vil det oppstå ei form for segregering som politisk og praktisk ideologi (Berry & Ward, 2016). For at fleirkulturalisme skal kunne vere ein realitet, er det behov for politikk som understøttar rettferdig deltaking, som vert legalisert og implementert, samt at slik politikk vert akseptert og sett på som nyttig for individ og samfunn (Berry & Ward, 2016).

Sett i ljós av eit helsefremjande perspektiv er rettferdig fordeling av helse eit av nøkkelprinsppa for helsefremjande arbeid (Rootman et al., 2001). Likevel visar det seg at samstundes som at ein har sett ein forbetring i helse og levealder for befolkninga som heilskap, har dei sosioøkonomiske skilnadane i dødeleghet og sjukdom auka (Dahl, Bergsli & van der Wel, 2014). Blom (2009) fann i ei undersøking at både psykosomatiske og psykiske plager var meir utbreidd hjå innvandrarar enn hjå befolkninga i heilskap. Helsestatus avhenger av makt, velferd og sosial status. Desto større forskjellar i fordeling av makt og velferd, desto større forskjellar i helsestatus (Laverack, 2004). Levekår hjå ikkje-vestlige innvandrarar er i dag dårlagare enn hjå majoritetsbefolkninga, med lågare inntekt, fleire arbeidsledige, dårlagare bustadforhold, og lågare utdanningsnivå. Dette gjer at denne gruppa er særleg utsett for ei rekke risikofaktorar knytt til lågare sosioøkonomisk status (Næss, Rognerud & Strand, 2007). Samstundes er det viktig å understreke at innvandrarar er ei ueinsarta gruppe, og at ein difor ikkje kan konkludere med at innvandring i seg sjølv utgjer ei risikogruppe (Smith, 2000). Feltet av helsefremjande arbeid har i litra grad sett på korleis slike kulturelle aspekt legg føring for helseutfall (Fernandez, 2013).

Introduksjonslova kom som ein reaksjon på den aukande kriseforståinga av integreringspolitikk, der ein såg at yrkesdeltakinga var låg og bruk av sosialhjelp var høg hjå innvandrarar, sjølv etter mange år i Noreg. Målet med lova var å styrkja nykomne innvandrarar sine moglegheiter for deltaking i yrkes- og samfunnslivet, og deira økonomiske sjølvstende (Djuve, Kavli & Sterri, 2017). Djuve, Kavli og Sterri (2017) forma i ljós av dette ein forskningsrapport der dei evaluert korleis norske kommunar faktisk oppfylte lova for innvandrarar. Rapporten viser stor variasjon mellom kommunane og i kva grad dei lukkast. Ulikskapar som hudfarge, religion, språk, kultur, verdiar og barrierar for aksept innverkar òg på opplevinga tilhøyrslle og deltaking i det norske samfunnet (Friberg & Midtbøen, 2017).

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Den norske politikken er som nemnd retta mot integrering, men integrering vert som vist berre oppnådd i fleirkulturelle samfunn karakterisert av ei gjensidig tilpassing, positive oppfatningar av mangfald og politikk som støttar kulturelt vedlikehald og rettferdig deltaking. Ettersom fleirtalet av befolkninga ser ut til å støtte ein assimileringstankengang, og den norske politikken ikkje har lukkast med målet om rettferdig deltaking, stiller eg meg undrande til kor vidt ein integreringsstrategi praktisk sett lar seg gjennomføre i det norske samfunn i dag.

**6.3.2 Sosiokulturell og psykologisk tilpassing.** Dei to tilpassingsformane som ein akkulturasjonsprosess til slutt endar i, vert som nemnd omtala som sosiokulturell og psykologisk tilpassing. Den psykologiske tilpassinga refererer til individ si tilfredsheit og kjenslemessige velvære, medan den sosiokulturelle tilpassinga omfattar relasjonar til andre (Berry, 1997). Førde (2014) talar som nemnd for at det bør vere barn sine eigne subjektive opplevingar som vert lagt til grunn for å forstå kva som vert opplevd som positiv tilpassing for den enkelte. Mine deltakarar fortalte at dei stort sett var nøgd med liva sine i Noreg, og opplevde å ha vene og sosial stønad. Dei såg dermed ut til å presentere ei relativt positiv tilpassing. At einslege mindreårige viser til slik positiv tilpassing, finn ein òg igjen i ei rekke andre studiar (Hessle, 2009; Oppedal et al., 2011; Oppedal og Idsøe, 2015; Seglem et al., 2014).

Innan akkulturasjonsteorien vel ein å skilje mellom sosiokulturell og psykologisk tilpassing. Det finst forsking som har funne klare samanhengar mellom dei to tilpassingsformane (O'rourke & Moztarzadeh, 2015; Sam et al., 2006; Ward & Fischer, 2013). Ein slik samanheng er i tråd med mine funn, der det òg verkar å vere ein samanheng mellom den sosiokulturelle og psykologiske tilpassinga hjå jentene. Det viste seg eksempelvis at når jentene meistra den sosiokulturelle tilpassinga, såg dei samstundes ut til å beskrive ei positiv psykologisk tilpassing. Når dei derimot opplevde å bli ekskludert, fortalte dei at dei følte seg utilfredse og dermed hadde ei mindre positiv psykologisk tilpassing. Dei to formane for tilpassing kan dermed tenkjeleg sjå ut til å henge saman: Å ha positive relasjonar med medlemar frå det nye samfunnet vil truleg kunne verke positivt på kjensla av velvære og tilfredsheit. På same måte vil det òg vere lettare å utvikle positive relasjonar når ein sjølv kjenner seg bra. Høgre del av Berry (1997) sitt rammeverk kan difor truleg med fordel takast eit skritt vidare, då den ikkje eksplisitt viser ein tydeleg samanheng mellom dei to tilpassingsformane.

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Tradisjonelt sett har ein innan psykologien vore oppteken av å utvikle universale, lineære modellar og teoriar av immigrantar sin akkulturasjon. Bhatia og Ram (2009) er derimot kritiske til at akkulturasjonsprosess og tilpassing vert omtala som lineære prosessar som endar i slike bestemte utfall. Dei hevder at eit slikt syn ikkje tek omsyn til omgivnadane, som kan vere i endring. Bhatia og Ram (2009) illustrerer dette med historier frå indiske migrantar i USA. Fleire av desse opplevde i utgangspunktet å vere integrert og positiv tilpassa i samfunnet. Etter terrorangrepet 9/11, opplevde mange å verte diskriminert på grunn av liknande etniske utsjånad som terroristane som stod bak angrepa. Dette førte til at deira oppfatning av å vere integrert i samfunnet plutselig vart utfordra og endra. Dei sosiokulturelle dimensjonane ved tilpassing er sentrale, og ser difor ut til å vere meir komplekse enn lineære forståingar (Bhatia & Ram, 2009). I ljós av ei slik forståing vil eit forsøk på assimilering, slik jentene truleg gjorde, kunne verte problematisk. Dersom ein bryt tilknytinga til sin opphavlege kultur og finn seg i ein situasjon der ein plutselig opplever å ikkje få innpass, har ein både mista moglegheita til å skape ny kulturell identitet, samstundes som ein ikkje lenger opplever tilhørsle til sin opphavlege etniske kultur (Bunkholdt, 2000). Då omgivnadane og majoriteten sine haldningar som vist er i stadig endring, vil det vere umogleg å snakke om ei slik stabil tilpassing. I staden for å sjå tilpassinga som ein lineær prosess, talar Bhatia og Ram (2009) difor for at ein i staden bør tenkje at det er ein prosess i stadig endring.

**6.3.3 Å navigere mot resiliens.** Korleis barn og unge meistrar stress er ein sentral del av forskinga på resiliens. Nokre lar seg lett knekke av belastningar, medan andre handterer problema sine på ein effektiv måte (Borge, 2010). Som eg har drøfta i dette kapittelet hadde jentene opplevd stress- og risikoopplevelingar knytt til tilværa i heimlandet, flukt og ekskludering. Nokre hadde òg opplevd mangel på omsorg i vertssamfunnet. Samstundes vart det i studien identifisert mange ressursar og meistringsstrategiar som såg ut til å beskytte mot desse opplevelingane. Beskyttelsesfaktorane sin natur påverkar tilpassing ved å moderere effekten av risikofaktorane, slik at individ kan mestre situasjonen på ein meir vellykka måte enn om beskyttelsesfaktorane ikkje var til stades (Rutter, 1990). Kvello (2015) hevder at ein foreløpig ikkje har nok kunnskap til at ein kan forklare korleis det kompliserte samspelet mellom beskyttelsesfaktorar og risikofaktorar utviklar seg.

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Resiliens vert sett på som eit individ si evne til å navigere mot moglegheiter til å oppleve kjensler av velvære. Dette inneber evna til å forhandle med seg sjølv og omgivnadane kring ein (Ungar, 2005a; 2005b, 2008). Jentene i studien såg ut til å navigere mot mål om sosial tilhørsle og akademisk suksess, då dei såg desse måla som kjelde til positiv tilpassing og velvære. For å nå desse måla måtte dei, som drøftinga viser, navigere og forhandle med omgivnadane, eksempelvis ved å møte kravet om ”likskap”. Dersom resiliens er bevegelse mot eit mål der individ forventar å oppleve kjensler av velvære, vil det vere sentralt å trekke fram at det som innan majoritetten vert opplevd som kjelder til velvære, ikkje nødvendigvis vil vere det same for individet. Dersom eit individ opplever at alle ”gode” vegar til målet er blokkert, vil konsekvensane kunne verte at individet forsøker å finne andre meir eller mindre gode sidevegar for å nå målet. Dette kan føre til at barn navigerer mot mindre sunne miljø, som skadelige ungdomsmiljø og kriminalitet (Førde, 2014).

I 2016 auka bruk av midlertidig opphaldstillating ovanfor einslege mindreårige kraftig. I 2017 hadde 45 prosent av dei mindreårige kun fått godkjend opphald fram til fylte 18 år. Årsaka til aukinga er mellom anna innstrammingstiltak etter den auka flyktingstraumen i 2015. Eit sentralt føremål med tiltaket var å sende eit signal for å hindre at barn og unge legg ut på ei farleg flukt (Noas, 2017). Noas (2017) hevder at det likevel ikkje er grunnlag for å hevde at tiltaket har slik effekt. Det er derimot breitt dokumentert at midlertidige tillatingar til einslege mindreårige har medført svært usikre og krevjande situasjonar ovanfor gruppa. Omtrent halvparten av dei einslege mindreårige som har fått midlertidig opphald har forsvunne, anten til eit ulovleg tilvære i Noreg eller til andre europeiske land (Noas, 2017). Situasjonen dei lever i gjer det vanskeleg å konsentrere seg om framtid, og forsking visar at det er utfordrande for unge med midlertidig opphald å integrere seg i det norske samfunn (Sønsterudbråten, 2010). Det kan tenkjast at desse barna dermed ikkje opplever at dei har moglegheiter eller vegar å gå for å oppnå mål om velvære, og dermed navigerer mot andre, meir uheldige tilvære for å oppnå den kjensla.

Resiliensparadigmet omfattar utvilsamt eit syn på barn som aktive agentar som kan påverke sitt eiga liv betydeleg ved bruk av ressursar og meistringsstrategiar (Rutter, 1990; Werner, 2000). Det er derimot viktig å merke at individ ikkje veks opp i isolasjon (Sameroff & Fiese, 2000). Førde (2014) vektlegg betydninga av varme og kloke omsorgspersonar som viser veg i ein slik prosess. Det vil òg vere tenkjeleg at det

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

er naudsynt at barna opplever at dei har ressursar tilgjengeleg for å navigere mot mål om velvære, som samstundes vert verdsett av samfunnet i heilskap. Jentene i studien opplevde at dei hadde slike vegar å gå. Slik er eit sosio-økologisk perspektiv sentralt; det må vere helse- og sosialtenester som både støttar individet, samstundes som dei breiare kontekstuelle høva vert tilrettelagt slik at det faktisk er ”gode vegar” å gå for å oppnå mål om velvære i den nye tilværa (Førde, 2014).

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## Kapittel 7: Avslutning

Formålet med denne studien var å få innsikt i korleis einslege mindreårige jenter meistra å flykte til, og tilpasse seg eit nytt liv i Noreg, samt korleis dei opplevde dette. Desse spørsmåla har stått i fokus gjennom heile oppgåva, og har vorte systematisk gjennomgått både i analyse og ved drøfting av funn. Teori og forsking som vart presentert i byrjinga har laga grunnlag for drøfting av studien sine funn. Målet med studien har vore å rette merksemrd mot eit område der det finst relativt lite forsking, og der eventuelle funn kan bidra til auka bevisstheit kring tematikken. I dette kapittelet vil eg summera opp korleis funna har gitt svar på forskingsspørsmåla. Deretter vil eg ta for meg avgrensingar ved studien, implikasjonar for helsefremjande arbeid og vegen vidare.

### 7.1 Oppsummering av hovudfunn og konklusjon

Einslege mindreårige har ofte opplevd traumatiske hendingar før, under og etter flukt. Ei kategorisering av individua som sårbare og med høg risiko for utvikling av ei rekkje psykiske lidingar, er noko som kjenneteiknar både nasjonal og internasjonal forsking. Samstundes har forsking vist at sjølv om flukt og eksil inneber slike risikoar, gjeld ikkje dette nødvendigvis fleirtalet. Fleire studiar har eksempelvis funnet at einslege mindreårige viser til ei relativt positiv tilpassing etter flukt. Dette er i tråd med mine funn, der deltakarane, trass i motgang og utfordringar, såg ut til å vise både positiv sosiokulturell og psykologisk tilpassing – gjennom mellom anna akademisk suksess, sosial suksess, språkmeistring og opplevd tilfredsheit i den nye tilværa. Dei to tilpassingsformane såg òg ut til å vere knytt saman; når jentene meistra den sosiokulturelle tilpassinga, såg dei òg ut til å beskrive ei positiv psykologisk tilpassing – og omvendt.

Gjennom analyse og arbeid med datamaterialet identifiserte eg ei rekke ressursar og meistringsstrategiar som var sentrale for jentene sine positive utfall. Desse faktorane omhandla motivasjon for migrasjon, spirituell støtte, sentrale nøkkelpersonar, val av ein hensiktsmessig akkulturasjonsstrategi, sosial støtte, trygge omsorgsløysingar samt meistringsstrategiar som å lære seg språk, å transformere motgang til styrke, fokus på framtid og utdanning. Funna såg ut til å vere knytt til positiv tilpassing, òg i annan forsking.

Jentene såg vidare ut til å aktivt oppsøkje mennesker og situasjonar som kunne vere til hjelp i tilpassinga, eksempelvis vener og diverse aktivitetsgrupper. Slik viste

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

dei evne til å navigere mot område dei tenkteleg ville oppleve inkludering og velvære. I følgje Ungar (2008) er resiliens nettopp evna til å navigere mot slike mål. For at dette skal vere mogleg, er det truleg naudsynt at det er helse- og sosialtenester som støttar individet, samstundes som dei breiare kontekstuelle høva vert tilrettelagde.

Jentene navigerte særleg mot mål om sosial aksept. For at dei skulle oppnå dette, måtte dei møte eit likskapsideal. Dette førte til at dei truleg navigerte i retning av ein assimilatingsstrategi. Den norske politikken er samstundes retta mot integrering, og *ikkje* assimilering av flyktingar. Ettersom fleirtalet av befolkninga ser ut til å støtte ein assimileringstankegang, og den norske politikk truleg ikkje har lykkast i mål om rettferdig deltaking, har eg følgjeleg stilt meg undrande til i kva grad ein integreringsstrategi lar seg praktisk gjennomføre i det norske samfunnet i dag.

Tilpassing vert i litteratur gjerne sett på som ein lineær prosess som endar i eit bestemt utfall. Samstundes er sosiostrukturelle dimensjonar ved tilpassing sentrale, og omgivnadane og majoriteten sine haldningar endrar seg stadig. I staden for å sjå tilpassing som ei lineær utvikling med bestemte utfall, støtter eg meg til Bhatia og Ram (2009) som foreslår at det snarare bør verte forstått som ein prosess i stadig utvikling.

## 7.2 Studien sine avgrensingar

Grunna tidsavgrensing vart det vurdert at seks deltararar i min studie var tilstrekkeleg. Det kan likevel vere at fleire relevante opplysningar hadde kome fram ved gjennomføring av nye intervju. Då det òg er utført svært lite forsking på feltet tidlegare, er det problematisk å samanlikne funna med andre studiar for å vurdere pålitelegeita (Dalen, 2011). I tillegg var alle deltararane frå same kontinent, noko som problematiserer samanlikningsgrunnlaget ytterlegare. Ved rekruttering av deltararar vart det sendt ut eit informasjonsskriv om kva føremålet med studien var. Det vart òg utført ein munnleg gjennomgang av føremål med studien før kvart intervju vart gjennomført. Ved å ha lest informasjonsskrivet og høyrt forklaringa, kan deltararane ha gjort seg opp tankar om kva type informasjon eg som intervjuar ynskte. Det kan difor stillast spørsmål ved i kva grad intervjuareffekten har påverka det deltararane fortalte (Grønmno, 2004). Ei annan mogleg utfordring knytt til datamaterialet var at ein av deltararane hadde fylgje av verge og samstundes nyttat telefontolk. Dette kan kanskje ha auka faren for at denne deltararen kan ha tilpassa sine ytringar i retninga av kva ho vurderte som sosialt akseptabelt og ynskeleg med tanke på både verge og tolk (Polit & Beck, 2012).

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

Funna i studien er basert på individuelle utsegn og opplevingar frå deltakarane sine migrasjonshistorier. Når ein arbeidar med livshistorier og migrasjonshistorier, inneber dette alltid ei moglegheit for at deltakarar oppgjer feilaktige opplysningar (Øien, 2010). Kohli (2006) fann eksempelvis at einslege mindreårige kan vegre seg for å snakke om erfaringar som har vore vanskeleg. Dei kan òg vere forvirra angåande kva som faktisk har skjedd under kaotiske omstende, og kan ha undertrykt visse erfaringar som ein umedviten overlevingsstrategi. Undervegs på flukt lærer einslege mindreårige ofte kva som er strategisk å sei dersom ein vert teken av politi eller myndigheter. Migrasjonshistoriene deira er difor ofte konstruert slik at dei skal møte krav naudsynt for tildeling av asyl i diverse vertssamfunn (Kohli, 2006). Kohli (2006) hevder at desse individua ofte ber desse historiene med seg vidare, særleg ovanfor sosialarbeidrarar og andre dei identifiserer som ”autoritære”. Uavhengig av om historiene representerer ”heile biletet”, bidreg det likevel til eit innblikk i komplekse historier og må difor ikkje forkastast.

Tatt i betrakning at det var særleg vanskeleg å få målgruppa til å stille til intervju, kan det representera ein fare for at deltakarane som faktisk valde å delta representerer ei særleg prososial gruppe. Då deltakarane i forkant vart informert om at eg ynskte å undersøkja korleis dei meistra flukt og tilpassing til eit nytt liv i Noreg, kan det hende at dei som ikkje hadde positive opplevingar kring meistring, vegra seg for å delta. Det å måtte uttrykkje seg på eit anna språk enn morsmål vil truleg òg vere utfordrande. Sjølv om deltakarane hadde gode språkferdigheiter, kan det likevel hende at det har oppstått nokre språklege utfordringar som kan ha ført til misforståing av spørsmål, eller at eg som intervjuar misforstod deltakarane sine ytringar. Dei ovannemnde aspekta er viktige å ta omsyn til når ein tolkar funna i denne studien.

### **7.3 Implikasjonar for helsefremjande arbeid**

Sett ut i frå resultata frå denne studien, har deltakarane bidrege til å belyse ei rekke faktorar som dei sjølv såg som naudsynt for ei positiv tilpassing. Ein praksis som underbyggjer slike faktorar, vil tenkjeleg vere positivt.

Flyktningar vert stilt overfor ei rekke utfordringar som gjer deira oppvekstsituasjon annleis enn for ungdom frå majoritetsbefolkninga. Ulikskapar som hudfarge, religion, språk, kultur, verdiar og barrierar for aksept påverkar kjensla av tilhørsle og deltaking i det norske samfunnet. Levekår blant ikkje-vestlege innvandrarar er som nemnd dårlegare i dag, enn levekåra blant majoritetsbefolkninga –

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

med lågare inntekt, fleire arbeidsledige, därlegare bustadforhold og lågare utdanningsnivå. Dette gjer at denne gruppa er særleg utsett for ei rekke risikofaktorar knytt til lågare sosioøkonomisk status. Helsefremjande arbeid har så langt i lita grad sett på kulturelle determinantar for helse, og dette er truleg eit fokusområde det bør rettast merksemd mot.

## 7.4 Vegen vidare

Denne studien er eit bidrag til auka forståing av korleis mindreårige jenter som er flyktningar navigerer mot eit nytt tilvære i Noreg. Når det er sagt, er det naudsynt å ta etterhald om resultata på bakgrunn av den avgrensa storleiken på utvalet. Studien kan eksempelvis ikkje sei noko om korleis fenomena vert opplevd for *alle* einslege mindreårige jenter som opplever ein slik overgang, men den kan sei noko om korleis situasjonen vert opplevd for den enkelte deltakar. Det er i dag, som vist, relativt sparsamt med tilgjengeleg forsking på einslege mindreårige, og særleg lite forsking på einslege mindreårige jenter. Gjennom mitt litteratursøk klarte eg eksempelvis ikkje å lokalisere tidlegare forsking som hadde undersøkt denne målgruppa sine opplevelingar kring tilpassing til eit vertsamfunn. Forskinga ser dessutan ut til å vere konsentrert kring framkomstfasen, og det vert etterlyst dei unge si eiga stemme i forskinga. Sjølv om funna frå denne studien ikkje kan generaliserast, kan dei vere med på å rette fokus mot denne gruppa – og slik bidra til å gje dei ei stemme. Slik kan studien sjå ut til å ha ein særleg eigenverdi.

Eg fann ingen motseiingar mellom relaterte studiar, teoriar og jentene sine historier. Jentene sine erfaringar såg ut til å passe med funn frå liknande studiar. Samstundes er det viktig å ta etterhand om at studiane som er lagt til grunn for drøftinga ikkje utelukkande har fokusert på einslege mindreårige *jenter*. Dessutan er det viktig å ta omsyn til at fleire av desse studiane var utført i land med ulik immigrasjon, integrasjonspraksis og politiske føringar. For å underbyggje og validere funna er det difor behov for empiri utført under dei same kontekstuelle høva i Noreg, og med same målgruppe. Det er tenkjeleg at det kan vere svært nyttig å undersøkje om ein finn fram til liknande funn hjå eit større utval, samt deltakarar frå andre områder enn Aust- og Sentral-Afrika. Som ein kvalitativ studie, genererte oppgåva minst like mange spørsmål som den gav svar. På grunn av tidsavgrensing, måtte eg til dømes ekskludere spanande område som dukka opp under intervju og gjennom arbeid med materialet. Blant dei busetjingsarbeid overfor gruppa og årsaker til

## EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

assimileringstankegang blant majoriteten. Dette er område det ville ha vore spanande å forske vidare på.

Mine deltakarar demonstrerer viktigheta av å leggje til rette for nære og trygge relasjonar med omsorgsarbeidarar og fosterfamiliar. Jentene hadde opplevd slike nære og varme relasjonar, men dei hadde òg opplevd relasjonar som ikkje gav dei den sosiale og psykologiske varmen dei trøng. Det er lite forsking på busetjing av einslege mindreårige i Noreg (Garvik et al., 2016). Vidare forsking på einslige mindreårige bør difor legge vekt på korleis ein fasilitarar at einslege mindreårige får ei god tilknyting til trygge omsorgspersonar. Eksempelvis kunne det vore interessant å utføre ei større undersøking av korleis einslege mindreårige opplever omsorg gitt i bufellesskap til samanlikning med omsorga som vert gitt i forsterfamiliar, og om dei ulike omsorgsløysingane verkar inn på utfall av tilpassing. Jentene i denne studien opplevde det som problematisk å bli akseptert utan at dei hadde gjennomgått tilpassingsprosessar med tileigning av språkferdigheiter og kulturell kompetanse. Då val av akkulturasjonsstrategi i stor grad avhenger av majoritetsgruppa sine haldningar, kunne det ha vore interessant å utforske korleis jammaldrande frå majoriteten faktisk opplever kontakt med einslege mindreårige.

I denne studien har eg sett deltakarane i eit ressursperspektiv, som inneber at eg har sett dei i ljós av deira styrkjer så vel som deira sårbarheiter, og som individ som påverkar, og vert påverka av, sine omgivnadar. Eg støttar med til Ní Raghallaigh og Gilligan (2010), som meiner at det er behov for større merksemrd retta mot einslege mindreårige sin resiliens og tilpassingsdyktigheit. Dette vil anerkjenne fleire ressursar og kapasitetar hjå einslege mindreårige, noko som vil kunne vere med på å oppmuntre og fremje ein profesjonell praksis som respekterer desse eigenskapane, og som forpliktar seg til å styrkje desse individua (Ní Raghallaigh & Gilligan, 2010). Ettersom einslege mindreårige jenter ofte har vore utsett for risiko av diverse slag, vil innsikt i motstandskraft mot slike risiko-opplevelingar truleg kunne gje retningslinjer for meir effektiv hjelp til andre – særleg dei som ikkje utviklar same motstandskraft (Borge, 2010).

Avslutningsvis ynsker eg å dele Olav H. Hauge sitt dikt "*Det er den draumen*". Eg tykkjer symbolikken er passande, då Hauge beskriv draumar og håp for ei ljósare framtid, noko eg kjenner reflekterer jentene sine historier. For som deltakaren Baako

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

uttrykkja innleiingsvis, sluttar ein ikkje å leite etter ein ny sti, sjølv om ein har gått seg vill i ein stor skummel skog.

*Det er den draumen me ber på  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje –  
at tidi skal opna seg,  
at hjarta skal opna seg,  
at dører skal opna seg,  
at berget skal opna seg,  
at kjeldor skal springa –  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgenstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um.*

# EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

## Litteratur

- Alyord, M. K. & Grados, J. J. (2005). Enhancing Resilience in children: A proactive approach. *Professional Psychology: Research and Practice*, 36(3), 238- 245.
- Attride-Stirling, J. (2001). Thematic networks: an analytic tool for qualitative research. *Qualitative Research*, 1(3), 385-405.
- Aveyard, H. (2010). Doing a Literature Review in Health and Social Care: A Practical Guide (2. utg.). Berkshire: Open University Press.
- Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet. (2011). *Arbeid med enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger: En håndbok for kommunene*. Henta fra <https://www.bufdir.no/nn/Bibliotek/Dokumentside/?docId=BUF00001203>
- Barne- og likestillingsdepartementet. (2012). *En helhetlig integreringspolitikk*. (Meld. St. 6. 2012-2013). Henta fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-6-20122013/id705945/sec1>
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2017). *Enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger*. Henta fra [https://www.bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/Oppvekst/Barn\\_pa\\_flukt/Enslige\\_mindr\\_earige\\_asylsokere\\_EMA/](https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Barn_pa_flukt/Enslige_mindr_earige_asylsokere_EMA/)
- Barne-, ungdoms- og familieetaten (2009). *Bosetting for barn under 15 år*. Henta fra <http://www.bufetat.no/?module=Articles;action=ArticleFolder.publicOpenFolder;ID=4200>
- Bazeley, P. & Richards, L. (2000). *The NVivo qualitative project book*. London: SAGE Publications.
- Bean, T. M., Eurelings-Bontekoe, E. & Spinhoven, P. (2007). Course and predictors of mental health of unaccompanied refugee minors in the Netherlands: One year follow- up. *Social Science & Medicine*, 64(6), 1204-1215.
- Bengtson, M. & Ruud, A. K. (2012). Utviklingsstøttende omsorg i mottaksfasen. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt: Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (s. 183-198). Oslo: Gyldendal Norske Forlag.
- Berg, B. & Lauritsen, K. (2009). *Eksil og livsløp*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berg, B. (2010). *Eksilets stoppesteder: Fra flukt og asyl til integrering og transnasjonale liv* (Doktorgradavhandling). Fakultuet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Trondheim.

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

- Berg, B. (2012). Fra et liv på vent til bosetting i kommunen. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt: psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (s. 199-218). Oslo: Gyldendal.
- Berry, J. W. (1997). Immigration, acculturation and adaption. *Applied psychology: An international Review*, 46(1), 5-68.
- Berry, J. W. (1999). Aboriginal cultural identity. *Canadian Journal of Native Studies*, 19(1), 1-36.
- Berry, J. W. (2011). Integration and multiculturalism: Ways towards Social Solidarity. *Papers on Social Representations*, 20, 2.1-2.21.
- Berry, J. W., Kim, U., Minde, T. & Mok, D. (1987). Comparative studies of acculturative stress. *Inrernarional Migrarion Review*, 21(2), 491-511.
- Berry, J. W., Kim, U., Power, S., Young, M. & Bujaki, M. (1989). Acculturation Attitudes in Plural Societies. *Applied Psychology*, 38(2), 185-206.
- Berry, J. W., Phinney, J. S., Kwak, K. & Sam, D. S. (2006). Introduction: Goals and Research Framework for Studying Immigrant Youth. I J. Berry, J. Phinney, D. L. Sam & P. Vedder (Red.), *Immigrant youth in cultural transition. Acculturation, identitiy, and Adaptation Across National Contexts* (s. 1 -14). New Jersey: Lawrence Erlbaum Associates, Inc.
- Berry, J. W., Phinney, J. S., Sam, D. L. & Vedder, P. (2006). *Immigrant youth in cultural transition: acculturation, identity, and adaptation across national contexts*. Mahwah, N.J: Erlbaum.
- Berry, J. W., Poortinga, Y. H., Segall. M. H. & Dasen, P. R. (2002). *Cross-cultural psychology*. New York: Cambridge University Press.
- Berry, J. W. & Sam, D. L. (1997). Acculturation and adaptation. I J. W. Berry, M. H. Segall & C. Kagitcibasi (Red.), *Handbook of cross-cultural psychology: Social behaviour and applications* (s. 291–326). Boston, MA: Allyn & Bacon.
- Berry, J. W. & Sam, D. L (2016). Theoretical perspectives. I D. L. Sam & J. W. Berry (Red.). *The Cambridge Handbook of Acculturation Psychology*. United Kingdom: Cambridge University Press.
- Berry, J. W. & Ward, C. (2016). Multiculturalism. I D. L. Sam & J. W. Berry (Red.). *The Cambridge Handbook of Acculturation Psychology*. United Kingdom: Cambridge University Press.
- Bhabha, J. & Crock. M. (2007). *Seeking asylum alone: Unaccompanied and Separated*

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

- Children and refugee Protection in Australia, the U.K. and the U.S.* Sydney:  
Themis press.
- Bhatia, S. & Ram, A. (2009). Theorizing identity in transnational and diaspora cultures: A critical approach to acculturation. *International journal of intercultural relations*, 33(2), 140- 149.
- Bitsch, V. (2005). Qualitative research: A groundedtheory example and evaluation criteria. *Journal of Agribusiness*, 23(1), 75-91.
- Blom, S. (2009). *Holdninger til innvandrere og innvandring 2009*. (Statistisk sentralbyrå 44/2009). Henta frå [https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp\\_200944/rapp\\_200944.pdf](https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_200944/rapp_200944.pdf)
- Boland, K. (2010). *Children on the Move between Afghanistan and Western Countries*. Henta frå <http://www.refworld.org/docid/4ec4c48d2.html>
- Borge, A. I. H. (2007). Introduksjon. I A. I. H. Borge (Red.), *Resiliens i praksis: teori og empiri i et norsk perspektiv* (s. 13-25). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Borge, A. I. H. (2010). *Resiliens: risiko og sunn utvikling*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bourhis, R. Y., Moise, L. C., Perreault, S. & Senecal, S. (1997). Towards an interactive acculturation model: A social psychological approach. *International journal of psychology*, 32(6), 369-386.
- Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, 3(2), 77-101.
- Bronstein, I., Montgomery, P. & Dobrowolski, S. (2012). PTSD in asylum-seeking male adolescents from Afghanistan. *Journal of traumatic stress*, 25(5), 551-557.
- Bronstein, I., Montgomery, P. & Ott, E. (2013). Emotional and behavioural problems amongst Afghan unaccompanied asylum-seeking children: results from a large-scale cross-sectional study. *European child & adolescent psychiatry*, 22(5), 285-294.
- Bunkholdt, Vigdis (2000). Utviklingspsykologi. Oslo: Universitetsforlaget
- Capstick, T. & Delaney, M. (2016). *Language for resilience: The role of language in enhancing the resilience of Syrian refugees and host communities*. Henta frå

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

- <https://www.britishcouncil.org/sites/default/files/language-for-resilience-report-en.pdf>
- Carlson, B. E., Cacciatore, J. & Klimek, B. (2012). A risk and resilience perspective on unaccompanied refugee minor. *Social work*, 57(3), 259-269.
- Creswell, J. W. (2014). *Research Design: Qualitative, Quantitative and Mixed Methods Approaches*. Thousand Oaks, CA: Sage.
- Dahl, E., Bergsli, H. & van der Wel, K. A. (2014). *Sosial ulikhet i helse: en norsk kunnskapsoversikt*. Henta fra <http://www.hioa.no/Forskning-og-utvikling/Hva-forsker-HiOA-paa/Forskning-og-utvikling-ved-Fakultet-for-samfunnsvitenskap/Sosialforsk/Sosiale-ulikheter-i-helse/Hovedrapport>
- Dahl, Ø. (2013). *Møter mellom mennesker; innføring i interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Dahlberg, K., Dahlberg, H. & Nyström, M. (2008). *Reflective lifeworld research*. Lund, Sverige: Studentlitteratur.
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalgard, A, B. (2017). *Rekordmange nyankomne enslige mindreårige flyktninger*. Henta fra <https://www.ssb.no/befolkningsstatistikk/artikler-og-publikasjoner/rekordmange-nyankomne-enslige-mindrearige-flyktninger>
- Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Daniel, M., Gwanzura Ottemöller, F., Katisi, M., Hollekim, R., and Tesfazghi, Z. Z. (2018). Intergenerational perspectives on adaptation of refugee children and youth, Forthcoming paper in *Population, Space and Place*.
- Datatilsynet. (2011). *Samtykke fra mindreårige*. Henta fra <http://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/skole-barn-unge/samtykkje-fra-mindrearige/>
- De nasjonale forskningsetiske komiteer. (2016). Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi. Henta fra <https://www.etikkom.no/forskingsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>
- Det kongelige Kommunal- og Regionaldepartement. (2004). *Mangfolk gjennom inkludering og deltaking*. (Meld. St. 49 2003-2004). Henta fra

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

- <https://www.regjeringen.no/contentassets/4cd5860b96454b55b3d79eb8a472e768/no/pdfs/stm200320040049000dddpdfs.pdf>
- Djuve, A. B., Kavli, H. C., Sterri, E. B. & Bråten, B. (2017). *Introduksjonsprogram og norskopplæring: hva virker – for hvem?*. (Fafo-rapport 2017:31). Henta fra <http://www.fafo.no/index.php/zoo-publikasjoner/faforapporter/item/introduksjonsprogram-og-norskopplaering>
- Døving, C. A. (2009). *Integrering, teori og empiri*. Oslo: PAX FORLAG A/S.
- Eide, K. (2000). *Barn i bevegelse: Om oppvekst og levekår for enslige mindreårige flyktninger*. Porsgrunn: Høgskolen i Telemark.
- Eide, K. (2012). *Barn på flukt : psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger*. Oslo: Gyldendal.
- Eide, K., & Broch, T. (2010). *Enslige mindreårige flyktninger. Kunnskapsstatus og forskningsmessige utfordringer*. Henta fra [https://medicine.gu.se/digitalAssets/1537/1537454\\_eide-och-broch-2010.pdf](https://medicine.gu.se/digitalAssets/1537/1537454_eide-och-broch-2010.pdf)
- Eide, K. & Lidén, H. (2012). Mottak av enslig mindreårige asylsøkere. I M. Valenta & B. Berg (Red.), *Asylsøker i velferdsstatens venterom* (s. 181-201). Oslo: Universitetsforlaget.
- Engebrigtsen, A. (2002). *Forlatte barn, ankerbarn, betrodde barn... Et transnasjonalt perspektiv på enslige, mindreårige asylsøkere*. (NOVA rapport 7/02). Henta fra <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2002/Forlatte-barn-ankerbarn-betrodde-barn>
- Fandrem, H. (2011). *Mangfold og meistring i barnehage og skole: migrasjon som risikofaktor og ressurs*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Fergus, S. & Zimmerman, M. A. (2005). Adolescent resilience: A framework for understanding healthy development in the face of risk. *Annual Review Public Health*, 26, 399–419.
- Fleming, J. & Ledogar, R. J. (2008). Resilience, an Evolving Concept: A Review of Literature Relevant to Aboriginal Research. *Pimatisiwin*, 6(2), 7-23.
- FN-sambandet. (2018). *Flyktninger*. Henta fra <https://www.fn.no/Tema/Flyktninger>
- Friberg, J. H. & Midtbøen, A. (2017). Innvandrerenes etterkommere: Teoretisk og komparative perspektiver. *Norsk sosiologisk tidsskrift*, 1.
- Førde, S. (2014). *Å klare seg mot alle odds*. Henta fra

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

- <https://psykologisk.no/2014/04/a-klare-seg-mot-alle-odds/>
- Førde, S. (2017). Det tar en landsby å oppdra et barn: Oppvekstmiljøets betydning for enslige mindreårige flyktningers navigering mot opplevelse av psykisk helse og resiliens. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 2(14). 145-155.
- Garvik, M., Paulsen, V., & Berg, B. (2016). *Barnevernets rolle i bosetting og oppfølging av enslige mindreårige flyktninger*. Henta fra <https://samforsk.no/Publikasjoner/2016/EM-rapport%202016%20-%20webversjon.pdf>
- Gilje, N. & Grimen, H. (2007). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger : innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Goodman, J. H. (2004). Coping with trauma and hardship among unaccompanied refugee youths from Sudan. *Qualitative Health Research*, 14(9), 1177-1196.
- Graneheim, U. H. & Lundman, B. (2004). Qualitative content analysis in nursing research: Concepts, procedures and measures to achieve trustworthiness. *Nurse Education Today*, 24(2), 105-112.
- Graves, T. D. (1967). Psychological Acculturation in a Tri-Ethnic Community. *Southwestern Journal of Anthropology*, 23(4), 337-350.
- Green, J. & Tones, K. (2010). *Health promotion: Planning and strategies*. Los Angeles: Sage.
- Gressgård, R. (2002). *Dilemmaet mellom likeverdigheit og særegenhet som ramme for flerkulturell dialog* (Doktorgradsavhandling). Universitetet i Bergen, Bergen.
- Gullestad, M. (2002). *Det norske sett med nye øyne*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforl.
- Harper, D. (2012). *Online Etymology Dictionary*. Henta fra <http://www.etymonline.com/index.php>
- Hessle, M. (2009). *Ensamkommandemen inte Ensamme: Tioårsuppföljning av ensamkommande asylsökande flyktingbarns livsvilkor och erfarenheter som unga vuxna i Sverige* (Doktorgradsavhandling). Stockholmsuniversitet: Stockholm.
- Hodes, M., Jagdev, D., Chandra, N. & Cunniff, A. (2008). Risk and Resilience for Psychological Distress amongst Unaccompanied Asylum Seeking Adolescents. *Journal of Child Psychology and Psychiatry*, 49(7), 723-732.

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

- Holloway, I., & Wheeler, S. (2002). *Qualitative research in nursing*. Malden, MA: Blackwell.
- Hopkins, P. & Hill, M. (2010). The needs and strengths of unaccompanied asylum-seeking children and young people in Scotland. *Child & Family Social Work*, 15(4), 399-408.
- Horsdal, M. (1999). *Livets fortællinger: en bog om livshistorier og identitet*. København: Borgen.
- Howitt, D. (2016). *Introduction to Qualitative Research Methods in Psychology*. London: Pearson.
- Ingierd, H. & Fossheim, H. J. (2015). *Etniske grupper*. Henta frå <https://www.etikkom.no/FBIB/Temaer/Forskning-pa-bestemte-grupper/Etniske-grupper/>
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. (2018). *Bosetting av enslige mindreårige flyktninger*. Henta frå <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/slik-bosettes-flyktninger/enslige-mindrearige-flyktninger/>
- Javo, C. (2010). *Kulturens betydning for oppdragelse og atferdsproblemer. Transkulturell forståelse, veiledning og behandling*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jensen, T. K., Skårdalsmo, E. M. B. & Fjermestad, K. W. (2014). Development of mental health problems-a follow-up study of unaccompanied refugee minors. *Child and adolescent psychiatry and mental health*, 8(1), 1-10.
- Johnson, M. K. & Mollbarn, S. (2009). Growing up Faster, Feeling Older: Hardship in Childhood and Adolescence. *Social Psychology Quarterly*, 71(19), 39-60.
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2012). *Barn på flukt*. (Meld. St. 27 2011-2012). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-27-2011-2012/id684767/sec1>
- Kafle, N. P. (2011). Hermeneutic phenomenological research method simplified. *Interdisciplinary Journal*, 5(1), 181-200.
- Kainth, G. (2009). Push and Pull factors of Migration: A case of Brick-Kiln Industry of Punjab State. *Asia Pacific Journal of Social sciences*, 1(1), 82-116.
- Kalve, T. & Allertsen, L. M. (2008). *Tre av ti enslige mindreårige får hjelp*. Henta frå <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/tre-av-ti-enslige-mindreaarige-faar-hjelp>

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

- Kalverboer, M., Zijlstra, E., van Os, C., Zevulun, D., ten Brummelaar, M. & Beltman, D. (2016). Unaccompanied minors in the Netherlands and the care facility in which they flourish best. *Child & family social work*, 22(2), 587-596.
- Keles, S., Friberg, O., Idsøe, T., Seluck, S. & Oppedal, B. (2018). Resilience and Acculturation among Unaccompanied Refugee Minors. *International Journal of Behavioral Development*, 42(1), 52-63.
- Knipscheer, J. W., de Jong, E. E. M., Kleber, R. J. & Lamptey. (2000). Ghanaian migrants in The Netherlands: General health, acculturative stress and utilization of mental health care. *Journal of Community Psychology*, 28(4), 459-476.
- Kohli, R. K. S. (2006). The Sound Of Silence: Listening to What Unaccompanied Asylum-seeking Children Say and Do Not Say. *The British Journal of Social Work*, 36(5), 707-721.
- Kohli, R. K. S. (2007). *Social Work with Unaccompanied Asylum-seeking Children*. New York, NY: Palgrave McMillan.
- Krumsvik, R. J. (2014). *Forskningsdesign og kvalitativ metode : ei innføring*. Bergen, Fagbokforl.
- Kvale, S. (1996). *Interviews: An introduction to qualitative research interviewing*. Thousand Oaks, CA: Sage.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Interviews. Learning the craft of qualitative research interviewing*. Los Angeles: Sage.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M. & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal.
- Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko: skadelige omsorgssituasjoner*. Oslo: Gyldendal.
- Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjon. (2016). *Svar på høring om forslag til ny lov om omsorgssentre for enslige mindreårige asylsøkere (omsorgssenterloven)*. Henta frå <https://www.lnu.no/wp-content/uploads/2016/11/horingssvar-omsorgssenterloven.pdf>
- Laverack, G. (2004). *Health Promotion Practice: Power and Empowerment*. London: Sage Publications.
- Lee, J. S. (2012). *Unaccompanied refugee minors and their strategies to navigate a new world: A grounded theory* (Doktorgradavhandling). Commonwealth University, Virginia.
- Lidén, H., Eide, K., Hidle, K., Nilsen, A. C. E. & Wærdal, R. (2013). *Levekår i mottak*

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR OG DEIRA STRATEGIARI  
NAVIGERING MOT EI NY TILVÆRE I NOREG

- for enslige mindreårige asylsøkere* (Rapport 2013:03). Henta frå [http://evaluering.nb.no/eval-utlevering/innhold/URN:NBN:no-nb\\_overfordokument\\_4983\\_Eval\\_0/pdf](http://evaluering.nb.no/eval-utlevering/innhold/URN:NBN:no-nb_overfordokument_4983_Eval_0/pdf)
- Lincoln, Y. S. & Guba, E. G. (1985). *Naturalistic inquiry*. Newbury Park, CA: Sage.
- Luster, T., Qin, D., Bates, L., Rana, M. & Lee, J. A. (2010). Successful adaptation among Sudanese unaccompanied minors: Perspectives of youth and foster parents. *Childhood: A Global Journal of Child Research*, 17(2), 197-211.
